



ULSTEIN KOMMUNE

ÅRSRAPPORT 2019



ULSTEIN
- der baug bryt bære

Ulstein – ein god stad for menneske i alle livsfasar

VERDIGRUNNLAG

- ▶ nyskaping
- ▶ omsorg
- ▶ rausheit
- ▶ mangfald



STYRINGSMÅL

- ▶ nøgde brukarar
- ▶ motiverte og kvalifiserte medarbeidarar
- ▶ godt omdøme
- ▶ god ressursstyring



Ulsteinsamfunnet støttar og motiverer innbyggjarar, organisasjonar og næringsliv som viser visjonar, vilje og pågangsmot til beste for eiga utvikling, medmenneske og samfunn.



VÅRE TILSETTE

- ▶ arbeider etter verdigrunnlaget
- ▶ set brukaren i fokus
- ▶ representerer jobben og kommunen og gjer jobben sin på ein profesjonell måte
- ▶ følgjer lojalt opp vedtak og styringssignal



VÅRE LEIARAR

- ▶ er utviklingsorienterte
- ▶ kommuniserer godt
- ▶ har endringsvilje
- ▶ er lojale
- ▶ har evne og vilje til leiing

Baksida: Verner Larsen tok i 2019 over som rådmann etter Einar Vik Arset. Tittelen rådmann vart seinare same året endra til kommunedirektør. Framside- og baksidefoto: Svein Arne Orvik

HMS-prisen 2019	s. 5
OVERBLIKK	s. 7
Innleiing ved kommunedirektør	s. 8
Ordføreren har ordet	s. 10
Nyskaping	s. 12
Digitalisering	s. 14
Berekraft	s. 16
Innbyggjarundersøking	s. 20
ORGANISASJON OG ØKONOMI	s. 23
Våre tilsette	s. 24
Lærlingar	s. 24
Sjukefråvær og arbeidsnærvær	s. 25
Likestilling og diskriminering	s. 25
Heiltidskultur	s. 26
Leiarutvikling	s. 28
Avviksrapportering	s. 28
Etikk	s. 29
Arbeid med kontroll av verksemda	s. 29
Driftsresultat	s. 30
Samanstilling av hovudtal over tid	s. 32
Investeringsrekneskapa	s. 33
Balanse	s. 34
Fond	s. 35
Pensjon	s. 35
Konsernet Ulstein kommune og Ulstein eigedomsselskap KF	s. 36
Nøkkeltal konsern	s. 37
Investering, Ulstein kommune og Ulstein eigedomsselskap KF	s. 38
Balanserekneskap, Ulstein kommune og Ulstein eigedomsselskap KF	s. 39
Økonomiske styringsindikatorar og finansielle måltal	s. 40
Finansforvaltning	s. 41
Likviditet	s. 42
Rente- og refinansieringsrisiko	s. 43
ETATSVISE OVERSIKTER	s. 45
Sentraladministrasjonen	s. 46
Helse- og omsorgsetaten	s. 48
Oppvekst- og kulturetaten	s. 50
Teknisk etat	s. 52
AVDELINGSVISE OVERSIKTER	s. 54
Organisasjonskart Ulstein kommune	s. 55
Økonomiavdelinga	s. 56
Personalavdelinga	s. 56
Servicetorg og dokumentcenter	s. 57
Demokrati og kommunikasjon	s. 57
Helse og omsorg	s. 58–59
Helsestasjonstenesta	s. 60
Legetenesta	s. 60
Nav	s. 61
Barnevern	s. 61
Haddal skule	s. 62
Hasund skule	s. 62
Ulstein skule	s. 63
Ulsteinvik barneskule	s. 63
Ulstein ungdomsskule	s. 64
Sundgotmarka barnehage	s. 64
Pedagogisk-psykologisk teneste	s. 65
Ulstein kulturskule	s. 65
Inkludering og mangfald	s. 66
Kulturavdelinga	s. 66
Plan- og bygningsavdelinga	s. 67
Anleggs- og driftsavdelinga	s. 67
Hareid og Ulstein brannvesen	s. 68
Folkehelseprofilen 2020	s. 69

“

Dei tilsette motiverer kvarandre og skaper ein arbeidskvardag som vert opplevd som trygg og imøtekomande.



Avdelingsleiar Solfrid Ballo og tilsette ved Hovstøyveggen tok imot prisen på personalfesten. Foto: Harald Øvereng



HMS-prisen 2019

til Hovstøylvegen

HMS-prisen skal vere ei påskjøning for systematisk og målretta innsats for å utvikle og forbetre arbeidsmiljøet. Det er arbeidsmiljøutvalet som deler ut prisen på den årlege personalfesten.

Av fem verdige kandidatar, var det avdelinga Hovstøylvegen som gjekk av med HMS-prisen for 2019. Dei andre nominerte var

- ▶ kantina ved Ulstein ungdomsskule ved Sissel Kopperstad
- ▶ Odd Nesse
- ▶ Hasund skule
- ▶ Sundgotmarka barnehage

I nominasjonen av Hovstøylvegen heitte det: «Hovstøylvegen er ei avdeling for menneske med utviklingshemming. Gjennom systematisk arbeid har det vore gjort gode tiltak for å sikre ein god og trygg kvardag både for tilsette og bebuarar. Dei tilsette jobbar tett på kvarandre gjennom langvakter (14 timar) og legg stor vekt på faglege diskusjonar og mulegheit til å snakke saman om vanskelege ting. På denne måten vert det lettare å takle utfordrande situasjonar. Dei støttar kvarandre, og sosialt er alle inkludert og invitert til aktivitetar på fritida, som spelkveldar, felles kveldsmat, festar og utanlandsturar. Til trass for ein krevjande arbeidskvardag, klarer dei tilsette å motivere kvarandre og skape ein arbeidskvardag som vert opplevd som trygg og imøtekomande. Avdelinga har oppnådd gode resultat sidan oppstarten i 2017, og det har kome positive tilbakemeldingar både frå eksterne samarbeidspartar og ulsteinsamfunnet generelt.»

Overblikk

INNLEIING VED KOMMUNEDIREKTØR

ORDFØRAREN HAR ORDET

NYSKAPING

DIGITALISERING

BEREKRAFT

INNBYGGARUNDERSØKING



Ulstein var ein av tre nominerte kommunar til Innovasjonsprisen 2019. Foto: Svein Arne Orvik



Tilbakeblikk og frampeik

Det er 20 år sidan Ulstein kommune produserte den første trykte årsrapporten. Vi la bort store, omfattande årsrapportar som få las, i byte med ein meir profesjonelt utforma årsrapport der bilde og oppsett kommuniserer like mykje som teksten. Erfaringane er at trykksaka vert lesen og tatt vare på.

Blar vi i den første årsmeldinga, var året 2000 spesielt godt. Ei skatteinntekt på 160 % av landsgjennomsnittet, nedbetaling av tidlegare underskot og avsetning til fond. Talet på innbyggjarar har auka frå 6 615 i 2000 til 8 571 i 2019. Det er ein stabil vekst på 29,6 prosent, sjølv om 2019 isolert sett hadde ein liten nedgang i folketalet. Talet på årsverk har gått opp frå 383 til 518, ein auke på 35,2 %. Så er ikkje dette heile bildet. Les du årsrapporten for

2000, finn du ingenting om Ulstein eigedomsselskap KF med sine 34 tilsette, då dette selskapet vart oppretta seinare. Interkommunalt samarbeid har liten plass i årsrapporten for år 2000. Av interkommunale selskap hadde vi vel berre reinhaldsverket, eit samarbeid om landbrukskontoret, om veterinær og om kommune-revisjonen. Den store bukettten av interkommunale samarbeid vi har i dag, har i stor grad vakse fram dei siste 20 åra.



KOMMUNE 1.0

Kommunen bestemmer
«ovanfrå-og-ned».



KOMMUNE 2.0

Brukaren bestemmer.
«Kommunen ber deg gjennom livet.»



KOMMUNE 3.0

Vi bestemmer saman.
«Kva skal vi få til i fellesskap i dag?»

FORVENTNING OG UTFORDRING

Ordføreren ser i si helsing litt tilbake på året 2019. Det vart utfordrande, men vi gjekk ut av året med ei forventning om at vi var på veg opp og såg mot litt lysare tider. Eg trur det er viktig å halde på det bildet, sjølv om vi ikkje var komne så langt inn i 2020 før covid-19 traff oss med ei stor utfordring.

I årsrapporten for 2018 sette vi fokus på samskaping, teknologisk utvikling og berekraft. Dette er utfordrande oppgåver. Det er relativt lett å få til samarbeid med dei eg kjenner, dei som tenker nokonlunde likt meg sjølv. Det er ei mykje større utfordring når prosessen fører deg ut i ukjent terreng.

ARBEIDE SAMAN

Samskaping, eller «kommune 3.0» som det òg vert kalla, er eit fundamentalt endra fokus på kommunen og korleis kommunen må samhandle i lokalsamfunnet. Det er ei erkjenning av at kommunen ikkje åleine kan løyse alle dei utfordringane vi står overfor dersom vi skal skape eit lokalsamfunn med god livskvalitet og ta hand om utfordringane knytt til auka levealder i befolkninga. Skal vi løyse det, må heile lokalsamfunnet sine ressursar arbeide saman på nye måtar. Etableringa av Ulstein næringsforum som ei brei plattform for næringslivet i Ulstein, og arbeidet med Skaparhuset som ein møteplass mellom skule, næringsliv, akademia og kommune, er viktig for å skape nye arenaer der ein kan utvikle slik samskaping. Gevinsten av samskaping vert ikkje berre målt i kor mange folkemøte vi har hatt og kor mange som var med. Den store gevinsten ligg i at vi finn nye måtar å samarbeide på, finn fleire å samarbeide med, og løyser lokalsamfunnet sine utfordringar på nye og berekraftige måtar.

TESTE IDEAR

Det er òg viktig at vi er opne for innspel og idear, at vi er på arenaer der slike tankar og idear vert skapte og at vi tek dei med tilbake til kommuneorganisasjonen og testar dei ut. Nyskappingsprisen for 2019 vart delt ut på personalfesten i 2020. Der var svært mange gode kandidatar og skarp konkurranse – prisen er på 10 000 kr og ein vandrepokal. Vågar du å konkurrere om prisen for 2020? Eg utfordrar deg.

Berekraft er eit heilt nødvendig fokus, men har i seg eit sprengstoff som vil endre kvardagen vår. Fokus ligg på alle dei tre områda økonomisk, sosial og miljømessig berekraft. Vegen fram mot desse måla vil bli utfordrande. Der er ikkje så mykje meir enn tid og veg skal vi nå måla fram mot 2030. Møre og Romsdal fylke har gått høgt ut på bana med Bærekraftsfylket 2025. Kommunane i fylket har svart på denne utfordringa med å melde seg på samla.

RUSTE OSS FOR FRAMTIDA

På økonomisida viser tala også i år at kommunen kom i mål med nokre millionar på plussida. Det er positivt. Det er likevel utfordringar med stramme økonomiske rammor, høg lånegjeld, auka behov på driftssida og samtidig behov for investeringar i ny teknologi og infrastruktur. På same tid må vi planlegge og ruste oss for framtida. Denne balansegangen kjem til å bli vår største utfordring framover. Samtidig snakkar mange industrileiarar varmt om å ha «krevjande kundar». Det er dei utfordringane som gir utvikling og vekst – og utfordringar har vi som sagt nok av – så då ligg det til rette for positiv utvikling.

Takk for innsatsen din, og takk for entusiasmen. Innsats og entusiasme er to viktige ingrediensar i det å skape framtidstru og utvikling. Til slutt vil eg ynskje eit nytt politisk lag velkomen. Vi håper på fire år med godt og utviklande samarbeid.

VERNER LARSEN
kommunedirektør



Ulstein kommunestyre 2019–2023. Foto: Svein Arne Orvik



Vi skal klare det saman

Først av alt vil eg uttrykke takksemd for at eg fekk fornya tillit til å fortsetje som ordførar dei komande fire åra. Etter valet vart 15 av dei 25 i kommunestyret skifta ut, sjølv om fordelinga mellom partia stort sett var uendra. Ei blanding av røynde og nye folkevalde som ser på kommunen med nye briller, borgar for mykje god politikktutvikling dei neste fire åra. Det er også tilfredsstillande å registrere at innbyggerane i kommunen stort sett har god tillit til dei folkevalde og administrasjonen, og at innbyggerane i større og større grad inviterer seg inn i beslutningsprosessane.


I førre årsrapport antyda eg at dei verste konsekvensane som følgje av oljekrisa såg ut til å ligge bak oss. Det meiner eg framleis, sjølv om verda i skrivande stund står opp i ei enda større krise, som utan tvil vil føre til store utfordringar globalt og lokalt. Eg snakkar då om koronabrotet som no er under utvikling, og som vi i dag ikkje anar omfanget av.

FOLKETALSNEGDANG

Arbeidsløysa har falle jamt og trutt og var ved utgangen av 2019 under landssnittet, noko vi ikkje har sett sidan mai 2015. Bustad-

bygginga var ein del lågare i 2019 enn året før, men dette hadde nok samanheng med stor aktivitet i 2018. Skatteinntektene vart høgare enn forventa og kommunestyret vedtok å sette ned satsen for eigedomsskatt i 2020. Det som likevel var mest spesielt for 2019, var at folketalsveksten stoppa opp. Vi fekk for første gang sidan 1987 oppleve folketalsnedgang. 38 færre ulsteiningar vart resultatet. Vi har likevel god tru på at 2019 var eit unntaksår og at trenden vil snu i 2020.

Heilt ledige i % av arbeidsstyrken



HEILTIDSKULTUR

Vi har også i 2019 jobba mykje med tenesteutvikling. Mellom anna har vi jobba aktivt med heiltidskultur, og saman med Ørsta kommune vore spyspissar i dette arbeidet. Heile eller store stillingar handlar om å styrke likestillinga, forbetre arbeidsmiljøet og yte tenester av god kvalitet til innbygarane våre. Heiltidskultur er også heilt naudsynt dersom kommunane skal klare å rekruttere nok arbeidskraft i åra framover. Heiltidskultur var tema på haustens stormøte der administrasjonen, folkevalde og tillitsvalde tok del. Eg er stolt og glad over at vi i fellesskap ser nytten av denne omstillinga og at vi jobbar målretta saman. At vi også har nådd målet om lik lønn mellom kjønna, er svært tilfredstillande, sjølv om det burde vere sjølvsgagt.

SMARTE LØYSINGAR

Det økonomiske resultatet for 2019 er dessverre langt frå målet som kommunestyret har sett. Med svært tronge driftsrammer, har det vist seg vanskeleg å halde budsjetta, noko som gjer det utfordrande å nå dei innsparingsmåla som vi har sett oss. Dette er likevel heilt avgjerande dersom Ulstein kommune i åra framover skal skaffe seg handlingsrom til å handtere framtidige utfordringar, som til dømes ei aldrende befolkning. Vi må difor halde fram med effektiviseringsprosessane og leite etter dei smarte løysingane. Med så mange flinke folk i organisasjonen vår, er eg sikker på at vi skal klare det.

KNUT ERIK ENGH
ordfører



Ulstein var ein av fire nominerte kommunar i kåringa av årets ungdomskommune i Noreg i 2019. Frå venstre: Rebecca Hareide Vartdal (barne- og ungdomslærning), Henrikke Antonsen (medlem i ungdomsrådet), Annika Brandal (kulturkonsulent) og Marie Flatin (ungdomsarbeidar). Foto: Svein Arne Orvik

Eit godt nytt år

Nyskaping er ein av kjerneverdiane våre. I 2019 tok vi nye steg for å løfte nyskappingsarbeidet i kommunen.



Foto: Svein Arne Orvik

NYSKAPINGSSTRATEGIEN FIRE STEG PÅ EIN NY VEG

Kommunestyret vedtok i mars 2019 det første strategidokumentet for nyskaping i Ulstein kommune. Strategien har eit positivt utgangspunkt: Korleis kan vi sikre at Ulstein er eit godt og attraktivt lokalsamfunn også i framtida? Korleis oppdagar innbyggjarane, næringslivet, dei frivillige organisasjonane og den kommunale organisasjonen nye moglegheiter og prøver ut nye løysingar saman?

Fire steg på ein ny veg slår fast at store og raske endringar i teknologi og demografi set kommunane på prøve. Det er «avgjerande at dei menneskelege ressursane er mobiliserte – med eit ope samspel internt og eksternt. Berre slik finn vi nye svar på dei samansette utfordringane kommunen skal vere med på å løyse. Men nyskaping kjem ikkje av seg sjølv. Vi treng både ein kultur og ein struktur som legg til rette for at nyskaping kan skje», heiter det i dokumentet.

Strategien tek utgangspunkt i den sterke innovasjonskulturen som alt finst i Ulstein-samfunnet. Strategien peikar på fire steg vi vil ta for å bygge vidare på dette grunnlaget:

- ▶ **Kjenne behova:** For at vi kan snakke om nyskaping med verdi, er det ikkje nok at noko er nytt. Det nye må vere nyttig – det må svare på eit aktuelt behov.
- ▶ **Legge til rette for samskaping:** Innbyggjarane, organisasjonane og verksemdene i lokalsamfunnet må involverast i å skape eit Ulstein for framtida.
- ▶ **Bygge kultur og kapasitet:** Systematisk arbeid med nyskaping krev prioritering. Det dreier seg dels om å fremje ein kultur for nyskaping, dels om å sikre naudsyste ressursar og tid til nyskaping i organisasjonen.
- ▶ **Nyskappingsløftet:** For å løfte nyskappingsarbeidet i kommunen, vil vi både peike ut kva område som skal prioriterast, korleis vi skal organisere arbeidet og kva ressursar som skal nyttast.

Vidareutdanninga av lærarane våre i emnet teknologi i klasserommet, er ei nyskaping i seg sjølv. Vi tek store steg i det stille innanfor helse- og omsorgssektoren. Vi jobbar offensivt med å knyte til oss partnarar for nye utviklings- og nyskappingsprosjekt. Såleis har vi eit godt grunnlag for å drive nyskaping.

(Frå nyskappingsstrategien Fire steg på ein ny veg)

DEN NASJONALE INNOVASJONSPRISEN

Ulstein var våren 2019 ein av tre nominerte kommunar til Kommunal- og moderniseringsdepartementets innovasjonspris. Juryen heidra Ulstein for å satse på nyskaping:

«Andre kommunar bør sjå til Ulstein og korleis dei samarbeider med næringslivet for å møte morgondagens rekrutteringsutfordringar. Ved å involvere både næringsliv og innbyggjarar viser Ulstein korleis ein skal arbeide samanhengande og på tvers av kommunesektoren. Juryen rosar derfor Ulstein kommune for

deira satsing på framtidig innovasjonskraft, heilskapleg tankegang og arbeid for å spreie dei gode ideane», meinte juryen.

Kommunane Trondheim og Fjell var også nominerte, og Trondheim vann. Juryen vurderte 20 kommunar før dei tre nominerte vart plukka ut.

Ulstein, Trondheim og Fjell «har vist heilskapleg innovasjonsarbeid som er framtidretta, systematisk og treffer ulike behov», uttalte Direktoratet for forvaltning og IKT i samband med nominasjonen.

I søknaden om å bli nominert, la Ulstein vekt på teknologisatsinga i skulen. Ulstein er den første kommunen i landet der alle elevane lærer å programmere. Kommunen og Høgskulen i Volda har saman skapt Ulsteinmodellen, der alle lærarane i kommunen får vidareutdanning i bruk av digitale verktøy og ressursar i undervisninga. Møre og Romsdal fylkeskommune har gitt viktig støtte til teknologisatsinga. Organisasjonen Lær Kidsa Koding har elles vore ein viktig medspelar.

NY PRIS: ÅRETS NYSKAPAR

Eit tiltak i nyskappingsstrategien vårt er å dele ut ein årleg nyskappingspris i kommunen. Prisen skal kvart år gå til ein person, ei gruppe, eit prosjekt eller ei avdeling i kommunen som har skapt noko nytt som er nyttig og (prøvd) nyttiggjort.

Den første prisen vart delt ut for 2019, og vinnaren vart avdelinga Inkludering og mangfald i Ulstein (IMU) ved leiar Lars Erling Bjåstad Hovlid.

13 kandidatar vart nominerte til prisen frå ulike delar av organisasjonen. Av desse valde juryen (leiargruppa og tillitsvalde) ut tre finalistar:

- ▶ **Avlastning for barn/unge i Halsekerdalen 22.** Juryen skreiv: «Dei har hatt brukaren i sentrum og utarbeidd tenester tilpassa brukarane, sjølv om det har betydd store endringar for dei tilsette. Dei har ikkje vore redde for å prøve nye metodar anten det er i rutinar eller teknologi.»
- ▶ **Ulsteinvik barneskule ved Ole-Jacob Arnesen, Ole Terje Sukka og Øyvind G. Hagen.** Skulen har innført opplæringskafe i digitale læringsverktøy for foreldre. Juryen skriv: «Ulsteinvik barneskule har heilt sjølv laga eit opplegg for å hjelpe til å nå målet om trygge digitale elevar.»
- ▶ **Inkludering og mangfald i Ulstein (IMU) ved Lars Erling Bjåstad Hovlid.** Prisen vart gitt for to nyskapande samarbeidsprosjekt ved IMU der flyktingar kvalifiserer seg for arbeidslivet. Dei som nominerte vinnaren skildrar avdelingsleiaren som «eit oppkome av gode idear og tankar om korleis vi kan utvikle tenestetilbodet vårt til det betre».

Formannskapet, som er innovasjonsutval i kommunen, kåra vinnaren blant dei tre finalistane. Prisen er på 10 000 kroner og ein vandrepokal.

Enklare med digitale løysingar

Ved bruk av teknologi har vi i 2019 fornya, forenkla og forbetra fleire prosessar og tenester for innbyggerane, brukarane og dei tilsette i kommunen.

Foto: Valdirektoratet

Digitalisering er eit viktig verkemiddel for å få til ein enklare kvardag for alle som bur og arbeider i Ulstein. Her er dei største digitaliseringsprosjekta som har vore gjennomførte i 2019 i Ulstein kommune. Mange av prosjekta skal ein arbeide vidare med for ytterlegare forbetring og forenkling.

FOR INNBYGGARANE GENERELT

- ▶ **Digital skjemaøysing:** Det skal vere enkelt og trygt for innbyggerane å søke om ulike tenester i kommunen ved hjelp av digitale skjema. Vår nye skjemaøysing Acos Interact gir kommunen høve til å enkelt tilpasse, designe og utvikle våre eigne skjema, og raskt gjere dei tilgjengelege på nettstaden vår. Sikker innlogging via ID-porten kom på plass i samsvar med ny personvernlov. Målet er å alltid levere brukarvennlige skjema for innbyggerane.
- ▶ **Digitalt valkort:** Ulstein kommune var pilotkommune under valet i 2019. I staden for å sende ut valkort i posten, fekk kvar innbygger dette elektronisk. Resultatet var mindre bruk av papir, generell kostnadsreduksjon, og at det blei enklare for veljarane å bruke valkortet.
- ▶ **Innbyggerundersøking:** Årets innbyggerundersøking blei gjennomført ved bruk av digitalt svarskjema. Resultatet var lågare kostnader til administrasjon og porto.

- ▶ **Sikker kommunikasjonskanal:** Edialog er ein sikker kanal der innbyggerane trygt kan sende kommunen brev og dokument elektronisk – også om dei inneheld sensitiv informasjon.
- ▶ **Digitale kart:** Vi arbeider stadig for å vidareutvikle karttenestene våre. I år har vi teke i bruk 3D-kart og sms-varsling for medverknad i planprosessar. Nye og nyttige temakart er tilgjengelege på kommunekart.com, og kartdata vert automatisk synkroniserte mot sentrale kartbasar slik at «ferske data» alltid er tilgjengelege.

FOR DEI SOM ER POLITIKARAR

- ▶ **Møteportalen:** I staden for å skrive ut store papirbunkar til kvart politiske møte, kan politikarane no logge seg på Møteportalen og ha tilgang til oppdatert dokumentasjon til politiske møte. Dette sparar miljøet for papir og gir auka informasjonstryggleik.

FOR DEI SOM ER TILSETTE I KOMMUNEN

- ▶ **Nytt sak- og arkivsystem:** Den største endringa internt har vore innføring av nytt sak- og arkivsystem – Acos WebSak. Innføringa av systemet vart gjort i samarbeid med alle kommunane i Sjustjerna. Saman har vi fått på

plass felles systemoppsett, rutinar og prosessar, noko som vil vere ein stor fordel for oss for framtida.

- ▶ **Digital rekrutteringsløysing:** Med innføringa av Webcruiter fekk vi på plass ei fulldigital rekrutteringsløysing for dei som søker jobb i kommunen. Dette gjer behandlinga av jobbsøkarar meir effektiv.

Digital postekspedering: SvarUt og SvarInn er ei digital løysing frå KS vi har hatt i kommunen lenge. Nytt av året er at digital postekspedering er blitt enklare og hjelper oss å sende post mest mogleg digitalt. Har ein ikkje digital postkasse blir digital post automatisk gjort om til papirpost.

FOR DEI SOM ER BRUKARAR AV HELSE- OG OMSORGS- TENESTER ELLER TILSETTE I HELSE OG OMSORG

- ▶ **Tryggleiksalarm:** Alle tryggleiksalarmar til heimebuande vart i 2019 skifta til digitale alarmer. Det betyr at ingen treng verken mobiltelefon eller analog telefon for å få tryggleiksalarm. Safemate GPS er ein mobil tryggleiksalarm som også blir brukt som valdsalarm for tilsette. Brukarar i institusjon, omsorgsbustad og privat heim har teke dette i bruk. Brukaren kan tilkalle hjelp i akutte situasjonar og kan lokalisert dersom det er behov. Alle tryggleiksalarmar er no digitale.
- ▶ **Elektronisk medisineringsstøtte:** Ulstein kommune har i 2019 teke i bruk Evondos elektronisk medisineringsstøtte. Brukarane får beskjed når dei skal ta medisin, og tenesta får beskjed dersom medisinen ikkje vert teken.
- ▶ **Digitalt tilsyn:** Ulstein kommune har i 2019 teke i bruk to ulike løysingar for digitalt tilsyn, Roomate og Somnofy. RoomMate brukast i dag på institusjon. Tidlegare har løysinga vore i bruk i omsorgsbustader og i bustad for menneske med utviklingshemming. RoomMate er eit anonymisert digitalt tilsyn som kan gje varsel om kritiske situasjonar. Det kan vere at brukaren er ute av senga, har falle eller er for lenge på badet. I tillegg kan ein gjennomføre digitale tilsyn utan å risikere og vekke brukarane. Somnofy er eit utviklingsprosjekt kommunen har saman med ALV (Arena for læring om velferdsteknologi) og Vital Things. Somnofy kan oppdage om brukaren er vaken, søv i senga eller ikkje er i senga, i tillegg til at ein kan observere pusten. På denne måten kan brukaren få tilsyn og stell når han er vaken, og tilsette kan få varsel dersom brukaren til dømes har forlate senga om natta. Somnofy vert i dag brukt på Alvehaugen.

FOR DEI MED BARN I GRUNNSKULEN ELLER SOM ARBEIDER I GRUNNSKULEN

- ▶ **Administrasjonsprogram for oppvekst:** I oppvekst har vi arbeidd mykje med å innføre nytt administrasjonsprogram

for skule og barnehage, Tieto Education Administration.

- ▶ **Dialog mellom heim og skule:** For føresette innførte vi i 2019 Tieto Education-appen. Alle føresette nyttar denne for å kommunisere med og melde fråvær til skulen. Appen sikrar at personleg informasjon er trygg og nyttar to-faktor-autentisering.
- ▶ **Skanning ved skulane:** Skanning ute ved alle skulane kom på plass hausten 2019. Dette har gjort dokumentfangsten mykje betre. Resultatet er at skulane får betre styring ved at innhaldet i elevmappene blir oppdatert fortløpande.
- ▶ **Sikker arbeidsflyt:** Skulane har teke i bruk eit program som heiter sikker arbeidsflyt. Her skal alle dokument som omhandlar eleven skrivast, som til dømes individuell opplæringsplan, melding til barnevernet osv. Det er berre aktuelle lærarar og rektor som har tilgang til programmet.

FOR DEI SOM BRUKAR HELSESTASJONEN ELLER ER TILSETTE VED HELSESTASJONEN

På helsestasjonen har vi hatt felles digitaliseringsprosjekt saman med alle kommunane i Sjustjerna.

- ▶ **Nettportal for helsestasjonane:** Helsestasjonsportalen Søre Sunnmøre (www.ssikt.no/helsestasjon) vart lansert til påske 2019. Løysinga samlar all informasjon om tilboda i svangerskapsomsorga, helsestasjon, skulehelse-tenesta og helsestasjon for ungdom på ein stad. Dette er sannsynlegvis den mest omfattande og oversiktlege samlinga av informasjon om desse tenestene i Noreg.
- ▶ **Samarbeid med Helseoversikt AS:** Kommunane har frå oktober inngått samarbeid med Helseoversikt, slik at lokal informasjon frå svangerskapsomsorga og helsestasjon er tilgjengeleg i deira gratis app. Han inneheld også kvalitetssikra helseråd og verk- tøy til gravide og småbarnsforeldre. Appen er eit supplement til vår eigen helsestasjonsportal.
- ▶ **Digitale brosjyrar:** Helsestasjonsportalen inneheld digitale brosjyrar, og medfører at ein i stor grad går vekk frå å dele ut papirbrosjyrar til gravide og småbarnsforeldre. I staden vert brosjyrane delte ut digitalt, via sms eller e-post.
- ▶ **Auka bruk av sosiale media i helsestasjon- og skulehelsetenesta:** Ulstein har ei aktiv Facebook-side for helsestasjonen. I 2019 har sida fått ein «refresh», opplæring til dei tilsette som jobbar med den er gitt og publiseringfrekvensen er no høgare enn kva den var.
- ▶ **Ny elektronisk pasientjournal for helsestasjonane:** Vi har gjennomført ein anbodskonkurranse om ny, felles elektronisk pasientjournal (EPJ) for helsestasjons-tenestene i Sjustjerna. Leverandøren som vart vald var Visma HsPro. Sjølv løysinga vert innført i 2020.



På sporet av berekrafta

FNs berekraftsmål er verdas felles arbeidsplan for å utrydde fattigdom, bekjempe ulikskap og stoppe klimaendringane innan 2030. Dei sytten verdsmlåa vart vedtekne av generalforsamlinga i FN i 2015 og gjeld for alle land. Regjeringa har forplikta Noreg til å arbeide for å nå måla.


I Ulstein vart dei for første gang innarbeidde i budsjett- og økonomiplanen 2019–2022.

Ulstein kommune har prioritert fire mål som vi har størst høve til å påverke:

- ▶ mål 4: god utdanning
- ▶ mål 3: god helse
- ▶ mål 11: berekraftige byar og samfunn
- ▶ mål 9: innovasjon og infrastruktur

FNs berekraftsmål og delmål skal finnast igjen i kommunens overordna planverk, som til dømes kommuneplanen, arealplanen, levekårsplanen, kvalitetsplanen for grunnskulen, barnehageplanen og skulebehovsplanen med fleire.

Kommunal- og moderniseringsdepartementet, Klima- og miljødepartementet, KS og Statistisk sentralbyrå jobbar saman for å lage ein felles metodikk for å måle berekrafta til den enkelte kommunen. Ulstein kjem til å nytte denne metoden når den er klar. Mellombels har vi laga ei oversikt over kva vi gjorde i 2019 og noko tilgjengeleg statistikk. Mykje av arbeidet med berekraft skjer gjennom den daglege drifta og i dei små forbetringane dag for dag – og er ikkje like synleg som tiltaka nemnde her. Men det jamne arbeidet er like viktig for å nå berekraftsmåla.



VÅR DEFINISJON AV FNS BEREKRAFTSMÅL



GOD UTDANNING

Sikre inkluderende, rettferdig og god utdanning og fremje høve for livslang læring for alle

For oss handlar det om å

- ▶ ha grunnleggande kompetanse: å lese, å skrive, å rekne, å kunne uttrykke seg munnleg og utvikle digital kompetanse
- ▶ kunne lære, sjølvregulert læring
- ▶ kunne kommunisere, samhandle og delta
- ▶ kunne utforske og skape
- ▶ utvikle helsefremjande skular og barnehagar

Korleis har vi arbeidd med dette i 2019?

- ▶ gjennomføring og vidareutvikling av Teknologiskulen, til dømes Innovasjonscamp, programmering på alle trinn i grunnskulen
- ▶ valt lesing og leseopplæring som fokusområde for grunnskulen
- ▶ valt kommunikasjon og språk som fokusområde for barnehagane

- ▶ tilrettelagde løp for kvalifisering til fagbrev i samarbeid med fylkeskommunen, andre kommunar på Søre-Sunnmøre og MAFOSS
- ▶ MOT-satsing for godt læringsmiljø i ungdomsskulen

Litt statistikk

- ▶ Delen elevar som opplever mobbing er gått ned frå 6,7 % til 5,7 % (elevundersøking).
- ▶ Delen som ikkje har fullført vidaregåande skule etter fem år er 17 % (kommunehelse-statistikkbank).
- ▶ Gjennomsnittleg grunnskulepoeng i 10. trinn er gått opp til 40,7 frå 40,1 skuleåret før (SSB).
- ▶ Ungdata seier at 75 % trivst svært godt på skulen. Det er 11 prosentpoeng høgare enn snittet i fylket på 64 %. Landssnittet er på 62 % (Ungdata).



GOD HELSE

Å sikre god helse og fremje livskvalitet for alle, uansett alder

For oss handlar det om å

- ▶ fysisk aktivitet og møtestader
- ▶ høg sysselsetting
- ▶ førebyggjande tiltak for eldre
- ▶ utjamning av sosiale skilnader
- ▶ universell utforming

Korleis har vi arbeidd med dette i 2019?

- ▶ fleire turveggar
- ▶ aktiv deltaking som medlem i Sunnmøre friluftsråd med Stikk-UT-turar
- ▶ kartlegging og statleg sikring av viktige friluftsområde
- ▶ ferdigstilt gang- og sykkelveg frå Halseneset til Skeide
- ▶ Ung Arena
- ▶ auka bruk av velferdsteknologi
- ▶ tilsett kommunepsykolog og demenskoordinator
- ▶ fokus på tidleg innsats – trygg start
- ▶ samordningsmodell for lokale tiltak mot rus og kriminalitet

Litt statistikk

- ▶ Vi har god score på folkehelseindikatoren.
- ▶ Delen barn i låginntektsfamiliar er aukande og er no på 11,1 %. Snittet i fylket er 10,8 og i landet 12,8 (SSB 2018).
- ▶ Arbeidsplassdekkinga er på 108 %, ho har gått ned frå 124 % i 2012 (fylkesstatistikk).



BEREKRAFTIGE BYAR

Gjere byar og busettingar inkluderande, trygge, motstandsdyktige og berekraftige

For oss handlar det om å

- ▶ redusere energibruken og nytte fornybare energikjelder
- ▶ nytte ny teknologi og prøve ut smartbykonsept
- ▶ fortette og urbanisere, også for å førebygge unødig bilbruk
- ▶ jobbe for eit samanhengande og brukartilpassa kollektivtilbod
- ▶ planlegge for vidare folketalsvekst gjennom offensiv arealpolitikk

Korleis har vi arbeidd med dette i 2019?

- ▶ utvikling av kommunale, sentrumsnære tomter på Skeide
- ▶ ny arealplan
- ▶ nye gang- og sykkelveggar
- ▶ revidert tiltaksplan til klimaplan og vedteke handlingsplan mot plast og marin forureining
- ▶ fått tildelt midlar til wifi4EU
- ▶ gjennomført førprosjekt om autonom buss i Ulsteinvik

Litt statistikk

- ▶ Klimautslepp har gått ned 15,9 % frå 2016 til 2017 (Miljødirektoratet).

Bygge solid infrastruktur, fremje inkluderande og berekraftig industrialisering og bidra til innovasjon

For oss handlar det om å

- ▶ fremje samarbeid mellom offentleg sektor, privat næringsliv og frivillig sektor
- ▶ løfte velferdsteknologi til å omfatte krevjande omsorgsoppgåver og
- ▶ vidareutvikle Teknologiskulen til at elevar i Ulstein får landsleiande kompetanse og vert skaparar av ny teknologi
- ▶ ha aktiv dialog med næringslivet, og vere ein konstruktiv og kompetent samarbeidspartnar i høve næringsutvikling
- ▶ vidareutvikle samarbeidet mellom arbeidsliv, skule og høgskule/akademia
- ▶ legge til rette for gründerverksemder og innovasjon innanfor havromet og bioøkonomi, kreative næringar og digitalisering og helse- og velferdsteknologi

Korleis har vi arbeidd med dette i 2019?

- ▶ planlegging av Skaparhuset
- ▶ pådrivar for Ulstein næringsforum
- ▶ utstrakt bruk av velferdsteknologi
- ▶ kåring av «Årets nyskapar 2019» blant tilsette i Ulstein kommune
- ▶ deltatt i iKuben
- ▶ mange digitaliseringsprosjekt – sjå eige kapittel
- ▶ vidareutvikling av Teknologiskulen
- ▶ samskaping om opplæring og utdanning for innvandrarakar med bl.a. fylkeskommunen, UEKF, Nav, Mafoss, næringslivet, IMDi og Sjustjerna

Litt statistikk

- ▶ 91 nyetableringar i 2018 gir ein etableringsgrad på 14, snittet i fylket er 13 og på landsbasis 15.
- ▶ I NHO sitt næringsbarometer fekk Ulstein ein 2. plass i fylket og ein 23. plass nasjonalt (NHO).
- ▶ Vi var ein av tre finalister i KMD si innovasjonskåring av kommunar (KMD).



Elevar i klimastreik på Ulstein rådhus i mars 2019. Foto: Svein Arne Orvik



Kva meiner dei som bur her?

Ulstein kommune har gjennomført ei innbyggjarundersøking kvart anna år sidan 2013. I 2019 var det 576 innbygarar over 18 år som svarte.

Undersøkinga viser at Ulstein opplevast som ein trygg og god stad å bu. Vi ligg både over snittet på landsbasis og for Søre Sunnmøre. Dei som er brukarar av kommunen sine tenester er meir nøgde enn dei andre. Dette samsvarar med andre undersøkingar kring same tema.

Undersøkinga viste at dei enkeltspørsmåla som fekk høgast score er luftkvalitet, tryggleik, drikkevasskvalitet, tilrettelegging for friluftsliv, å bu i kommunen, støynivå og høvet til å delta i idrett. Nedst på skalaen kom kollektivtilbodet innanfor og inn/ut av kommunen.

Når vi spurte om kva kommunen hadde lukkast med dei siste to åra var det sentrumsutvikling, turvegar og Ulstein arena som blei nemnde hyppigast. Men mange likte ikkje den høge gjelda det hadde medført og at eigedomsskatt var blitt innført.

	2013	2015	2017	2019
<i>Tal på respondentar</i>	742	648	156	576
Tenestene frå kommunen din – brukar	4,6	4,9	4,7	4,9
Tenester fra kommunen din – inntrykk	4,2	4,6	4,4	4,5
Næring og arbeid	4,7	4,8	4,4	4,3
Transport og tilgjengelegheit i kommunen	2,9	3,6	3,5	3,4
Miljø i kommunen	4,8	5,0	4,9	5,0
Klima og energi	3,8	4,3	3,7	3,8
Natur og landskap og friluftsliv	4,3	4,9	4,9	4,9
Levekår	4,3	4,7	4,5	4,5
Bumiljø og senterfunksjonar i kommunen der du bur	4,1	4,5	4,4	4,4
Servicetilbodet	4,5	4,7	4,6	4,7
Boligtilbodet	3,9	4,4	4,3	4,4
Kultur og idrett	4,7	4,9	4,8	4,7
Utbygging og utvikling	4,1	4,5	4,3	4,2
Tryggleik	4,9	5,1	5,2	5,2
Kommunen som bustad	5,0	5,1	5,0	5,0
Møte med kommunen din	3,6	4,1	3,9	3,9
Tillit	3,9	4,2	4,1	4,1
Heilskapsvurdering	4,7	4,7	4,7	4,6
Snitt totalt	4,2	4,5	4,4	4,4

Respondentane kunne svare på ein skala frå 1 (minst/dårlegast) til 6 (maks/best).

Organisasjon og økonomi

ORGANISASJON

VÅRE TILSETTE

LÆRLINGAR

SJUKEFRÅVÆR OG ARBEIDSNÆRVÆR

LIKESTILLING OG DISKRIMINERING

HEILTIDSKULTUR

LEIARUTVIKLING

AVVIKSRAPPORTERING

ETIKK

ARBEID MED KONTROLL
AV VERKSEMDA

ØKONOMI

DRIFTSRESULTAT

SAMANSTILLING AV HOVUDTAL OVER TID

INVESTERINGSREKNESKAPEN

BALANSE

FOND

PENSJON

KONSERNET ULSTEIN KOMMUNE
OG ULSTEIN EIGEDOMSSELSKAP KF

NØKKELTAL KONSERN

INVESTERING, ULSTEIN KOMMUNE
OG ULSTEIN EIGEDOMSSELSKAP KF

BALANSEREKNESKAP, ULSTEIN KOMMUNE
OG ULSTEIN EIGEDOMSSELSKAP KF

ØKONOMISKE STYRINGSINDIKATORAR
OG FINANSIELLE MÅLTAL

FINANSFORVALTNING

LIKVIDITET

RENTE- OG REFINANSIERINGSRISIKO

Våre tilsette

I alt 608 personar var tilsette i Ulstein kommune ved utgangen av 2019. Desse er fordelte på 77 % kvinner og 23 % menn.

Til høgre syner vi fordelinga av kvinner og menn inndelt etter sektor. Under står tilsette fordelt på alder.

TILSETTE FORDELT PÅ ALDER	
Under 20 år	4
20–29 år	119
30–39 år	157
40–49 år	163
50–59 år	154
60–69 år	25

SEKTOR	TAL		PROSENTDEL	
	KVINNER	MENN	KVINNER	MENN
I ALT	470	138	77	23
Sentraladministrasjonen	20	4	83	17
Oppvekst	173	34	84	16
Skuleadministrasjon	3	2	60	40
PP-teneste	16	0	100	0
Grunnskule	131	27	83	17
Barnehagar	17	1	94	6
Oppvekst elles	6	4	60	40
Helse og omsorg	231	31	88	12
Administrasjon	11	4	73	27
Alm. helsevern	9	2	82	18
Alders- og sjukeheim	60	6	91	9
PU	23	8	74	26
Heimehjelp/sjukepleie	124	10	93	7
Sosialhjelp	3	1	75	25
Andre verksemder	1	0	100	0
Kultur	14	9	61	39
Teknisk sektor	30	57	34	66
Anna	2	3	40	60

Lærlingar

I starten av 2019 var det 16 lærlingar som hadde kontrakt med Ulstein kommune via Opplæringskontoret Søre Sunnmøre. Ved utgangen av året var talet på lærlingar 13. Lærlingane i Ulstein kommune har vore fordelte på barne og ungdomsarbeidarfaget, helsearbeidarfaget, institusjonskokk og logistikkfaget. Alle lærlingane som gjekk opp til fagprøve fekk bestått. Ingen kontraktar vart heva i løpet av året. Både opplæringskontoret og fagleiarane i kommunen har jobba godt med tilrettelegging og oppfølging for å sikre at lærlingane kjem i mål med fagprøva. Samarbeidet med opplæringskontoret er svært godt. I 2019 kom Volda kommune med i felles opplæringskontor for Søre Sunnmøre. Dette bidrar til å sikre og styrke god drift av kontoret og dermed god oppfølging av lærlingane og instruktørane.

I tillegg til ordinære lærlingar, har Ulstein kommune engasjert seg i tre andre regionale/fylkeskommunale prosjekt som skal gi tilbud om læreplass og sikre mangfald og integrering:

Menn i helse er eit samarbeidsprosjekt mellom Nav, kommunen, fylkeskommunen, fylkesmannen, KS og Helsedirektoratet der målet er å rekruttere fleire menn til ein sektor som har behov for fleire hender i framtida. Målgruppa er menn i alderen 25–55 med rett til ytingar frå Nav. Dei får eit komprimert utdanningsløp

fram til fagbrev som helsefagarbeidar. I 2019 har vi hatt to menn som har vore i ordinært opplæringsløp gjennom dette prosjektet. Begge har gjennomført med bestått fagprøve.

Ulstein kommune har i samarbeid med Nav, Møre og Romsdal fylkeskommune og andre kommunar på Søre Sunnmøre arbeid for å etablere tilrettelagde løp for fagopplæring. I 2018 starta eit treårig opplæringsløp i helsefag for 15 deltakarar. Frå sommaren 2020 er målet at deltakarane skal vere ferdige med program- og fellesfag, og gå vidare som lærlingar innanfor helse og omsorg.

Sommaren 2019 starta ein eit tilsvarande løp innan industri-mekanikarfaget. Dette som eit samarbeid med lokalt næringsliv ved Mafoss. 15 deltakarar starta på opplæringsløpet som kombinerer teoretisk og praktisk opplæring. Om lag ti bedrifter i regionen er med i prosjektet og stiller med praksisplass og rettleiarar på arbeidsplassen. Ulstein kommune er vertskommune for prosjekta og bae prosjekta har vorte tildelt midlar frå Integrerings- og mangfaldsdirektoratet, med grunngeving i at prosjekta er av nasjonal interesse. Det overordna målet for prosjekta er at deltakarane skal fullføre utdanning og kome i ordinært arbeid, i tillegg til å sikre tilgang på faglært arbeidskraft no og framover.


Sjukefråvær og arbeidsnærvær

Ulstein kommune har ei målsetjing om at sjukefråværet ikkje skal overstige 7 %. Etter nokre år med negativ utvikling, ser vi ein markant auke i arbeidsnærværet i 2019. Det er særleg positivt at det er dei store arbeidsgruppene i helse og omsorg og i oppvekst-etaten som har redusert fråvær. Vi har eit godt samarbeid med Nav via eigen kontaktperson. Samhandlinga og engasjementet frå bedriftshelsetenesta er også god. Vi har framleis potensial til å bli betre på implementering av metode for oppfølging av

sjukmelde, førebygging og systematisk HMS-arbeid. Vi veit ikkje i kva grad arbeidet med å etablere ein heiltidskultur har verka inn på sjukefråværet, men statistisk sett vil dette kunne gi positiv effekt på sjukefråværet. Vi ser dette arbeidet i samheng med arbeidsmiljø, likestilling, nærvær og kvalitet.

Sjukefråvær i etatane og i avdelingane vert opplyst og kommentert i deira kapittel i årsrapporten.

UTVIKLING I SJUKEFRÅVÆRET FOR ULSTEIN KOMMUNE



Likestilling og diskriminering

LOV OM LIKESTILLING OG FORBOD MOT DISKRIMINERING §1:

Lovens formål er å fremme likestilling og hindre diskriminering på grunn av kjønn, graviditet, permisjon ved fødsel eller adopsjon, omsorgsoppgaver, etnisitet, religion, livssyn, funksjonsnedsettelse, seksuell orientering, kjønnsidentitet, kjønnsuttrykk, alder og andre vesentlige forhold ved en person.

Med likestilling menes likeverd, like muligheter og like rettigheter. Likestilling forutsetter tilgjengelighet og tilrettelegging.

Loven tar særleg sikte på å bedre kvinners og minoriteters stilling. Loven skal bidra til å bygge ned samfunnsskapt funksjonshemmende barrierer, og hindre at nye skapes.

Ulstein kommune har også i 2019 arbeidd aktivt for å fremje lova sine føremål både i eigen organisasjon og gjennom tenestene vi gir til innbyggjarane i Ulstein.

Likelønn: Vi har jobba aktivt med å sikre likelønn for kvinner og menn gjennom rekruttering og i lønnspolitikken. I 2019 er vi godt nøgde med eit resultat som viser at grunnløna til kvinner i prosent av grunnløna til menn, justert for stillingskode er 101,2 %, og justert for utdanning er talet 100,3 %. Dette er høvesvis to og tre prosentpoeng betre enn for norske kommunar sett under eitt.

JUSTERT FOR	2015	2016	2017	2018	2019
Stillingskode	95,5	96,9	98,1	98,5	101,2
Utdanning	93,9	96,3	98,6	95,7	100,3

Utvikling i lønnsforhold justert for ulike faktorar i Ulstein kommune. Gjennomsnittleg grunnlønn pr. månadsverk for kvinner i prosent av menn si lønn.

Heiltidskultur: Gjennom heile 2019 har Ulstein kommune jobba svært aktivt med å etablere heiltidskultur i organisasjonen. I tillegg til å sikre gode og likestilte tenester for brukarane våre, er dette også eit vesentleg arbeid for å styrke likestilling mellom kvinner og menn, sidan det i hovudsak er kvinner som arbeider deltid. Sjå eige avsnitt om dette lenger nede.

Tilrettelegging og tilgjenge: Utbygging og utviding av turvegar, tettstadutvikling og meirope bibliotek er alle med på å gjere aktivitetar og tenester tilgjengelege for alle, uavhengig av funksjonsevne og økonomi.

For å sikre likestilte tenester, likestilling og likeverd, ser vi det som svært viktig at heile organisasjonen tek eit felles ansvar for gode tiltak innan folkehelse og inkludering. Dette gjer vi gjennom mange små og større tiltak. Vi har godt samarbeid med Nav lokalt, der vi bidrar med praksisplassar og tilrettelegging for at flest mogleg skal få tilgang til arbeidslivet.

Heiltidskultur


Gjennom heile 2019 har vi lagt ned ein stor innsats i å etablere ein heiltidskultur i Ulstein kommune. Dette er eit prosjekt i regi av KS der Ulstein og Ørsta er pilotkommunar. I Ulstein er det særleg Sone 3 i omsorgsetaten og Ulsteinvik barneskule som har vore aktive inn i dette prosjektet ved å delta i opplæring, kartlegging og også presentere prosjektet regionalt og fylkeskommunalt. Tillitsvalde både lokalt og fylkeskommunalt er viktige medspelarar i dette arbeidet. Prosjektet går over tre år og skal ferdigstillast i 2020. I prosjektperioden vert det jobba med felles forståing for korleis arbeidstidsordningar påverkar kvalitet i tenestene, kompetanse, arbeidsmiljø, tryggleik og kontinuitet.

I 2019 har vi jobba med å forankre dette arbeidet både vidare ut i organisasjonen og i kommunepolitikken. Heiltidskultur har vore hovudtema i stormøte med kommunestyret, i orienteringar til formannskapet og i samhandling med tillitsvalde og leiarar.

Ulstein kommune har ein veg å gå før vi kan slå fast at vi har ein sterk heiltidskultur, men utviklinga er positiv, og vi meiner å sjå at dette arbeidet har positive ringverknader på tenestekvalitet, arbeidsmiljø og arbeidsnærver i vid forstand.

Gjennomsnittleg stillingsprosent per tilsett i kommunen er litt svakare enn snittet for norske kommunar som er 80 %. Det er positivt at helse, pleie og omsorg no er på landssnittet, medan undervisning ligg to prosentpoeng over landssnittet.


GJENNOMSNI TTLEG STILLINGSPROSENT PER TILSETT FORDELT PÅ SEKTOR




Heiltidskultur handlar om mykje meir enn turnus og arbeid innan helse og omsorg. Likevel er dette eit felt det må jobbast ekstra godt med. Alle statistikkar peikar rett veg for Ulstein kommune når det gjeld heiltid/deltid. Av dei som har turnusarbeid i Ulstein kommune, er det berre 25,5 % som har heiltidsstilling.

På landsbasis er dette talet nede i 24,2 %. Vi går rett veg, men for å få gode resultat innan dette feltet, kan vi ikkje nøye oss med musesteg. Prosjektet går vidare og arbeidet skal implementerast i større grad i heile organisasjonen.

PROSENTVIS DEL HEILTIDSTILSETTE I HELSE- OG OMSORGTENESTER I ULSTEIN KOMMUNE



PROSENTVIS DEL HEILTIDSTILSETTE I ULSTEIN KOMMUNE



Figur nedst på side 26:

*I brannvesenet/teknisk er det mange deltidstillinger med låg stillingsprosent. Desse er del av brannberedskapen og har stort sett heile stillingar hjå annan arbeidsgivar i tillegg.

Leiarutvikling

Våren 2019 starta vi eit leiarutviklingsprogram i samarbeid med PwC (PricewaterhouseCoopers). I konkurransegrunnlaget vart mål og utfordringar skissert slik:

MÅL

- ▶ Gjere leiarane og mellomleiarane betre rusta til å ta initiativ til og gjennomføre naudsynte endringar og møte stadig nye utfordringar, der formålet er å gi eit heilskapleg og godt tilbod til brukarane
- ▶ Styrke leiarane og mellomleiarane som gruppe gjennom felles fagleg plattform – etablere nettverk
- ▶ Hente ut synergjar av møtet mellom ulike fagområde og ulik bakgrunn i retning felles/justert realitetsforståing og felles ansvar
- ▶ Vidareutvikle og bevisstgjere roller i høve til personalansvar, økonomi og budsjettansvar og resultatansvar

SÆRLEGE UTFORDRINGAR VI YNSKJER FOKUS PÅ

- ▶ I samlingane og mellomperiodar skal leiarane og mellomleiarane jobbe med konkrete oppgåver og utfordringar direkte relatert til jobben og Ulstein kommune.
- ▶ Aktuelle fokusområde: digitalisering, prosjektarbeid, samhandling mellom politikarar og administrasjon, effektiviseringsprosjekt, omstilling og kvalitetsutvikling

Leiarutviklingsprogrammet vert i hovudsak finansiert gjennom OU-midlar. Alle leiarar med økonomi og personalansvar får personleg oppfølging i tillegg til fellessamlingar og gruppearbeid. For å styrke samhandling og felles forståing, deltek hovudtillitsvalde frå Fagforbundet, Delta, Utdanningsforbundet og Norsk Sjukepleiarforbund på lik line med leiarane.

Avviksrapportering

Vi nyttar eit elektronisk system for registrering og behandling av avvik. Også i 2019 har vi brukt tid på å snakke om og minne om avviksrapportering både i leiarsamling og i samhandling med tillitsvalde og verneombod. Vi må likevel ta høgde for at det truleg er underrapportering av avvik i fleire avdelingar. Det er framleis ulik terskel for å rapportere, men vi ser at særleg skulane brukar denne rapporteringa meir systematisk enn tidlegare. I både helse- og omsorgsetaten og innan oppvekst er rapportering om trugslar og vald stigande. Det er usikkert om dette speglar den reelle utviklinga, eller om vi har blitt flinkare til å rapportere. Utviklinga både sentralt og lokalt, ser likevel ut til å vere at tilsette

i skule og i omsorgstenestene er utsette for vald og trugsmål i stigande grad. Dette tek vi svært alvorleg. Tiltak vert sett inn på fleire nivå: kurs og opplæring i regi av bedriftshelsetenesta, samarbeid med andrelinjetenesta om individuelle tiltak for førebygging og handtering, kompetanseheving, samarbeidsmøte og kvalitetsarbeid. Også organisering av arbeidet og fordeling av ressursar er tiltak som skal førebygge vald og trugslar og sikre eit trygt og forsvarleg arbeidsmiljø.

Avvik på HMS og vald og trugsmål er tema i arbeidsmiljøutvalet. Det vert heile tida arbeid for at dette skal vere eit system for kontinuerleg forbetring.

AVVIK/AVDELING	TENESTEKVALITET	HMS	TRUGSLAR OG VALD	INFORMASJONS-SIKKERHEIT	SUM AVVIK
Helse og omsorgsetaten	220 (170)	26 (36)	274 (224)	2 (6)	522 (436)
Oppvekst og kulturetaten	2 (11)	25 (6)	60 (32)	2 (2)	89 (51)
Teknisk etat	2 (2)	6 (1)	-	- (1)	8 (4)
Sentraladministrasjonen	2 (4)		-	- (2)	2 (6)
UEKF	1 (2)	5 (6)	-	2	8 (8)
SUM AVVIK	227 (189)	62 (49)	334 (256)	6 (11)	629 (505)

Tal frå 2018 i parentes

Etikk

Vi har etiske retningslinjer som gjeld både folkevalde og tilsette. Retningslinjene skal vere ei hjelp til større forståing, openheit og innsyn, og med det unngå spekulasjonar og mistanke om uetiske handlingar og kritikkverdige forhold. Retningslinjene vert gjorde kjende for alle tilsette ved tilsetjing. Lojalitet og ytringsfridom vert diskutert i organisasjonen med ujamne mellomrom. Det er svært sjeldan at dette kjem i konflikt. Ytringsfridomen står sterkt, og det er i all hovudsak positivt at kommunalt tilsette deltek i det offentlege ordskiftet.

Etter kommunestyrevalet i 2019 vart det halde folkevald-opplæring for nyvalde politikarar i Ulstein i samarbeid med KS. Den administrative leiinga deltok også i opplæringa. Etikk var eitt av emna som vart gjennomgått, med vekt på spørsmål om gildskap. Ulike etiske dilemma vart drøfta. Kommunen nyttar

det nasjonale Styrevervregisteret, der roller og eigarinteresser til folkevalde, kommunedirektøren si leiargruppe og mellomleiarar med budsjettansvar går fram.

Personvern har fått auka merksemd også i vår organisasjon dei siste åra på grunn av personvernforordninga (GDPR). I 2019 publiserte vi omfattande oversikter over kva personopplysningar dei ulike etatane samlar inn og korleis opplysningane vert behandla. Vi har elles ei personvernerklæring som gjer greie for korleis kommunen samlar inn og nyttar personopplysningar. På nettstaden viser vi korleis innbyggjarane kan gå fram for å be om innsyn i opplysningane vi har om dei.

Når det gjeld miljø og berekraft, viser vi til kapittelet «Berekraft».

Arbeid med kontroll av verksemda

Kontrollen av verksemda er eit omfattande og kontinuerleg arbeid. Avvikssystemet vårt, Risk Manager, er ein viktig del av denne oppfølginga. Avviksmeldingar og lukking av avvik er korrektiv i kontroll- og kvalitetsarbeidet.

Delegeringsreglementet vart vedtatt i slutten av 2017. Nytt delegeringsreglement skal til godkjenning i kommunestyret i 2020. Arbeidet med oppfølging av personvernforordninga (GDPR) var ei omfattande oppgåve. Det har ikkje vore avdekkja alvorlege brot på GDPR-forskriftene, men vi har hatt to avvik som er melde til Datatilsynet.

Arbeidet med nytt sak- og arkivsystem vart opp starta i 2018, og nytt system vart teke i bruk i juni 2019. Systemet gir ein mykje betre dokumentasjon på handteringar og endringar i dokument.

Oppfølging av forvaltningsrevisjonsprosjekt og oppfølging av tilsyn har også hatt høg prioritet i 2019. I 2018 vart det vedtatt økonomiske styringsindikatorar for kommunen. I 2019 vart det vedtatt ei sak om styring av investeringsprosjekt.

Driftsresultat

Rekneskapan for Ulstein kommune viser eit positivt netto driftsresultat på 3 452 240, om lag 3,8 mill. kroner mindre enn revidert budsjett. I prosent av driftsinntektene utgjer dette 0,48, mens teknisk berekningsutval (TBU) tilrår at det bør vere 1,75 for norske kommunar. Det er sett av nesten 3 mill. kroner til disposisjonsfondet i 2019, inklusive det rekneskapsmessige mindreforbruket i 2018 på 97 534 kroner.

Skatteveksten på årsbasis for kommunane vart i statsbudsjettet for 2019 anslått til 0,4 %. Den faktiske skatteveksten vart på 4,7 %, slik at ein på nasjonalt nivå fekk ein meirskattevekst på nesten 7 mrd. kroner. Viss ein føreset at meirskatteveksten er likt fordelt mellom skattesterke og skattesvake kommunar, utgjer Ulstein sin del av denne meirskatteveksten om lag 6,7 mill. kroner. Dette forklarar mesteparten av det positive avviket på vel 8,1 mill. kroner på skatt og rammetilskot, sjølv om kommunen fekk ein fin vekst i skatt per innbyggjar på 4,41 %. Målt mot resten av landet vart brutto skatteinngang per innbyggjar på linje med dei tre føregåande åra, så vidt over landssnittet (100,3 %). Før oljenedturen kom, låg inngangen langt høgare, mellom anna var han 118,7 og 117,4 % i 2014 og 2015. For ein kommune på storleik med Ulstein vil ein nedgang på 1 % i forhold til resten av landet utgjere om lag 1,1 mill. kroner i netto inntektstap.

For overføringar med krav til motytingar er det ei meirinntekt på 14,211 mill. kr. Om lag 6,5 mill. kroner av dette er knytt til helse- og omsorgssektoren, mens 6,9 mill. kroner relaterer seg til oppvekstsektoren og 1,4 mill. kroner til sentraladministrasjonen. Døme på opphav til desse meirinntektene er

- ▶ større refusjonar frå OU-ordninga enn budsjettert
- ▶ høgare refusjon frå fylket til lærlingordninga enn budsjettert
- ▶ større refusjon frå staten til asylsøkjbarborn og morsmålstrening i barnehage enn budsjettert
- ▶ større refusjon frå andre kommunar til grunnskuleopplæring enn budsjettert
- ▶ større refusjon frå staten i samband med vidareutdanning av lærarar og auka lærarinnsats enn budsjettert
- ▶ ekstratilskot frå IMDi på flyktningområdet
- ▶ større tilskot til helsestasjonstenesta enn budsjettert
- ▶ større tilskot til innovasjonstiltak, kommunalt rusarbeid og dagaktivitetstilbod til demente enn budsjettert

Andre statlege overføringar har eit negativt avvik på 2,547 mill. kroner, som hovudsakeleg kjem av eit negativt avvik på flyktningområdet, i tillegg til mindre utbetalingar enn budsjettert frå fylket til kommunale næringsfond og frå Havbruksfondet.

For kjøp av varer og tenester som inngår i og erstattar kommunal tenesteproduksjon, er det eit samla negativt avvik på 26,519 mill. kroner. Store delar av meirforbruket er likevel dekte inn gjennom meirinntekter på overføringar med krav til motyting som omtalt ovanfor. For enkelte avdelingar utgjer meirforbruk på dette området størsteparten av forklaringa på deira samla negative avvik. Først og fremst gjeld dette barnehageområdet (3,7 mill. kroner), økonomisk sosialhjelp (2,3 mill. kroner), veg og hamn (1,7 mill. kroner), legetenesta (1,6 mill. kroner) og Ulstein Arena (1,4 mill. kroner).

Kommunen betaler minsteavdrag. Det betyr at avdrag vert rekna ut frå kommunen sine anleggsmidlar, avskrivning og lånegjeld. Avdrag på lån har auka markant dei siste åra i takt med lånegjelda og utgjorde 22,0 mill. kroner i 2019.

ØKONOMISK OVERSIKT - DRIFT 2019, ULSTEIN KOMMUNE

Tal i 1000 kroner	Rekneskap 2019	Opphavleg budsjett 2019	Regulert budsjett 2019	Avvik 2019	Rekneskap 2018
DRIFTSINNEKTER					
Brukarbetalingar	-20 876	-19 488	-19 488	1 388	-20 651
Andre sals- og leigeinntekter	-60 472	-61 763	-60 563	-91	-56 700
Overføringar med krav til motyting	-110 939	-67 969	-96 728	14 211	-107 675
Rammetilskot	-210 581	-213 992	-213 992	-3 411	-205 073
Andre statlege overføringar	-26 856	-28 902	-29 402	-2 547	-34 841
Andre overføringar	-3 322	-3 300	-3 300	22	-5 066
Inntekts- og formuesskatt	-275 730	-264 200	-264 200	11 530	-262 420
Eigedomsskatt	-13 620	-13 500	-13 500	120	-14 618
Andre direkte og indirekte skattar	-34	-30	-30	4	-30
Sum driftsinntekter	-722 430	-673 144	-701 204	21 226	-707 074
DRIFTSUTGIFTER					
Lønsutgifter	317 092	294 931	317 521	429	302 470
Sosiale utgifter	82 007	80 228	83 884	1 877	78 887
Kjøp av varer og ten. som inngår i komm. tenesteprod.	72 738	56 909	58 603	-14 135	67 769
Kjøp av tenester som erstattar kommunens tenesteprod.	192 945	182 811	180 561	-12 384	204 217
Overføringar	40 099	33 236	38 893	-1 205	39 295
Avskrivningar	22 650	7 686	22 650	0	20 948
Fordelte utgifter	-12 166	-11 010	-12 193	-28	-12 165
Sum driftsutgifter	715 365	644 792	689 919	-25 447	701 422
BRUTTO DRIFTSRESULTAT	-7 065	-28 352	-11 285	-4 221	-5 652
EKSTERNE FINANSINNEKTER					
Renteinntekter og utbytte	-5 177	-3 837	-3 987	1 190	-3 715
Gevinst finansielle instrument (omløpsmidlar)	-1 995	-1 500	-1 500	495	-2 092
Mottatte avdrag på utlån	-127	-70	-70	57	-55
Sum eksterne finansinntekter	-7 299	-5 407	-5 557	1 742	-5 863
EKSTERNE FINANSUTGIFTER					
Renteutgifter og lånekostnader	10 235	11 979	10 079	-156	9 222
Tap finansielle instrument (omløpsmidlar)	1 255	0	0	-1 255	2 634
Avdrag på lån	22 005	21 957	21 957	-48	20 400
Utlån	68	170	170	102	281
Sum eksterne finansutgifter	33 562	34 106	32 206	-1 356	32 537
Resultat eksterne finanstransaksjonar	26 263	28 699	26 649	386	26 674
Motpost avskrivningar	-22 650	-7 686	-22 650	0	-20 948
NETTO DRIFTSRESULTAT	-3 452	-7 339	-7 287	-3 834	74
BRUK AV AVSETNINGAR					
Bruk av tidlegare års rekneskapsmessige mindreforbruk	-98	0	-98	0	-325
Bruk av disposisjonsfond	0	0	0	0	0
Bruk av bundne driftsfond	-6 128	-989	-1 041	5 087	-7 734
Sum bruk av avsetningar	-6 225	-989	-1 139	5 087	-8 059
AVSETNINGAR					
Overført til investeringsrekneskopen	0	0	0	0	475
Avsett til dekning av tidlegare års r.messige meirforbruk	0	0	0	0	0
Avsett til disposisjonsfond	2 996	6 371	6 468	3 472	704
Avsett til bundne fond	6 681	1 957	1 957	-4 724	6 709
Sum avsetningar	9 678	8 328	8 426	-1 252	7 888
REKNEKAPSMESSIG MEIR-/MINDREFORBRUK	0	0	0	0	-98

Samanstilling av hovudtal over tid

HOVUDTAL, DRIFTSREKNESKAP	2019	2018	2017	2016	2015
Skatt	-289 349	-277 038	-249 381	-245 408	-257 483
Rammetilskot	-210 581	-205 073	-201 260	-192 365	-167 041
Andre driftsinntekter	-222 500	-224 963	-220 403	-186 464	-165 668
Sum driftsinntekter	-722 430	-707 074	-671 044	-624 238	-590 192
Driftsutgifter	715 365	701 422	664 910	609 092	572 722
Brutto driftsresultat	-7 065	-5 652	-6 135	-15 145	-17 470
Netto renteutgifter	4 317	6 048	5 710	6 978	4 796
Netto avdrag	21 946	20 626	19 473	17 798	15 119
Motpost avskrivningar	-22 650	-20 948	-21 977	-19 731	-18 284
Netto driftsresultat	-3 452	74	-2 929	-10 100	-15 839
Bruk av netto driftsresultat					
Finansiering av utg. i kapitalrekneskapen		475		362	265
Avsetningar	9 678	7 413	9 648	15 959	9 416
Bruk av avsetningar	-6 225	-8 059	-7 044	-9 443	-2 328
REKNESKAPSMESSIG MEIR- (+)/MINDREFORBRUK (-)	0	-98	-325	-3 222	-8 486



I februar 2019 var det førpremiere på sesong 2 av NRK-serien Heimebane på Sjøborg kulturhus. Foto: Svein Arne Orvik

Investeringsrekneskapen

Ulstein kommune har i 2019 hatt investeringsutgifter på 58,542 mill. kroner. Dei største investeringsprosjekta i 2019 var

- ▶ grunnkjøp Skeide 30,88 mill. kroner
- ▶ vatn og avløp 16,949 mill. kroner
- ▶ velferdsteknologi 2,759 mill. kroner
- ▶ fjernvarme 1,792 mill. kroner
- ▶ gangveg Skeide 1,479 mill. kroner

ØKONOMISK OVERSIKT - INVESTERING, ULSTEIN KOMMUNE					
Tal i 1000 kroner	Rekneskap 2019	Opphavleg budsjett 2019	Regulert budsjett 2019	Avvik 2019	Rekneskap 2018
INNETEKTER					
Sal driftsmidlar og fast eigedom	-744	-5 000	-6 350	-5 606	-6 755
Andre salsinntekter	-2 638	0	-2 638	0	0
Overføringer med krav til motyting	-102	-2 500	-2 560	-2 458	-120
Momskompensasjon	-1 729	-2 616	-9 794	-8 066	-7 536
Statlege overføringer	-2 819	0	-2 257	561	-3 606
Andre overføringer	-2 306	0	-3 261	-955	-980
Renteinntekter, utbytte og eigaruttak	0	0	0	0	0
Sum inntekter	-10 338	-10 116	-26 861	-16 523	-18 997
UTGIFTER					
Lønsutgifter	0	0	0	0	0
Sosiale utgifter	0	0	0	0	0
Kjøp av varer og ten. som inngår i komm. tenesteprod.	56 370	37 870	113 837	57 467	54 991
Kjøp av tenester som erstattar kommunens tenesteprod.	90	0	0	-90	13
Overføringer	2 074	2 616	10 044	7 971	8 296
Renteutgifter og omkostningar	7	0	0	-7	0
Fordelte utgifter	0	0	0	0	0
Sum utgifter	58 542	40 486	123 881	65 340	63 300
FINANSIERINGSTRANSAKSJONAR					
Avdrag på lån	11 725	0	7 613	-4 112	4 482
Utlån	16 030	6 000	15 333	-698	3 673
Kjøp av aksjar og andeler	5 288	1 500	9 500	4 212	1 472
Dekning av tidlegare års udekt meirforbruk	0	0	0	0	0
Avsett til ubundne investeringsfond	1 214	5 000	7 283	6 070	11 316
Avsett til bundne fond	1 817	0	0	-1 817	1 647
Avsett til likviditetsreserven	0	0	0	0	0
Sum finansieringstransaksjonar	36 074	12 500	39 729	3 655	22 590
FINANSIERINGSBEHOV	84 277	42 870	136 749	52 472	66 893
FINANSIERING					
Bruk av lån	-72 045	-32 037	-105 406	-33 362	-36 953
Sal av aksjar og andeler	0	0	0	0	-11 316
Bruk av tidlegare års udisponerte mindreforbruk	0	0	0	0	0
Mottatte avdrag på utlån	-5 075	0	0	5 075	-3 740
Overført frå driftsrekneskapen	0	0	0	0	-475
Bruk av disposisjonsfond	0	0	0	0	0
Bruk av ubundne investeringsfond	-5 510	-10 833	-31 342	-25 832	-11 884
Bruk av bundne fond	-1 647	0	0	1 647	-2 524
Bruk av likviditetsreserven	0	0	0	0	0
SUM FINANSIERING	-84 277	-42 870	-136 749	-52 472	-66 893
UDEKT / UDISPONERT	0	0	0	0	0

Balanse

BALANSEREKNESKAP ULSTEIN KOMMUNE					
	2019	2018	2017	2016	2015
EIGEDELAR					
(A) ANLEGGSMIDLAR					
Faste eigedomar og anlegg	540 990 231	505 320 256	498 744 399	487 922 922	464 292 764
Utstyr, maskinar og transportmidlar	45 200 814	49 082 419	27 083 529	23 321 723	29 023 856
Utlån	85 161 405	74 258 500	74 125 840	63 308 941	50 545 652
Aksjar og andelar	73 245 959	67 957 947	78 185 249	76 875 417	75 933 255
Pensjonsmidlar	636 212 137	600 922 810	558 346 839	513 690 637	509 240 580
Sum anleggsmidlar	1 380 810 546	1 297 541 933	1 236 485 856	1 165 119 640	1 129 036 107
Kortsiktige fordringar	60 780 999	64 896 226	61 209 322	55 809 152	53 525 855
Premieavvik	34 613 664	29 748 387	27 782 377	27 503 163	28 728 783
Aksjar og andelar	0	5 282 472	6 387 285	7 936 298	10 744 721
Sertifikat	0	0	0	0	
Obligasjonar	0	5 111 744	5 065 472	5 007 623	
Kasse, bankinnskot	130 074 529	120 218 011	128 850 832	136 186 891	90 494 088
Sum omløpsmidlar	225 469 191	225 256 841	229 295 288	232 443 128	183 493 446
SUM EIGEDELAR	1 606 279 737	1 522 798 774	1 465 781 144	1 397 562 768	1 312 529 553
EIGENKAPITAL OG GJELD					
(C) EIGENKAPITAL					
Disposisjonsfond	-39 455 736	-36 459 403	-35 755 002	-32 996 070	-20 508 954
Bundne driftsfond	-11 590 015	-11 036 575	-12 062 288	-8 994 971	-6 478 843
Ubundne investeringsfond	-41 759 401	-46 056 147	-46 623 352	-53 755 259	-51 610 440
Bundne investeringsfond	-1 878 526	-1 708 075	-2 585 600	-3 106 181	-2 574 076
Endring i rekneskapsprinsipp investering					
Endring i rekneskapsprinsipp drift	4 294 407	4 294 407	4 294 407	4 294 407	4 294 407
Rekneskapsmessig mindreforbruk		-97 534	-325 086	-3 222 202	-8 487 116
Rekneskapsmessig meirforbruk					
Udisponert i investeringsrekneskapan					
Udekt investering					
Likviditetsreserve					
Kapitalkonto	-80 493 051	-66 924 982	-29 857 273	-14 587 496	-11 105 823
SUM EIGENKAPITAL	-170 882 322	-157 988 309	-122 914 194	-112 367 772	-96 470 846
(D) GJELD					
Pensjonsforpliktingar m.m.	-734 050 907	-702 665 192	-690 747 719	-652 557 037	-633 691 858
Ihendehavarobligasjonslån	0	0	0		0
Sertifikatlån	-393 683 017	-357 881 220	-343 725 559	-340 251 381	-287 601 381
Andre lån	-213 061 241	-211 173 181	-209 655 329	-208 278 543	-213 223 687
Sum langsiktig gjeld	-1 340 795 165	-1 271 719 593	-1 244 128 607	-1 201 086 961	-1 134 516 926
<i>Kortsiktig gjeld</i>					
Kassekredittlån					
Anna kortsiktig gjeld	-94 968 072	-91 669 661	-97 371 085	-83 128 909	-79 531 792
Premieavvik	365 823	-1 421 211	-1 367 258	-979 126	-2 009 989
Sum kortsiktig gjeld	-94 602 249	-93 090 872	-98 738 343	-84 108 035	-81 541 781
SUM GJELD	-1 435 397 414	-1 364 810 465	-1 342 866 950	-1 285 194 996	-1 216 058 707
SUM EIGENKAPITAL OG GJELD	-1 606 279 737	-1 522 798 774	-1 465 781 144	-1 397 562 768	-1 312 529 553
BALANSEN SIN NETTOSUM	0	0	0	0	0
(E) MEMORIAKONTI					
Unyttja lånemidlar	40 476 621	41 101 593	37 498 975	50 553 768	16 585 593
Andre memoriakonti	3 000 610	2 536 552	2 474 308	1 611 080	1 582 604
Motkonto for memoriakontiane	-43 477 231	-43 638 145	-39 973 283	-52 164 848	-18 168 197
SUM MEMORIAKONTI	0	0	0	0	0

Fond

Ved inngangen til 2019 hadde Ulstein kommune om lag 47,5 mill. kroner i fond som kan nyttast til driftstiltak og 47,8 mill. kroner i fond som kan nyttast til investeringstiltak. Per 31.12.19 er dette endra til 51,0 mill. kroner i driftsfond og 43,6 mill. kroner i investeringsfond.

Fond knytte til avløp har frå og med 2011 hatt ein negativ saldo, jamfør tabellen under. Avløp fekk eit positivt sjølvkostresultat på

1,6 mill. kroner i 2019, slik at ein no har 1,218 mill. kroner på fond. Innanfor vatn har det dei siste åra vore positive saldoar på fondet. Dette vart i 2019 auka med ytterlegare 0,2 mill. kroner, og ein har no 1,716 mill. kr. på fond. Sjølvkostfondet til feiing viser ein negativ saldo på -303 984, og dette må dekkjast inn gjennom auka gebyr i løpet av 3–5 år. Status per 31.12.19 er som følgjer:

	31.12.2019	31.12.2018	31.12.2017	31.12.2016	31.12.2015	31.12.2014	31.12.2013	31.12.2012	31.12.2011
Vatn	1 716 311	1 511 490	2 780 228	2 652 199	2 258 043	710 739	958 978	-174 396	117 158
Avløp	1 218 746	-397 186	-1 418 936	-2 260 493	-2 257 596	-3 280 806	-2 591 549	-996 483	-287 428
Feiing	-303 984	351 591	-67 425	-190 026	-	147 835	127 775	390 845	546 095

Pensjon

Etter § 13 i årsrekneskapsforskrifta skal driftsrekneskapen belastast med pensjonskostnader som er rekna ut ifrå langsiktige føresetnader om avkasting, lønsvekst og G-regulering. Pensjonskostnadane vert rekna ut på ein anna måte enn pensjonspremien som vert betalt til pensjonsordningane, og det vil difor normalt vere forskjell mellom desse to beløpa. Forskjellen mellom betalt pensjonspremie og berekna pensjonskostnad vert kalla premieavvik, og han skal inntekts- eller utgiftsførast i driftsrekneskapen. Premieavviket vert tilbakeført (amortisert) igjen neste år med

1/7 per år for premieavvik oppstått i 2014 eller seinare, 1/10 for premieavvik oppstått frå 2011 til 2013 og 1/15 for premieavvik oppstått frå 2002 til 2010.

Rekneskapsføring av premieavvik og amortisering av premieavvik har hatt innverknad på netto driftsresultat i 2019 ved at rekneskapsførte pensjonsutgifter er 5 830 246 kroner mindre enn faktisk betalte pensjonspremiar. Tabellen under viser dei balanseførde tala for premieavviket i 2018 og 2019.

AKKUMULERT PREMIEAVVIK	2019	2018
SUM ATTSTÅANDE PREMIEAVVIK TIDLEGARE ÅR (PER 1.1.)	24 817 901	23 142 129
+ Årets premieavvik	11 118 553	6 187 629
- Sum amortisert premieavvik dette året	5 288 307	4 511 857
= Akkumulert premieavvik pr. 31.12.	30 648 147	24 817 901
Arbeidsgevaravgift av akkumulert premieavvik	4 331 340	3 509 275
Sum akkumulert premieavvik inkl. arbeidsgivaravgift	34 979 487	28 327 176

I kommunekassa var dei rekneskapsførte pensjonsutgiftene i 2019 på 35,4 mill. kroner, mot 35,0 mill. kroner i 2018.

Konsernet Ulstein kommune og Ulstein eideomsselskap KF

I vurderinga av den økonomiske stillinga til kommunen må vi ta omsyn til at eigedomsaktivitetane er organiserte i eit eige kommunalt føretak. Skal vi kunne samanlikne oss med andre kommunar, må vi sjå kommunen og føretaket under eitt. Når det gjeld rapportering til KOSTRA, vert Ulstein kommune og Ulstein eideomsselskap KF rapporterte som separate einingar, men SSB konsoliderer desse og viser dei på konsernnivå. Konserntala til KOSTRA tek også med kommunens eigardelar

i Søre Sunnmøre Reinhaldsverk (33,52 %), Søre Sunnmøre kommunerevisjon (14,29 %), Sunnmøre regionråd (5,88 %) og Interkommunalt Arkiv for Møre og Romsdal (2,20 %). Desse er ikkje inkluderte i oppstillingane under. I tabellane under kan ein sjå konserntala for drifts- og investeringsrekneskapen, i tillegg til utvalde nøkkeltal og balansen per 31.12.19. Ulstein eideomsselskap legg fram eigen årsrapport til kommunestyret.

ØKONOMISK OVERSIKT - DRIFT 2019, ULSTEIN KOMMUNE OG ULSTEIN EIGEDOMSSKAP KF					
Tal i 1000 kroner	Rekneskap 2019	Opphavleg budsjett 2019	Regulert budsjett 2019	Avvik 2019	Rekneskap 2018
DRIFTSINNTEKTER					
Brukarbetalingar	-20 876	-19 488	-19 488	1 388	-20 651
Andre sals- og leigeinntekter	-73 394	-73 967	-72 767	628	-69 576
Overføringar med krav til motyting	-116 531	-71 993	-101 677	14 854	-112 772
Rammetilskot	-210 581	-213 992	-213 992	-3 411	-205 073
Andre statlege overføringar	-28 305	-28 902	-29 402	-1 097	-34 841
Andre overføringar	-3 322	-3 300	-3 300	22	-5 066
Inntekts- og formuesskatt	-275 730	-264 200	-264 200	11 530	-262 420
Eigedomsskatt	-13 620	-13 500	-13 500	120	-14 618
Andre direkte og indirekte skattar	-34	-30	-30	4	-30
Sum driftsinntekter	-742 394	-689 372	-718 357	24 038	-725 047
DRIFTSUTGIFTER					
Lønsutgifter	333 492	309 352	333 680	188	317 864
Sosiale utgifter	86 938	85 243	88 899	1 961	83 397
Kjøp av varer og ten. som inngår i komm. tenesteprod.	89 054	69 572	71 992	-17 062	81 909
Kjøp av tenester som erstattar kommunens tenesteprod.	127 497	116 392	114 612	-12 885	139 351
Overføringar	42 425	34 720	40 377	-2 048	41 499
Avskrivningar	56 603	7 686	56 603	0	53 852
Fordelte utgifter	-12 381	-11 210	-12 393	-13	-12 879
Sum driftsutgifter	723 629	611 755	693 770	-29 859	704 993
BRUTTO DRIFTSRESULTAT	-18 765	-77 617	-24 587	-5 821	-20 054
EKSTERNE FINANSINNTEKTER					
Renteinntekter og utbytte	-5 466	-4 037	-4 187	1 279	-3 910
Gevinst finansielle instrument (omløpsmidlar)	-1 995	-1 500	-1 500	495	-2 092
Mottatte avdrag på utlån	-127	-70	-70	57	-55
Sum eksterne finansinntekter	-7 588	-5 607	-5 757	1 831	-6 057
EKSTERNE FINANSUTGIFTER					
Renteutgifter og lånekostnader	29 751	30 910	29 010	-741	26 852
Tap finansielle instrument (omløpsmidlar)	1 255	0	0	-1 255	2 634
Avdrag på lån	48 621	50 957	48 557	-64	46 859
Utlån	68	170	170	102	281
Sum eksterne finansutgifter	79 694	82 037	77 737	-1 958	76 626
Resultat eksterne finanstransaksjonar	72 106	76 430	71 980	-126	70 569
Motpost avskrivningar	-56 600	-7 686	-56 603	-3	-53 852
NETTO DRIFTSRESULTAT	-3 259	-8 874	-9 210	-5 951	-3 338
BRUK AV AVSETNINGAR					
Bruk av tidlegare års rekneskapsmessige mindreforbruk	-98	0	-98	0	-1 984
Bruk av disposisjonsfond	0	0	0	0	0
Bruk av bundne fond	-6 128	-989	-1 041	5 087	-7 734
Sum bruk av avsetningar	-6 225	-989	-1 139	5 087	-9 718
AVSETNINGAR					
Overført til investeringsrekneskapen	0	0	0	0	475
Avsett til dekning av tidlegare års r.messige meirforbruk	0	0	0	0	0
Avsett til disposisjonsfond	2 996	7 905	8 391	5 395	5 775
Avsett til bundne fond	6 681	1 957	1 957	-4 724	6 709
Sum avsetningar	9 678	9 862	10 349	671	12 958
REKNEKAPSMESSIG MEIR-/MINDREFORBRUK	193	0	0	-193	-98

Nøkkeltal konsern

NØKKELTAL KONSERN		
TAL I HEILE 1000	2019	2018
Skatt	-289 349	-277 038
Rammetilskot	-210 581	-205 073
Driftsinntekter utan skatt og rammetilskot	-242 464	-242 936
Brutto driftsresultat	-18 765	-20 054
Netto driftsresultat	-3 259	-3 338
Netto driftsresultat i % av sum driftsinntekter	0,44 %	0,46 %
Driftsutgifter	723 629	704 993
Renter og avdrag	78 440	73 992
Investeringar	61 964	105 137
Brutto lånegjeld	-1 516 083	-1 489 323
Netto lånegjeld	-1 380 457	-1 373 962
Netto lånegjeld i % av sum driftsinntekter	185,95 %	189,50 %
Bruk av lån	-75 892	-46 791
Kasse, postgiro, bank	135 376	124 140
Kortsiktig gjeld	-96 867	-110 506
Langsiktig gjeld	-2 250 134	-2 191 988
Innbyggjarar	8 571	8 609
Disposisjonsfond	-48 074	-45 078
Disposisjonsfond i % av sum driftsinntekter	6,48 %	6,22 %
Eigenkapital	-462 097	-457 431
Anleggsmidlar	2 575 231	2 524 316
NØKKELTAL KONSERN		
TAL I HEILE 1000	2019	2018
Skattedekningsgrad	39,99 %	39,30 %
Etatsinntektene si dekningsgrad	33,51 %	34,46 %
Brutto resultatgrad	2,53 %	2,77 %
Netto resultatgrad, Ulstein	0,45 %	0,47 %
Rente- og avdragsbelastning	417,65 %	367,56 %
Likviditetsgrad 1	2,41	2,13
Gjeldsgrad	5,08	5,03
Langsiktig gjeldsandel	80,1 %	79,4 %
Brutto lånegjeld pr. innbyggjar	kr 177	kr 173

- ▶ **Skattedekningsgrad** viser kor mykje av driftsutgiftene som vert finansiert av skatteinntekter.
- ▶ **Etatsinntektene si dekningsgrad** viser kor mykje av driftsutgiftene som vert finansiert av brukarinntekter, salsinntekter og refusjonar.
- ▶ **Brutto resultatgrad** viser kor mykje brutto resultat utgjer av korrigererte driftsutgifter (regulert med brutto/netto resultat).
- ▶ **Netto resultatgrad** viser kor mykje netto resultat utgjer av korrigererte driftsutgifter (regulert med brutto/netto resultat).
- ▶ **Rente- og avdragsbelastning** viser kor mykje renter og avdrag utgjer av brutto resultat.
- ▶ **Likviditetsgrad 1** er forholdet mellom omløpsmidlar og kortsiktig gjeld og viser kommunen si evne til å dekke betalingsforpliktingar framover. Likviditetsgrad 1 bør vere større enn 2.
- ▶ **Gjeldsgrad** er forholdet mellom eigenkapital og gjeld (kortsiktig og langsiktig) og er eit uttrykk for kva grad kommunen er rusta til å tåle tap før det går utover forpliktingar til lånegivar. Gjeldsgrad på 1 betyr at kommunen har like mykje gjeld som eigenkapital. Til mindre gjeldsgrad til meir solid er kommunen.
- ▶ **Langsiktig gjeldsandel** viser kor stor del av eignedelane som er finansiert av langsiktig gjeld.

Investering, Ulstein kommune og Ulstein eideomsselskap KF

ØKONOMISK OVERSIKT - INVESTERING, ULSTEIN KOMMUNE OG ULSTEIN EIGEDOMSSKAP KF					
Tal i 1000 kroner	Rekneskap 2019	Opphavleg budsjett 2019	Regulert budsjett 2019	Avvik 2019	Rekneskap 2018
INNETEKTER					
Sal driftsmidler og fast eigedom	-2 699	-5 000	-6 350	-3 651	-8 905
Andre salsinntekter	-2 638	0	-2 638	0	0
Overføringer med krav til motyting	239	-2 620	-2 680	-2 919	-10 033
Momskompensasjon	-1 729	-2 616	-9 794	-8 066	-7 536
Statlege overføringer	-3 707	0	-3 157	549	-7 096
Andre overføringer	-2 856	0	-3 511	-655	-6 863
Renteinntekter, utbytte og eigaruttak	0	0	0	0	0
Sum inntekter	-13 390	-10 236	-28 131	-14 742	-40 433
UTGIFTER					
Lønnsutgifter	0	0	0	0	0
Sosiale utgifter	0	0	0	0	0
Kjøp av varer og ten. som inngår i komm. tenesteprod.	60 851	38 350	137 173	76 321	88 954
Kjøp av tenester som erstattar kommunens tenesteprod.	90	0	0	-90	13
Overføringer	1 015	2 736	10 164	9 149	16 131
Renteutgifter og omkostningar	7	0	0	-7	40
Fordelte utgifter	0	0	0	0	0
Sum utgifter	61 964	41 086	147 337	85 373	105 137
FINANSIERINGSTRANSAKSJONAR					
Avdrag på lån	11 725	0	7 613	-4 112	4 482
Utlån	16 030	6 000	15 333	-698	3 673
Kjøp av aksjar og andeler	5 366	1 500	9 500	4 134	1 554
Dekning av tidlegare års udekt meirforbruk	10 230	0	10 230	0	0
Avsett til ubundne investeringsfond	1 214	5 000	7 283	6 070	11 316
Avsett til bundne fond	2 596	0	0	-2 596	1 647
Avsett til likviditetsreserven	0	0	0	0	0
Sum finansieringstransaksjonar	47 161	12 500	49 959	2 799	22 672
FINANSIERINGSBEHOV	95 735	43 350	169 165	73 430	87 376
FINANSIERING					
Bruk av lån	-75 892	-32 437	-119 242	-43 350	-46 791
Sal av aksjar og andeler	0	0	0	0	-11 316
Bruk av tidlegare års udisponerte mindreforbruk	0	0	0	0	0
Mottatte avdrag på utlån	-5 075	0	0	5 075	-3 740
Overført frå driftsrekneskapen	0	0	0	0	-475
Bruk av disposisjonsfond	0	0	0	0	0
Bruk av ubundne investeringsfond	-5 510	-10 913	-31 422	-25 912	-12 299
Bruk av bundne fond	-9 257	0	-18 500	-9 243	-2 524
Bruk av likviditetsreserven	0	0	0	0	0
SUM FINANSIERING	-95 735	-43 350	-169 165	-73 430	-77 146
UDEKT / UDISPONERT	0	0	0	0	10 230

Konsernet har hatt investeringsutgifter på 61,964 mill. kroner i 2019. Dei største investeringane i eideomsselskapet i 2019 er:

- ▶ kjøp av Holvekervegen 144/146/148/150 5,8 mill. kroner
- ▶ oppgradering Kyrkjegata 27 2,5 mill. kroner

Balanserekneskap, Ulstein kommune og Ulstein eideomsselskap KF

BALANSEREKNESKAP, ULSTEIN KOMMUNE OG ULSTEIN EIGEDOMSSKAP KF					
	2019	2018	2017	2016	2015
EIGEDELAR					
(A) ANLEGGSMIDLAR					
Faste eigedomar og anlegg	1 641 412 678	1 634 174 644	1 716 431 435	1 544 288 069	1 408 461 222
Utstyr, maskinar og transportmiddel	138 557 646	146 439 011	28 020 510	24 392 345	30 066 818
Utlån	85 161 405	74 258 500	74 125 840	63 308 941	50 545 652
Aksjar og andelar	73 887 252	68 521 244	78 666 494	77 287 168	76 281 677
Pensjonsmidlar	636 212 137	600 922 810	558 346 839	513 690 637	509 240 580
Sum anleggsmidlar	2 575 231 117	2 524 316 209	2 455 591 118	2 222 967 160	2 074 595 949
Kortsiktige fordringar	63 876 985	71 325 442	71 425 296	63 914 816	63 227 842
Premieavvik	34 613 664	29 748 387	27 782 377	27 503 163	28 728 783
Aksjar og andelar		5 282 472	6 387 285	7 936 298	10 744 721
Sertifikat					
Obligasjonar		5 111 744	5 065 472	5 007 623	
Kasse, bankinnskot	135 376 410	124 140 225	144 557 004	228 348 103	263 936 654
Sum omløpsmidlar	233 867 059	235 608 270	255 217 434	332 710 003	366 637 999
SUM EIGEDELAR	2 809 098 177	2 759 924 479	2 710 808 553	2 555 677 163	2 441 233 949
EIGENKAPITAL OG GJELD					
(C) EIGENKAPITAL					
Disposisjonsfond	-48 073 963	-45 077 630	-39 302 936	-35 384 004	-21 508 049
Bundne driftsfond	-11 590 015	-11 036 575	-12 062 288	-8 994 971	-6 478 843
Ubundne investeringsfond	-42 190 501	-46 487 247	-47 470 146	-54 602 053	-52 457 235
Bundne investeringsfond	-2 773 312	-9 434 703	-10 312 228	-7 239 995	-2 574 076
Endring i rekneskapsprinsipp investering					
Endring i rekneskapsprinsipp drift	4 294 407	4 294 407	4 294 407	4 294 407	4 294 407
Rekneskapsmessig mindreforbruk		-97 534	-1 983 647	-3 222 202	-8 487 116
Rekneskapsmessig meirforbruk	192 981				
Udisponert i investeringsrekneskapan					
Udekt investering		10 230 285			
Likviditetsreserve					
Kapitalkonto	-361 956 465	-359 822 248	-298 020 874	-237 645 894	-211 464 055
SUM EIGENKAPITAL	-462 096 868	-457 431 245	-404 857 712	-342 794 712	-298 674 968
(D) GJELD					
Pensjonsforpliktingar m.m	-734 050 907	-702 665 192	-690 747 719	-652 557 037	-633 691 858
Ihendehavarobligasjonslån	-305 024 000	-305 024 000	-305 024 000		
Sertifikatlån	-855 843 786	-830 664 438	-840 418 777	-1 245 971 599	-1 064 621 599
Andre lån	-355 215 663	-353 634 093	-352 418 395	-214 431 651	-353 207 973
Sum langsiktig gjeld	-2 250 134 356	-2 191 987 723	-2 188 608 891	-2 112 960 287	-2 051 521 430
<i>Kortsiktig gjeld</i>					
Kassekredittlån					
Anna kortsiktig gjeld	-97 232 775	-109 084 300	-115 974 691	-98 943 039	-89 027 562
Premieavvik	365 823	-1 421 211	-1 367 258	-979 126	-2 009 989
Sum kortsiktig gjeld	-96 866 952	-110 505 511	-117 341 949	-99 922 165	-91 037 551
SUM GJELD	-2 347 001 308	-2 302 493 234	-2 305 950 840	-2 212 882 452	-2 142 558 981
SUM EIGENKAPITAL OG GJELD	-2 809 098 177	-2 759 924 478	-2 710 808 552	-2 555 677 163	-2 441 233 949
BALANSEN SIN NETTOSUM	0	0	0	0	0
(E) MEMORIAKONTI					
Unyttå lånemidlar	50 464 689	41 101 593	44 646 479	141 246 852	201 997 367
Andre memoriakonti	3 000 610	2 536 552	2 474 308	1 611 080	1 582 604
Motkonto for memoriakontiane	53 465 299	-43 638 145	-47 120 787	-142 857 932	-203 579 971
SUM MEMORIAKONTI	0	0	0	0	0

Økonomiske styringsindikatorar og finansielle måltal

Ulstein kommune har ved fleire høve fått honnør for effektiv drift og god kvalitet på tenestene. KS-Konsulent gjennomførte våren 2019 ei evaluering av forvaltningspraksisen i kommunen gjennom Kommunekompasset, og kommunen fekk den tredje beste skåren gjennom tidene. Også i den årlege rangeringa til Kommunal Rapport i Kommunebarometeret kom kommunen bra ut med ein 72. plass av 422 kommunar. Det som trekker mest ned i denne kåringa er svake økonomiske nøkkeltal. Kommunestyret vedtok i mars 2018 fylgjande styringsindikatorar ved budsjettering for å kunne betre dei finansielle nøkkeltala / få ned lånegjelda:


- ▶ Netto driftsresultat skal minimum utgjere 1,75 % av driftsinntektene.
- ▶ Driftsfondet skal byggast opp til 7,5 % av brutto driftsinntekt.
- ▶ Det skal vere minimum 20 % eigenkapital for lånefinansierte investeringar kor driftsinntektene ikkje dekker driftskostnader og renter/avdrag frå første fulle driftsår.
- ▶ Netto lånegjeld i prosent av brutto driftsinntekter skal vere på snittet i Møre og Romsdal innan 15 år.

NETTO DRIFTSRESULTAT					
BELØP I 1000 KR.	2015	2016	2017	2018	2019
Netto driftsresultat	17 469	13 864	5 082	4 844	3 259
Brutto driftsinntekter i alt	622 986	659 994	706 511	741 077	742 394
I prosent av driftsinntektene	2,80 %	2,10 %	0,72 %	0,65 %	0,44 %
Måltal (1,75 %)	10 902	11 550	12 364	12 969	12 992
Avvik mot måltal	6 567	2 314	-7 282	-8 125	-9 733

Netto driftsresultat i prosent av brutto driftsinntekter er noko svakare enn dei føregåande åra.

DISPOSISJONSFOND					
BELØP I 1000 KR.	2015	2016	2017	2018	2019
Disposisjonsfond	22 848	35 495	39 373	45 232	48 074
Brutto driftsinntekter i alt	622 986	659 994	706 511	741 077	742 394
I prosent av driftsinntektene	3,67 %	5,38 %	5,57 %	6,10 %	6,48 %
Måltal (7,5 %)	46 724	49 500	52 988	55 581	55 680
Avvik mot måltal	-23 876	-14 005	-13 615	-10 349	-7 606

Disposisjonsfondet utgjør no vel 48 mill. kroner, tilsvarande 6,48 % av driftsinntektene.



Med omsyn til netto lånegjeld peikar pila rette vegen, men det er framleis langt igjen til snittet i fylket.

Med så høg lånegjeld vil ein stor del av inntektene gå med til å dekke renter og avdrag. Netto finans- og avdragskostnader utgjorde i fjor 8413 kroner per innbyggjar, mot 3256 kroner på landsbasis. Det betyr at kommunen brukar om lag 44 mill.

kroner meir på finansområdet enn snittkommunen. Dette gir eit avgrensa økonomisk handlingsrom og stiller særst høge krav til kostnadseffektiv drift.

Finansforvaltning

Ulstein kommune har i 2019 rapportert aktiva- og passivasida til kommunestyret, kvart tertial, samla for både kommunen og eigeidomselskapet. I 2019 har Ulstein kommune nytta Bergen Capital Management som rådgjevarar når det gjeld låneporteføljen.

Avtalen med Sydvestor AS som forvaltarar av langsiktige midlar på aktivasida vart avslutta i desember 2019, slik at ein ved nyttår ikkje var inne i aksjemarknaden. Avkastninga på midlar til aktiv forvaltning har vore slik i 2019:

FORVALTNING SYDVESTOR	PORTEFØLJE 01.01.2019		AVKASTNING 2019	PORTEFØLJE 31.12.2019	
	KR	PROSENT	KR	KR	PROSENT
Aksjar	5 282 472	12,3 %	740 321	-	0,0 %
Rentefond	5 111 744	11,9 %	71 113	-	0,0 %
Bankinnskot	32 414 532	75,7 %	588 111	44 005 178	100,0 %
Samla portefølje	42 808 748	100,0 %	1 399 545	44 005 178	100,0 %


Forvaltningshonoraret til Sydvestor utgjorde vel 190 000 kroner i 2019.

Likviditet


Likviditetssituasjonen er tilfredstillande og følger same mønsteret som fjoråret. Føretaket har lite unyttige lånemidlar og avgrensa midlar på fond, slik at likviditeten ikkje er på nivå med tidlegare år, men han er likevel under god kontroll. I vurderinga av likviditet må ein hugse på at kommunen har avgrensa likviditet

knytt til fond fordi driftsfondet må sjåast i samanheng med premieavviket på nesten 35 mill. kroner. Utviklinga av likvide midlar (eks. midlar til aktiv forvaltning og bundne bankinnskot) har vore slik i 2018 og 2019:

LIKVIDITETSUTVIKLING BANKINNSKOT ULSTEIN KOMMUNE



LIKVIDITETSUTVIKLING BANKINNSKOT ULSTEIN EIGEDOMSSKAP KF



Rente- og refinansieringsrisiko

Brutto lånegjeld for konsernet utgjorde 1516,1 mill. kroner ved årsskiftet. Sjølv om Ulstein har svært høg lånegjeld er det viktig å vere klar over at ein stor del av den renteutsette gjelda er rentesikra. Viss ein trekkjer ifrå unytta lånemidlar (50,5 mill. kroner) og utlån (85,2 mill. kroner), utgjer netto lånegjeld 1380,5 mill. kroner. Når ein justerer for lån knytte til sjølvkostområde (197 mill. kroner) og berekningsgrunnlag for rentekompensasjonsordningane (36,8 mill. kroner), er den

renteeksponerte gjelda på 1146,6 mill. kroner. Om ein i tillegg trekkjer ifrå renteberande likviditet, utgjer netto renteutsett gjeld 1061,7 mill. kroner. Av dette igjen er 867,9 mill. kroner (81,7 %) rentesikra gjennom enten fastrentelån eller rentebyteavtalar. Netto finanskostnadar vil difor auke med i underkant av 2 mill. kroner ved ein renteauke på 1 %. Vekta gjennomsnittrente, marknadsrenter og rentebindingstid går frem av tabellane under.

PORTEFØLJEN OG MARKNADSRENTER PER 31.12.2019						
VEKTA GJENNOMSNIITTSRENTE UK/UEKF	P.T. KOMMUNAL-BANKEN	NORGES BANK (STYRINGSRENTE)	3 MD. NIBOR	6 MD. NIBOR	3 ÅRS SWAP	5 ÅRS SWAP
2,07 % / 2,25 %	2,40 %	1,50 %	2,19 %	2,16 %	2,11 %	2,28 %

ULSTEIN KOMMUNE

INTERVALL	PÅLYDANDE I NOK	RENTEBINDINGSTID	DEL	AKKUMULERT DEL
Under 1 år	398 317 258	0,65	65,65 %	65,65 %
1 til 2 år	0	0	0,00 %	65,65 %
2 til 3 år	0	0	0,00 %	65,65 %
3 til 5 år	61 700 000	3,03	10,17 %	75,82 %
> 5 år	146 727 000	5,22	24,18 %	100,00 %
SUM	606 744 258	2,23	100,00 %	

ULSTEIN EIGEDOMSSELSKAP

INTERVALL	PÅLYDANDE I NOK	RENTEBINDINGSTID	DEL	AKKUMULERT DEL
Under 1 år	249 902 191	0,39	27,48 %	27,48 %
1 til 2 år	0	0	0,00 %	27,48 %
2 til 3 år	251 750 000	0	27,68 %	55,17 %
3 til 5 år	159 960 000	4,17	17,59 %	72,76 %
> 5 år	247 727 000	6,86	27,24 %	100,00 %
SUM	909 339 191	3,43	100,00 %	

Sertifikatlån (kortsiktige lån med løpetid inntil 12 månadar) utgjer 855,8 mill. kroner (56,4 %) av total brutto lånegjeld i konsernet. Måltala for kapitalbinding er 3,11 år i kommunekassa og 1,17 år i føretaket. Refinansieringsrisikoen vert vurdert til å vere liten.

Etatsvise oversikter

SENTRALADMINISTRASJON

HELSE OG OMSORG

OPPVEKST OG KULTUR

TEKNISK



KOMMUNALSJEF ORGANISASJON OG UTVIKLING
MONICA CECILIE TORP

Sentraladministrasjonen

2019 har vore nok eit innhaldsrikt år. Innføringa av nytt sak- og arkivsystem i første halvår kravde mykje arbeidsinnsats frå heile organisasjonen. Gjennomføring av kommune- og fylkestingval gjorde også hausten til eit intenst halvår. Gjennom året har vi jobba med å etablere heiltidskultur og vidareutvikling av leiarane våre. På slutten av året kåra vi Årets nyskapar 2019 blant dei tilsette. Ny kommunalsjef for organisasjon og utvikling kom på plass i 4. kvartal.

MÅL

- ▶ Gi innbyggjarane gode møte med kommunen
- ▶ Gjere det enkelt for innbyggjarane å få løyst oppgåver
- ▶ Vere ein attraktiv arbeidsgivar og arbeidsstad
- ▶ Ha stabile, kvalifiserte og motiverte tilsette som yter gode tenester
- ▶ Vere opne og gjennomsiktige
- ▶ Vidareutvikle ein raus delingskultur
- ▶ Ha sunne og aktive innbyggjarar
- ▶ Aktivt bruke teknologi og nye arbeidsmåtar
- ▶ Involvere og engasjere innbyggjarane i avgjerdsprosessane
- ▶ Samskape mellom folkevalde, administrasjon, næringsliv, frivillige og innbyggjarar
- ▶ Etablere den attraktive staden med urbane kvalitetar og tiltrekkingskraft
- ▶ Løfte regionen saman med våre naboar

TEKNOLOGI FOR Å LØYSE OPPGÅVER ENKLARE

Den største endringa i 2019 var innføringa av nytt sak- og arkivsystem. Sjølv om løysinga no er implementert, jobbar vi kontinuerleg med forbetring og vidareutvikling saman med dei andre kommunane i Sjustjerna.

Dei folkevalde har også fått ny løysing, Møteportalen. Her får dei folkevalde møtedokumenta digitalt. Det gir auka informasjonstryggleik og ein liten miljøgevinst.

For innbyggjarane har vi lansert ei ny digital skjemaløysing. Med den har vi fått eit betre verktoy til å lage gode sjølvbetjeningsløysingar.

INNBYGGJARANE MEDVERKAR

Innbyggjardialog er heilt essensielt for å utvikle Ulstein til den kommunen vi vil bu i no og i framtida. Saman kan vi få det til. Gjennom aktiv bruk av nettstaden vår, sosiale medium, folkemøte med meir, opplever vi at vi skapar eit engasjement for akkurat det.

Vi ønsker å vite kva innbyggjarane tenker. I 2019 gjorde vi ei innbyggjarundersøking på same måte som i 2017, 2015 og 2013. Undersøkinga viste at vi opplever Ulstein som ein trygg og god stad å bu. Men den ga oss også informasjon om kva vi ikkje var like nøgde med.

Vi trur at aktiv innbyggjardialog medverka til at vi opplevde høgare valdeltaking i årets kommunestyre- og fylkestingval enn tidlegare. Vi håpar at vidare innbyggjardialog vil fremje engasjement både i val og andre kommunale prosessar framover.

SUNNE, AKTIVE OG ENGASJERTE INNBYGGJARAR

Ulstein har ei forholdsvis ung befolkning med ein snittalder på ca. 39 år. Folkehelseprofilen viser at vi har ei sunn og aktiv befolkning samanlikna med andre kommunar. Samarbeidet på tvers av kommunale etatar er med på å oppretthalde folkehelsa gjennom å legge til rette for til dømes møteplassar og turveggar.

Ulstein skal ta vare på alle innbyggjarar. Gjennom prosjekt som Trygg start – tidleg innsats og samordning om lokale tiltak mot rus og kriminalitet, jobbar vi for det.

VI SAMSKAPAR OG INNOVERER

I nyskappingsstrategien vår er det nedfelt at vi skal kare Årets nyskapar. På slutten av året fekk alle tilsette høve til å nominere eit prosjekt, eit team eller ein person som hadde gjort noko nytt, nyttig og nyttiggjort. 13 nyskappingsprosjekt blei nominerte. Vinnaren blei IMU (Inkludering og mangfald i Ulstein) med samskapsprosjekt om utdannings- og jobbtilbod innan reinhald og industrimekanikk for innvandrarar.

Saman med ei rekke aktørar har vi jobba med å lage ein ny arena for innovasjon og livslang læring der næringslivet, offentleg sektor og utdanningssektoren møtest. Aktørane er blant andre Ulstein næringsforum, Mafoss (Maritim forening for søre Sunnmøre), klyngeaktørane NCE iKuben, Protomøre, Ålesund kunnskapspark, Ulstein vgs. og Høgskulen i Volda. Resultatet er Skaparhuset i Ulsteinvik, og vi ser fram til det som vil bli skapt der framover.

Innovasjonsarbeidet vårt er breitt og blir lagt merke til. I juni var kommunen ein av tre finalistar til Kommunal- og moderniseringsdepartementet sin innovasjonspris for arbeidet med Teknologiskulen.

MOTIVERTE OG KVALIFISERTE TILSETTE

Vi er heilt avhengige av motiverte og dyktige medarbeidarar for å klare å levere gode tenester kvar dag. Arbeidet med heiltidskultur og leiarutviklingsprogram er med på å auke kvaliteten både hos dei enkelte medarbeidarane og i tenestene dei gir.

For å hjelpe til i rekrutteringsarbeidet, har vi tatt i bruk eit nytt digitalt verktoy, Webcruiter. Det gjer rekrutteringsprosessen meir effektiv og ryddig både for dei som søker og for oss som tar imot søknadar.

Vi registrerer også at behovet for juridisk kompetanse aukar både internt i kommunen og i dei interkommunale samarbeida. Ulstein kommune har vore part i fleire saker til rettsmekling i 2019 som var svært ressurskrevjande. I 2019 har det også vore endringar i sentraladministrasjonen. I februar blei assisterande rådmann tilsett som rådmann. Tittelen rådmann vart seinare i 2019 endra til kommunedirektør. Stillinga som assisterande rådmann blei ståande vakant, og rekrutteringsprosessen resulterte i ein ny kommunalsjef for organisasjon og utvikling. For å gjennomføre valet har det også vore inne vikarar og det har vore interne overflyttingar til Servicetorg og dokumentsenter. Med ny kommunelov blei ansvaret for alle stillingar lagde under rådmannen – det førte til at demokrati og kommunikasjon blei inkludert i sentraladministrasjonen.

ØKONOMI

Mindreforbruket på sentraladministrasjonen kjem i hovudsak av pensjonsoppgjeret (vel 4,8 mill. kr) og eit positivt avvik på lærlingordning og IT-tenester (vel 1 mill. kroner).

SJUKEFRÅVÆR

Det er ein gledeleg nedgang i sjukefråværet på to prosentpoeng frå 6,76 % i 2018 til 4,78 % i 2019. Området omfattar også sjukefråvær knytt til lærlingar. Der er noko langtidssjukmelding som slår prosentvis sterkt ut i små miljø.

ÅRSVERK	TILSETTE		
21,63	24		
NETTO RESULTAT*	2017	2018	2019
Rekneskap	31,8	31,0	30,0
Budsjett	43,7	36,1	35,5
Avvik	11,9	5,1	5,5
SJUKEFRÅVÆR I %	2017	2018	2019
Sjukefråvær	6,0	6,76	4,78

* tal i mill. kroner



KOMMUNALSJEF MARIT BOTNEN

Helse- og omsorgsetaten

For å ha berekraftige tenester må vi tenkje nytt og innovativt, noko vi er gode på i helse og omsorg. Helsestasjonen har fortsatt eit sterkt fokus på førebyggjande arbeid. Både helsestasjonen, Nav og omsorgstenestene har gjennom året hatt eit samarbeid med legetenesta. I dette samarbeidet har elektronisk kommunikasjon mellom dei ulike tenestene vorte vidareutvikla. Dette fungerer godt og gjer det lettare å samordne gode pasientforløp. I tillegg har vi i endå større grad teke i bruk velferdsteknologi i samband med tilsyn for å ikkje forstyrre brukarane. Vi legg også større vekt på heiltidskultur, dvs. at personell vert tilsette i heile stillingar. For å betre tilhøva for brukarane, har vi også gjort vesentlege endringar i turnus, som gjer at dei får færre personar dei skal verte kjende med. I løpet av året har vi starta arbeidet med å rullere levekårsplanen. I løpet av 2019 har sjukefråværet i etaten gått ytterlegare ned.

MÅL

- ▶ Vi lærer og tenkjer nytt
- ▶ Gode pasientforløp
- ▶ Rett kompetanse
- ▶ Brukarmedverknad / gode tenester
- ▶ Alle skal ha tilbod om tilpassa bustad
- ▶ Leve til eg døyr / mat og måltid / aktivitet
- ▶ Venleg samfunn for alle
- ▶ Tidleg innsats for barn og unge
- ▶ God integrering
- ▶ Felles møteplassar på tvers av generasjonar

INNOVASJON, NYTENKING OG RETT KOMPETANSE

Vi har også i år lagt stor vekt på innovasjon. Dette handlar om betre kvalitet på tenestene, rettare bruk av personalet, betre arbeidsmiljø og optimal utnytting av etaten sin økonomi. Ulstein er sentralt med i sjustjerne-deltakinga i det nasjonale velferdsteknologiprogrammet. Mellom anna er vi vertskommune for prosjektet. Kompetansen i bruk av velferdsteknologiske løysingar er styrka. Erfaringane frå forbetringsteamet skal ha ringverknader for kompetanseutviklinga i dei andre avdelingane.

GODE PASIENTFORLØP, BRUKAR-MEDVERKNAD OG BETRE TENESTER

Etaten har også gjennom dette året lagt vekt på og vidareutvikla eit nært samarbeid med andre tenester og spesialisthelsetenesta. Vi har etablert eit internt forbetringsteam som har arbeidd for å implementere nye rutinar for pasientforløp. Ordninga fører til betre kvalitet, tettare oppfølging, betre internkontroll og høgare pasienttryggleik. Vi har også vidareført satsinga på kvardagsrehabilitering.

ALLE SKAL HA TILBOD OM TILPASSA BUSTAD

Kommunen står framfor ein auke i talet på eldre, og det er behov for fleire omsorgsbustadar. I 2019 vart det laga til ei parallellutlysing til ulike arkitektfirma om utforming av sentrum og utvikling av nye omsorgsbustadar. Etaten sitt butilbod til unge brukarar med særskilde behov har vorte utvikla vidare.

MAT, MÅLTID, OG AKTIVITET

Vi ynskjer at brukarane våre skal oppleve meistring. God ernæring er viktig for god helse, og kjøkkenet har eit særleg fokus på å vekke matglede og matlyst. For å møte brukarane sine behov, har vi endra måltidstrukturen. Vi har innført eit lunsjmåltid og flytta middagen.



VENLEG SAMFUNN FOR ALLE

Ulstein kommune ønskjer å vere eit demensvennleg samfunn, og vi har tilsett demenskoordinator. Tidleg oppdaging av demens og tilrettelegging av gode tenester er viktig. Denne satsinga er også styrka ved at vi i 2019 vart med i eit kommunenettverk for utvikling av aldersvenlege samfunn.

TIDLEG INNSATS FOR BARN OG UNGE

Vi har høgt fokus på helsefremjande og førebyggjande arbeid til alle fødande og småbarnsfamiliar, og gir tilbod om oppfølging til alle barn frå fødsel til og med vidaregåande skule. Helsestasjonen har foreldrerettleiingsprogram for tidleg oppdaging av og tidleg innsats ved problem hos barn – eller i samspelet mellom foreldre og barn.

INTEGRERING OG MØTEPlassar

Vi gir praksiserfaring til personar som treng yrkeserfaring og språktrening. Også i 2019 gjennomførte Nav fleire prosjekt for deltaking og integrering. I satsinga IPS vart det, ved hjelp av prosjektmidlar frå Helsedirektoratet, tilsett tre jobbspesialistar som gir bistand til menneske med psykiske helseutfordringar som hindrar arbeidsdeltaking. I samarbeid mellom kommunane, fylkeskommunen og Nav, vart det starta ei klasse ved Ulstein vidaregåande skule som gir tilrettelagd undervisning for framandspråklege i helsefag.

ØKONOMI

Helse- og omsorgsetaten har samla eit negativt driftsresultat på ca. 8,6 mill. kroner. Dette kjem av eit underskot i legetenesta på 1,6 mill. kroner, og 2,5 mill. kroner i Nav. I tillegg hadde omsorgsetaten langt lågare tilskot til omsorgskrevjande brukarar enn det ein hadde forventa. Ressursbruken til avlasting for barn har auka markant.

SJUKEFRÅVÆR

Etaten har også i år hatt eit vedvarande fokus på arbeidsmiljø og oppfølging av sjukmelde. Sjukefråværet var i 2019 vesentleg lågare enn året før (ned med 1,25 %).

ÅRSVERK	TILSETTE		
194,53	271		
NETTO RESULTAT*	2017	2018	2019
Rekneskap	169,4	172,3	188,1
Budsjett	158,4	173,5	179,4
Avvik	-11,0	1,2	-8,6
SJUKEFRÅVÆR I %	2017	2018	2019
Sjukefråvær	9,58	9,59	8,34

* tal i mill. kroner



KOMMUNALSJEF GRY NORDAL

Oppvekst- og kulturetaten

I oppvekst- og kulturetaten var også 2019 mykje prega av mål om innovasjon, nytenking og utvikling i kombinasjon med effektivisering og god ressursstyring for å oppnå god tenestekvalitet. Det har vore relativt høgt tempo i delar av endringsarbeidet. Dette har vore krevjande for einingane, som har stått i det til dagleg. Ein ser at endringane gjer at ein kan utføre mykje av arbeidet på nye måtar som gir ønskt endring og utvikling.

MÅL

- ▶ Eit samfunn prega av kreativitet, utdanning, læring, kompetanse og kunnskap
- ▶ God samhandling og interaksjon internt og eksternt
- ▶ Eit mangfaldig samfunn der alle kjenner seg inkluderte
- ▶ God brukarmedverknad i tenestene
- ▶ Rom for alle
- ▶ Eit samfunn der det er lov å gjere feil – og vi lærer av dei
- ▶ Open og mottakeleg for nye initiativ, nye idear og nye utfordrande planar/tankar

BARNEHAGE

Alle born med rett til barnehageplass, fekk oppfylt retten ved hovudopptaket. Det har vore ei utfordring å skaffe plass i supplerande opptak. Ved utgangen av året var det born utan rett til plass som sto på venteliste. Sentrumskrinsen har størst press på plass utanom hovudopptaket. Kapasitet utover hovudopptaket kan verte ei utfordring framover. Det er god dialog med dei private barnehagane om dette.

Det er vedtatt bygging av ny kommunal barnehage og sett ned ei prosjektgruppe for utforming av barnehagen så snart plassering er avklart.

Eit omfattande arbeid med handsaming av klagesakene knytt til tilskot til private barnehagar vart slutført våren 2019. Ved utgangen av året var alle sakene avslutta.

ReKomp (regional kompetansestrategi for barnehage) er ei ny nasjonal ordning for kompetanseutvikling. På bakgrunn av lokal kartlegging, nasjonale føringar og endringar i lova, er kommunikasjon og språk valt som overordna tema i Ulstein.

SKULE

Skulane har arbeidd målretta med læringsmiljø og arbeidsmiljø, med særleg vekt på god kultur for læring. Skulane har nådd gode resultat både i elevundersøkinga og på nasjonale prøver – jamt over på nivå med eller over resultat i fylket.

Satsinga på Teknologiskulen har vore vidareutvikla dette året, både med kompetanseheving og utstyr 1:1 fullført. Saman med Høgskulen i Volda har vi utvikla Ulsteinmodellen for vidareutdanning i IKT for pedagogisk personale. Elevar og lærarar fekk vise fram teknologisatsinga overfor finansminister Siv Jensen, som var på besøk i Ulstein.

Skulane har også hatt fokus på kompetanseheving og fagfornyning, der heile læreplanverket for grunnutdanninga skal fornyast. Ei ekstra satsing på kompetanseheving innan lesing/leseopplæring er sett i gang i eit nytt regionalt system: DeKomp (desentralisert

ordning for kompetanseutvikling i skulen). Ulstein samarbeider med Herøy og Sande i både ReKomp og DeKomp.

Prosjektet utbygging av Ulsteinvik barneskule har i 2019 vore arbeidd fram gjennom behovskartlegging og utarbeiding av skisse.

SKAPARHUSET

Det har i 2019 vore gjort eit arbeid med planlegging av Skaparhuset i Ulsteinvik. Ulstein er aktiv medeigar, med kommunalsjef for oppvekst og kultur som medlem i styringsgruppa. Skaparhuset er eit samarbeidsprosjekt mellom næringsliv, akademia og det offentlege, og skal bli staden der næringsliv, elevar, studentar og offentleg tilsette møtest for nyskaping. Skaparhuset skal vere ein arena for heile regionen, og byggjer på teknologisatsing i skule og arbeidsliv.

PEDAGOGISK-PSYKOLOGISK TENESTE (PPT)

Avdelinga har, i tillegg til arbeid med individualsaker, hatt stort fokus på kompetanseheving og organisasjonsutvikling både i barnehage og skule, med mål om trygge og inkluderande læringsmiljø. Som vertskommune utfører tenesta oppgåver for Volda, Ørsta og Hareid, i tillegg til Ulstein. I 2019 har eininga hatt stort fokus på organisering og samordning for å yte teneste i tråd med behov i kommunane.

INKLUDERING OG MANGFALD (IMU)

I 2019 vart det busett 17 flyktningar, inkludert flyktningar busette gjennom familiesameining. IMU har hatt gradvis færre elevar på grunn av færre busette flyktningar og at asylmottaket vart lagt ned. For å redusere kostnader, er talet på tilsette redusert. Nav er ein viktig samarbeidspart. I arbeidet med kvalifisering av busette flyktningar har IMU og Nav etablert tilrettelagde løp for kvalifisering til fagbrev i samarbeid med fylkeskommunen, andre kommunar og Mafoss.

KULTUR

Arbeidet og aktivitetane som ligg til kulturavdelinga er nært knytte til innbyggjarane og organisasjonane i lokalsamfunnet. Nytt i 2019 var tiltaket Ung Arena, eit prosjekt finansiert av Gjensidigestiftelsen. Sjøborg kulturhus og kino har gode besøkstal. Ulstein Arena er den store samlings- og møteplassen og ein viktig faktor for at Ulstein skal vere ein god stad å vekse opp. Her møtest folk på tvers av alder, kultur og interesser. Biblioteket har gode besøkstal og har hatt eit svært aktivt år med mange arrangement.

ØKONOMI

Oppvekst- og kulturetaten har samla sett eit overforbruk på 5,3 mill. kroner. Hovudårsaker er kostnader knytte til delvis medhald i klagesaker innan barnehageområdet, og til auka ressursbehov ved tidleg innsats. Enkelte av skulane har til dels store negative avvik. I tillegg ser ein også i 2019 at budsjettert inntekt og utgift for Ulstein Arena ikkje harmonerer med røynda og gir eit negativt resultat på om lag 2 mill. kroner. Inntekt utover budsjettert på flyktningområdet, samt innsparingar på fellesutgifter i oppvekst, verkar positivt inn på sluttresultatet.

SJUKEFRÅVÆR

Sjukefråværet samla for etaten var i 2019 på 6,64 %. Dette er noko høgare enn målsettinga på inntil 5 %, men likevel akseptabelt, og tydeleg redusert samanlikna med både 2018 og 2017. Det vert arbeidd med heiltidskultur i eit pilotprosjekt, og det er grunn til å tru at ei vidareføring til alle avdelingar vil vere positivt også for arbeidsnærveret.

ÅRSVERK	TILSETTE		
252,47	294		
NETTO RESULTAT*	2017	2018	2019
Rekneskap	218,1	247,7	247,9
Budsjett	217,3	236,5	242,6
Avvik	-0,8	-11,2	-5,3
SJUKEFRÅVÆR I %	2017	2018	2019
Sjukefråvær	7,11	8,20	6,64

* tal i mill. kroner



KOMMUNALSJEF ARNE RUNAR VIK

Teknisk etat

Det vart gjennomført overskjønn for grunnverv på Skeide i regi av Frostating lagmannsrett i juni. Frådeling, oppmåling og oppgjer vart arbeid med i andre halvår og fullført for dei aller fleste involverte grunneigarar. Innføring av sak-/arkivsystemet til ACOS var svært ressurskrevjande for nokre av medarbeidarane ved kontoret. Dette har ført til at prosjektet «Digitalt førsteval» har fått lågare prioritet. Arealdelen til kommuneplanen vart vedteken i mars. I mekling kom ein ikkje til semje med fylkeskommunen om gravplassspørsmålet, så deira motsegn vart sendt til departementet for handsaming. Det er gjennomført fleire prosjekt innanfor vassforsyning, avløp og gang- og sykkelveggar.

MÅL

- ▶ Effektive og gode planprosessar
- ▶ Ha kartgrunnlag i nasjonal toppklasse
- ▶ Fortette i sentrum
- ▶ Drive innovasjon i tenesteproduksjon
- ▶ Enkel, trygg og god trafikkavvikling for gåande, syklande og køyrande
- ▶ Verne om miljøet
- ▶ Universell utforming og folkehelse skal vere i fokus
- ▶ Legge fysisk til rette for attraktive møteplassar i uterommet
- ▶ Betre digital kompetanse
- ▶ Utvikle ein variert bustadmarknad med tilbod for alle grupper
- ▶ Brei medverknad i planprosessar
- ▶ Ha attraktive møteplassar
- ▶ Ulstein skal vere ein trygg kommune å bu i



Grasklipping i solsteiken framfor Ulstein rådhus. Foto: Svein Arne Orvik

PLAN- OG BYGNINGS-AVDELINGA

Arealplan: Vedtak om ny arealdel til kommuneplanen var viktig å få på plass. Det vart vedteken ein privat reguleringsplan. I samband med gjennomføring av leikeplass-registrering (studentarbeid) vart SMS og 3D-verktyet CityPlanner nytta – noko som gav god respons. Det har vore låg aktivitet på bygge- og frådellingssaker om ein ser vekk ifrå kommunalt engasjement på Skeide.

Vidare arbeid med eigedomsskatten vart gjennomført hovudsakleg tidleg på året (januar–mars) og på slutten (november–desember).

ANLEGG- OG DRIFTS-AVDELINGA

Det er ikkje registrert avvik i vassforsyninga. Drift og utbygging er gjennomført i samsvar med godkjend hovudplan og budsjettmessige løyvingar. For å avgrense gebyrauken, er ambisjonsnivået på desse to fagfelt blitt redusert i høve vedtekne planar.

Det har vore normal drift av kommunale vegar. På grunn av lågare budsjett enn reelt behov innanfor vegvedlikehaldet, er m.a. fornying av faste dekke minimalt.

HAREID OG ULSTEIN BRANNVESEN

Eininga vart etablert 1. januar 2018. Der har vore vakanse i stillinga som leiar for førebyggjande avdeling i påvente av konklusjon når det gjeld brannvernssamarbeid mellom fleire kommunar på Søre Sunnmøre, der utgreiing pågår.

Innanfor brannberedskapen er det 185 registrerte hendingar, 61 i Hareid og 124 i Ulstein. Av desse var 76 reelle, deriblant 5 bygningsbrannar, 12 branntilløp og 25 trafikkulukker/trafikkuhell. Vi hadde ein nedgang på unødige alarmer på 36 % i høve 2018.

Tilsyn i særskilde brannobjekt har i stor grad vorte utført i samsvar med målsetjingane (som er reduserte pga. vakant stilling). Talet på feiing og tilsyn med fyringsanlegg i kommunane Ulstein, Hareid, Herøy, og Vanylven er noko lågare enn målsetjingane.

ØKONOMI

Samla sett kjem etaten ut i balanse økonomisk i 2019. Nokre avdelingar har overforbruk, og andre har mindreforbruk.

SJUKEFRÅVÆR

Sjukefråværet på over 7 % er langt høgare enn målsetjinga om 98 % nærvær. Hovudårsaka er langtidssjukmeldingar som ikkje kan knytast til forhold på arbeidsplassen.

ÅRSVERK	TILSETTE		
25,2	58,5		
NETTO RESULTAT*	2017	2018	2019
Rekneskap	27,4	28,5	29,1
Budsjett	26,8	27,9	29,1
Avvik	-0,6	-0,6	0,0
SJUKEFRÅVÆR I %	2017	2018	2019
Sjukefråvær	3,82	3,73	7,06

* tal i mill. kroner

Avdelingsvise oversikter

ØKONOMIAVDELINGA

PERSONALAVDELINGA

SERVICETORG OG DOKUMENTSENTER

DEMOKRATI OG KOMMUNIKASJON

HELSE OG OMSORG – SONE 1

HELSE OG OMSORG – SONE 2

HELSE OG OMSORG – SONE 3

HELSE OG OMSORG – SONE 4

HELSESTASJONSTENESTA

LEGETENESTA

NAV

BARNEVERN

HADDAL SKULE

HASUND SKULE

ULSTEIN SKULE

ULSTEINVIK BARNESKULE

ULSTEIN UNGDOMSSKULE

SUNDGOTMARKA BARNEHAGE

PEDAGOGISK-PSYKOLOGISK TENESTE

ULSTEIN KULTURSKULE

INKLUDERING OG MANGFALD

KULTURAVDELINGA

PLAN- OG BYGNINGSAVDELINGA

ANLEGG- OG DRIFTSAVDELINGA

HAREID OG ULSTEIN BRANNVESEN

ORGANISASJONSKART ULSTEIN KOMMUNE

KOMMUNEDIREKTØR, KOMMUNALSJEFAR



Kommunedirektør
Verner Larsen



Organisasjon og utvikling
Kommunalsjef
Monica Cecilie Torp



Helse- og omsorgsetaten
Kommunalsjef
Marit Botnen



Oppvekst- og kulturetaten
Kommunalsjef
Gry Nordal



Teknisk etat
Kommunalsjef
Arne Runar Vik

STAB



Økonomiavdelinga
Steinar Nummedal



Personalavdelinga
Kari Riise



Servicetorg og dokumentesenter
Eli Marte Dalhaug



Demokrati og kommunikasjon
Svein Arne Orvik

HELSE- OG OMSORGETATEN



Sone 1 heimetenester
Leiar
Heidi Strand



Sone 2 heimetenester
Leiar
Gunn Hofset



Sone 3 institusjon/heimetenester
Leiar
Gunn Sætre



Sone 4 institusjon
Leiar
Gunn Helen Hauge Muren



Helsestasjonstenesta
Leiar
Kristin Meli



Legetenesta
Leiar
Norunn Kirkebø Elde



Nav
Leiar
Anders Hammer



Barnevern
Leiar
Aina Øyehaug Opsvik

OPPVEKST- OG KULTURETATEN



Haddal skule
Leiar
Vibeke Vigestad Berge



Hasund skule
Leiar
Ole Inge Molvær



Ulstein skule
Leiar
Synnøve Haug



Ulsteinvik barneskule
Leiar
Vegard Gurskevik



Ulstein ungdomsskule
Leiar
Leon Romestrand



Sundgotmarka barnehage
Leiar
Nora Wingsternes



Pedagogisk-psykologisk teneste
Leiar
Ingrid Enebø Haug



Ulstein kulturskule
Leiar
Julianne Hauge



Inkludering og mangfold
Leiar
Lars Erling Bjåstad Hovlid



Kulturavdelinga
Leiar
Leif Ringstad

TEKNISK ETAT



Plan- og bygningsavdelinga
Leiar
Anita Sundnes



Anleggs- og driftsavdelinga
Leiar
Odd Kåre Wiik



Hareid og Ulstein brannvesen
Leiar
Olav Helt Brubakk



Økonomiavdelinga

LEIAR: STEINAR NUMMEDAL

Også i 2019 vart det auka aktivitetsnivå på avdelinga ettersom vi tok over rekneskapsføringa av SSIKT frå Hareid. Ny bankavtale med Sparebank 1 Søre Sunnmøre vart implementert i 1. kvartal, og Tieto Education vart tatt i bruk som nytt forsystem til utfakturering av barnehage og SFO i andre halvår. I budsjettprosessen på hausten stilte ny kommunelov krav til utarbeiding av nye forskriftsrapportar og budsjettering på konsernnivå.

Vi har kontinuerleg fokus på automatisering av arbeidsprosessar og auka kvalitet på økonomiarbeidet som vert gjort. Eit døme kan vere andelen EHF-fakturaer, som har auka frå 31 % i 2015 til 78 % i 2019. Prekontering vil vere på plass i løpet av 2020 og sørge for mindre tidkrevjande og meir konsistent kontering.

Det faglege nivået på avdelinga er i stadig utvikling, og dette vert underbygt av evalueringa som kommunekompasset gjennomførte i 2019. På fokusområdet resultatfokus og effektivitet fekk vi ein skår på 68 poeng. Dette er 12 poeng betre enn i 2017 og 18 poeng betre enn i 2015.

ØKONOMI

Rekneskapen er i samsvar med budsjettet.

SJUKEFRÅVÆR

Sjå omtalen under etatskapittelet til sentraladministrasjonen.

ÅRSVERK	TILSETTE		
5	5		
NETTO RESULTAT*	2017	2018	2019
Rekneskap	3,5	3,6	3,6
Budsjett	3,6	3,5	3,7
Avvik	0,1	-0,1	0,1
SJUKEFRÅVÆR I %	2017	2018	2019
Sjukefråvær	sjå sentraladministrasjon		

* tal i mill. kroner

DETTE GJER VI FOR Å NÅ MÅLA

- ▶ held oss oppdaterte og sikrar god kompetanse på lover, regelverk og bruk av digitale verktøy, og formidlar dette vidare ut i organisasjonen
- ▶ sikrar god og rett samhandling med tillitsvalde og verneombod
- ▶ utarbeider rutinar, mål og tiltak for å førebygge og redusere sjukefråvær og skadar i heile organisasjonen – i samspel med AMU, Nav og bedriftshelsetenesta
- ▶ tar overordna ansvar for å initiere og koordinere arbeid med heiltidskultur, leiarutvikling, avvikshandtering og innføring av e-læringsportal



Personalavdelinga

LEIAR: KARI RIISE

Vårt ansvar er i stor grad å sikre trygg drift og gi leiarstøtte innan lønn, personal, rekruttering med meir. I 2019 har vi jobba med å utarbeide nye standardbrev og malar i samband med innføring av nytt sak- og arkivsystem. Desse er til dels felles for kommunane i Sjustjerna.

Vi har teke ei leiande rolle ved innføring av rekrutteringsportalen Webcruiter for alle kommunane i Sjustjerna dette året. Arbeidsflyten ved rekruttering er vesentleg betra etter innføring av denne portalen. Rekruttering av nye medarbeidarar er viktige investeringar, og vi legg stor vekt på å legge til rette for gode prosessar. Med få unntak, får vi kvalifiserte søkarar til stillingane vi lyser ut. Permisjonsreglementet vårt har vore til revidering i 2019. Brilleavtale er reforhandla slik at utgiftene til databriller vil bli sterkt reduserte. Lokale lønnsforhandlingar vart gjennomførte utan brot.

Kommunen som arbeidsgivar er evaluert i kommunekompasset. I 2019 har vi fått 65 poeng på dette fokusområdet. Dette er 10 poeng betre enn for 2017 og 18 poeng

ÅRSVERK	TILSETTE		
6,2	7		
NETTO RESULTAT*	2017	2018	2019
Rekneskap	4,0	3,8	4,3
Budsjett	3,7	3,9	4,3
Avvik	-0,3	0,1	0,0
SJUKEFRÅVÆR I %	2017	2018	2019
Sjukefråvær	sjå sentraladministrasjon		

* tal i mill. kroner

DETTE GJER VI FOR Å NÅ MÅLA

- ▶ held oss oppdaterte på ny teknologi og fagsystem
- ▶ syter for å vere serviceinnstilte og imøtekomande mot kundar og brukarar av våre tenester
- ▶ sikre berekraftig økonomi gjennom god finans- og økonomiforvaltning
- ▶ syte for kvalitet i arbeidet med målstyring og rapportering gjennom samarbeid med leiarane i organisasjonen

ÅRSVERK	TILSETTE		
5,93	7		
NETTO RESULTAT*	2017	2018	2019
Rekneskap	4,1	3,4	4,1
Budsjett	3,4	3,6	3,7
Avvik	-0,7	0,2	-0,4
SJUKEFRÅVÆR I %	2017	2018	2019
Sjukefråvær	sjå sentraladministrasjon		

* tal i mill. kroner

DETTE GJER VI FOR Å NÅ MÅLA

- ▶ utvikle brukarvennlege og smarte søknadsskjema til teneste våre
- ▶ forbetre og modernisere skranketenesta basert på trendar og kartlegging
- ▶ nytte eit klart språk slik at informasjonen vår famnar om alle
- ▶ vidareutvikle nytt sak- og arkivsystem, og bidra aktivt i det interkommunale arkivsamarbeidet
- ▶ jobbe fram meir effektive saksgangar



Servicetorg og dokumententer

LEIAR: ELI MARTE DALHAUG

For vår eining vart 2019 sær innhaldsrikt. Første delen av året gjekk med til ein intens innspurt i innføringa av nytt sak- og arkivsystem, Acos WebSak. Mange avanserte modular måtte vi lære og få på plass. Takka vere ei velfungerande interkommunal prosjektgruppe, heldt vi fristane, og systemet vart sett i drift 28. mai. Systemskiftet påverka sjølvstøtt alle saksbehandlarar i kommunen, men sidan systemansvaret ligg hos oss, vart dette ei krevjande tid. Dokumententeret skal sjå til at dokumentasjonsforvaltninga blir rett, og samtidig vere ein aktiv støttefunksjon for organisasjonen. Hektisk og lærerikt.

Medan Acos WebSak fortsatt var under etablering, starta arbeidet med kommunestyre- og fylkestingsvalet. Eininga er sentral under heile valperioden, og deler på ansvaret med avd. for demokrati og kommunikasjon. To av våre tilsette stod på valliste, og det vart behov for ekstrahjelp. Engasjementet vart forlenga ut året for å dekkje opp eit langtidssjukefråvær.

Vi har hatt fleire interne rokeringar av tilsette. Den eine kom til oss i mars, og den andre i september. Mot slutten av året gjekk eit vikariat ut, og ein vart overført til ny eining ved årsslutt. Vi hadde inne ein person i praksisplass om våren, som ordna historisk papirarkiv. Dette arkivarbeidet har trass i høg aktivitet også i år hatt framgang.

ØKONOMI

Avdelinga fekk eit negativt avvik i år grunna behov for ekstra bemanning i valperioden og vidare ut året. Det vart også ei overlapping av tilsette frå hausten av, på grunn av interne rokeringar.

SJUKEFRÅVÆR

Sjå omtalen under etatskapittelet til sentraladministrasjonen.



Demokrati og kommunikasjon

LEIAR: SVEIN ARNE ORVIK

Mykje av 2019 gjekk med til å planlegge og gjennomføre kommunestyre- og fylkestingsvalet. Vi la spesiell vekt på å kommunisere godt med veljarane og gjere det enkelt å førehandsrøyste. Ei nyskaping var å ha førehandsrøysting på Ulstein bibliotek. Det gav god respons.

85 prosent fleire røysta på førehand i Ulstein i 2019 samanlikna med det førre lokalvalet. Valdeltakinga i kommunestyrevalet i Ulstein gjekk opp frå 59,7 % i 2015 til 64,4 % i 2019. Ulstein var ein av 18 kommunar som deltok i eit forsøk der valkorta vart sende ut elektronisk. Vi hadde gode erfaringar med forsøket.

Innføringa av det nye systemet for politiske møtedokument var eit ressurskrevjande prosjekt i 2019. Midtvegs i året gjekk vi over til å bruke Møteportalen, der dei folkevalde får alle saksdokumenta digitalt.

I evalueringa Kommunekompasset fekk Ulstein 72 poeng på området offentlegheit og demokrati, det høgste nokon kommune har fått. «Heile det arbeidet Ulstein gjer

med å fremje og utvikle innbyggardialogen og lokaldemokratiet er sær bra», heitte det i evalueringa. Arbeidet fekk ei såkalla gullstjerne for «absolutt beste praksis som dei aller fleste andre kommunar kan lære av».

Vi prioriterte elles å oppdatere og halde ved like innhaldet på nettstaden til kommunen. Her har vi hatt mykje igjen for samarbeidet med andre kommunar på Søre Sunnmøre.

I sosiale medium tok vi initiativ til innbyggardialog og løfta fram strategiske satsingar og nyskaping i organisasjonen.

ØKONOMI

Rekneskapen svarar til budsjettet.

SJUKEFRÅVÆR

Sjå omtalen under etatskapittelet til sentraladministrasjonen.

ÅRSVERK	TILSETTE		
2	2		
NETTO RESULTAT*	2017	2018	2019
Rekneskap	4,1	4,5	4,7
Budsjett	4,0	4,4	4,7
Avvik	-0,1	-0,1	0,0
SJUKEFRÅVÆR I %	2017	2018	2019
Sjukefråvær	sjå sentraladministrasjon		

* tal i mill. kroner

DETTE GJER VI FOR Å NÅ MÅLA

- ▶ utviklar nettstaden slik at brukarane finn det dei er ute etter og får gjort det dei skal
- ▶ nyttar sosiale medium for å engasjere innbyggjarane
- ▶ prøver ut nye verktøy for innbyggardialog og samskaping
- ▶ gir dei folkevalde god hjelp
- ▶ profilerer arbeidet og satsingane i kommunen
- ▶ gjennomfører val på ein tillitvekkande måte



Helse og omsorg – Sone 1

LEIAR: HEIDI STRAND

Heimesjukepleia har hatt eit godt driftsår med stabilt personale. Vi har tatt i bruk fleire velferdsteknologiske løysingar, som digitale tryggleiksalar, medisineringsrobotar og GPS-klokker. Løysingane tek tid å implementere med nye rutinar, sikringstiltak og teknologisk infrastruktur. Men personalet har vore flinke, vi har kome godt i gang.

Vi har prøvd ut eit prosjekt med eit oppfølgingsteam for menneske med nedsett funksjonsevne. Målet har vore å hjelpe dei der dei er, at dei kan etablere seg og bu aleine med hjelp frå teamet. Prosjektet vart diverre avslutta ved årsskiftet.

Kvardagsrehabilitering er no ein integrert del av tenestetilbodet. Erfaringane frå satsinga er svært gode.

Eit internt forbedringsteam har arbeidd for å implementere nye rutinar for pasientforløp. Dette inneber nye rutinar når det er nye brukarar eller ved endringar/funksjonsfall. Dette har ført til kvalitetsbetring, tettare oppfølging, betre internkontroll og høgare pasienttryggleik.

Kontorfasilitetane i heimesjukepleia og tenesta for psykisk helse og rus er framleis lite tilfredsstillande. Heimetenesta har for få kontor, baserommet er trangt og lite eigna for arbeidslaget. Tenesta for psykisk helse og rus har heller ikkje tilfredsstillande lokale: gamle leilegheiter med dårleg inn klima og svært lytt mellom kontora.

Bilordningar har kome på plass på dei fleste avdelingane i etaten.

ØKONOMI

Økonomien har stort sett vore i balanse gjennom året.

SJUKEFRÅVÆR

Sjukefråværet hadde ein oppgang i 2019. Noko av fråværet hadde samheng med muskel- og skjelettplager, men hovudsakleg hadde det ikkje jobbrelaterede årsaker.

ÅRSVERK	TILSETTE		
36,9	68		
NETTO RESULTAT*	2017	2018	2019
Rekneskap	27,0	27,6	33,1
Budsjett	26,1	27,9	33,3
Avvik	-0,9	0,3	0,2
SJUKEFRÅVÆR I %	2017	2018	2019
Sjukefråvær	10,72	8,69	10,41

* tal i mill. kroner

DETTE GJER VI FOR Å NÅ MÅLA

- ▶ ta i bruk fleire velferdsteknologiske løysingar, m.a. digitale tryggleiksalar, e-lås og ulike smarte digitale hjelpemiddel i heimane
- ▶ oppfølgingsteam for menneske med nedsett funksjonsevne, tilsette psykolog og implementere tilbodet i kommunen. Halde fram med kvardagsrehabilitering som ein integrert del av tenestene i kommunen
- ▶ god tverrfagleg samhandling og gode pasientforløp – deltaking i nasjonalt program
- ▶ arbeide for betre kontorfasilitetar innan psykisk helse og rus og heimesjukepleia, meir hensiktsmessig bruk av Skollebakken og betre bilordningar for dei tilsette

ÅRSVERK	TILSETTE		
54,76	74		
NETTO RESULTAT*	2017	2018	2019
Rekneskap	40,7	46,3	52,5
Budsjett	37,1	45,9	51,4
Avvik	-3,7	-0,4	-1,1
SJUKEFRÅVÆR I %	2017	2018	2019
Sjukefråvær	8,09	12,26	8,77

* tal i mill. kroner

DETTE GJER VI FOR Å NÅ MÅLA

- ▶ halde fram med å utvide/utvikle teknologiske løysingar i takt med behovet
- ▶ gjere om stillingsheimlar til sjukepleiar/vernepleiar for å kunne møte endra behov
- ▶ lage trivelege måltid med god ernæring og nydeleg matlukt berre på husa våre
- ▶ ved fellesmåltid: tilby to varme måltid per dag og middagen blir flytta til seinare på ettermiddagen
- ▶ endre og tilpasse turnusane i forhold til endring av måltid
- ▶ halde fram med å ta godt imot lærlingar, studentar, elevar, språk- og arbeidspraksiskandidatar
- ▶ halde fram med samarbeid og sambruk av lokalitetar og skape felles møteplassar/arenaer



Helse og omsorg – Sone 2

LEIAR: GUNN HOFSET

Det har vore jobba mykje med fleksible turnusordningar. Dei som ynskjer det, får jobbe langvakter på 14 timar. Nokre ynskjer ei blanding av 7-timarsvakter og langvakter, andre ynskjer berre langvakter og komprimert turnus, dvs. arbeid ei veke og fri den neste. Dette forbetrar kvalitet og kontinuitet på tenester.

Vi har tatt i bruk E-rom: nettbrett som gir personalet lett tilgang til tiltaksplanar/dokumentasjon og som kan brukast som telefon. Tryggleiksalarmane på Ulshaugen har blitt bytta ut til digitale alarmer og Helsekerdalen 20 og 22 har fått ei nødvendig oppgradering av alarmanlegget.

Vi har kome enda lenger med implementering av velferdsteknologi. Mykje tid har gått med til å sette seg inn i lovverk, og til å skrive rutinar og tiltaksplanar. GDPR og DPIA er tidskrevjande å få på plass. Nytt sjuke signalanlegg og kartlegging av infrastruktur som skal vere bra nok for framtida er under utarbeiding.

Vi har hektiske avdelingar med store areal som skal haldast i orden, noko som fører til mykje trakk. Fokuset er individuell omsorg og at dei eldre skal få bu i omsorgsbustad lengst muleg. To varme måltid per dag og middag om ettermiddagen vart innført frå september.

Det er stadig auke i behov for avlasting til barn/unge med spesielle behov.

Personalet er motiverte og har stort pågangsmot. Dei tek godt imot svært mange i språk- og arbeidspraksis og sone 2 er ofte ønska som praksisplass.

ØKONOMI

Avdelingane har mange brukarar som mottek ressurskrevjande tenester og underskotet blir dekt inn av overføringar frå staten i samband med dette.

SJUKEFRÅVÆR

Fråværet har gått mykje ned takka vere god oppfølging av personalet.

ÅRSVERK	TILSETTE		
32,34	47		
NETTO RESULTAT*	2017	2018	2019
Rekneskap	24,2	23,7	26,7
Budsjett	23,9	24,4	26,8
Avvik	-0,2	0,7	0,1
SJUKEFRÅVÆR I %	2017	2018	2019
Sjukefråvær	10,18	11,02	7,32

* tal i mill. kroner

DETTE GJER VI FOR Å NÅ MÅLA

- ▶ ta i bruk velferdsteknologi; RoomMate og Somnofy
- ▶ auke sjukepleiardekninga
- ▶ tilrettelegge gode møteplassar på Alvehaugen for barn og eldre
- ▶ aktivitetar knytte til musikk og trening for å stimulere, aktivisere og auke livsgleda
- ▶ praksisplassar for minoritets-språklege som treng språk- og arbeidspraksis



Helse og omsorg – Sone 3

LEIAR: GUNN SÆTRE

Velferdsteknologiske hjelpemiddel har vorte ein integrert del av tenesta vår. Vi nyttar fleire RoomMate og Somnofy for betre å skreddarsy tenestetilbodet vårt.

Talet på innleggingar i sjukeheimen aukar. Dette har ført til auka behov for sjukepleie-fagleg kompetanse og fleire sjukepleiarar i tenesta vår, men i 2019 har ein ikkje fått auka delen sjukepleiarar i sone 3. Tal på innleggingar på korttidsavdelinga auka frå 111 innleggingar i 2018 til 142 i 2019, fordelt på 77 frå sjukehus, 29 frå heimen og 36 på KAD-opphald.

Dagsenteret for eldre på Alvehaugen har samarbeid med Almejordet barnehage og førsteklassingar, som kjem på besøk. Dei har aktivitetar knytt særskilt til lavvoen og songstunder. Talet på brukarar på dagsenteret har auka, særleg knytt til yngre demente. Demenskontakta (20% stilling) jobbar tett opp til dagsenteret for eldre. Det sosiale aktivitetstilbodet ein gjev på dagsenteret viser seg som eit attraktivt tilbod for heimebuande eldre og dei med demensdiagnose.

Fleire helsefagarbeidarar med minoritets-språkleg bakgrunn arbeider på avdelingane

og ein har òg praksisplass for helsefagarbeidarelevar frå den minoritetsspråklege klassa på avdelingane G og HI.

Sone 3 er pilot i omsorg i heiltidskultur-prosjektet og har arbeidd mykje med dette i 2019. Vi skal starte med langvaktsturnus på helg i 2020 for å betre kontinuiteten og kvaliteten på tenesta med færre personale i større stillingar.

ØKONOMI

Budsjettet er i balanse.

SJUKEFRÅVÆR

Det er ei gledeleg utvikling med ein nedgang til 7,32 %.



Helse og omsorg – Sone 4

LEIAR: GUNN HELEN HAUGE MUREN

Bruken av RoomMate er godt i gang på avdelingane. Vi har fokus på miljøretta arbeid og personsentrert omsorg. Vi gir tilbod om individuelt tilpassa aktivitetar. Her er godt samarbeid på tvers av avdelingar og profesjonar, med fokus på å utnytte den enkelte sin kompetanse og ressursar. Vi har samarbeidsmøte med pårørande. Frivillige er inne gjennom aktivitetsvenn-prosjektet. Vi har personar i språk- og arbeidspraksis, elevar og studentar.

Natt-teamet har eit stort og samansett ansvarsområde. Teamet fungerer og samarbeider svært godt på tvers i etaten.

Kjøkkenet har stor aktivitet. I 2019 vart middagen flytta til kl. 15.30 og det vart innført eit lunsjmåltid. Endringa førte til ei omlegging og meirarbeid for kjøkkenet. Kjøkkenet har omstilt seg på ein god måte innan gjeldande stillingsheimlar. Dagleg leverer dei alle måltid til institusjon, middaggar til omsorgsbustader og heimebuande, og kvar veke lunsjar til diverse arrangement. Kjøkkenet medverkar

på julebord, krabbefestar som dagplass arrangerer og lagar til julebord for alle tilsette i helse- og omsorgsetaten. Det er fokus på å nytte råvarer knytt til årstidene. Der er jamleg inne både elevar og personar på språk- og arbeidspraksis.

Vaskeriet har også i 2019 hatt eit stort press på tenestene. Dei arbeider godt med små ressursar.

ØKONOMI

Budsjettet er i balanse.

SJUKEFRÅVÆR

Sjukefråværet har gått litt ned. Sjukefråværet er i hovudsak ikkje arbeidsrelatert. Vi har fokus på tett dialog og tilrettelegging.

ÅRSVERK	TILSETTE		
39,82	47		
NETTO RESULTAT*	2017	2018	2019
Rekneskap	29,5	28,9	30,8
Budsjett	28,4	28,6	31,3
Avvik	-1,2	-0,3	0,5
SJUKEFRÅVÆR I %	2017	2018	2019
Sjukefråvær	13,99	10,32	9,85

* tal i mill. kroner

DETTE GJER VI FOR Å NÅ MÅLA

- ▶ ta i bruk RoomMate
- ▶ samarbeide betre på tvers av profesjonar og avdelingar, nytte rett kompetanse på rett plass
- ▶ tilby daglege aktivitetar, individuell omsorg, gode måltidsopplevingar – fire næringsrike måltid per dag med individuell tilpassing
- ▶ vere positive til initiativ og tilbake-meldingar frå både kollegaer, frivillige, pårørande og bebuarar
- ▶ vere positive til og vere gode rolle-modellar for elevar, studentar og personar i språk- og arbeidspraksis



Helsestasjonstenesta

LEIAR: KRISTIN MELI

Helsestasjonen har fokus på helsefremjande og førebyggjande arbeid, og gir tilbod om oppfølging til alle barn frå svangerskap til og med vidaregåande skule. Trass nasjonale prosjektmidlar til to helsesjukepleiarstillingar, er vi enno ikkje oppe på nasjonal minstenorm for bemanning i skulane. Det er også vanskeleg å få helsesjukepleiar i stillingane, og på fire utlysingar har det ikkje vore kvalifiserte søkjarar. Kommunen ser no nærare på rekruttering.

Helsestasjonen gir tilbod om ulike foreldre-rettleiingsprogram, og i 2019 blei det gitt tilbod om ulike kurs til alle foreldre. Helse- direktoratet har dei seinare åra lyst ut midlar til bruk i helsestasjon og skulehelsetenesta. Ulstein har sidan 2017 fått over 6 mill. kr fordelt på fleire satsingar. I 2019 var det ulike fagpersonar, bl.a. fysioterapeut, jordmor og helsesjukepleiarar i prosjektstillingar.

Ekstrasatsingar: Trygg Start, eit tverrfagleg tilbod til gravide/familiar. Satsing på vidaregåande skule med øyremerkte prosjektmidlar frå Helsedirektoratet.

Digitalisering: Vi er med i samarbeid om full digitalisering av alle helsestasjonane i Sjustjerna. Dei nasjonale midlane gjer at helsestasjonen har høve til kompetanseheving.

ØKONOMI

Det er ikkje leigd inn vikar ved langvarige sjukefråvær/permisjonar, då det er vanskeleg å rekruttere helsesjukepleiarar.

SJUKEFRÅVÆR

Fråværet er framleis lågt.

ÅRSVERK	TILSETTE		
13,13	18		
NETTO RESULTAT*	2017	2018	2019
Rekneskap	7,6	7,4	7,8
Budsjett	7,8	8,2	8,6
Avvik	0,2	0,8	0,8
SJUKEFRÅVÆR I %	2017	2018	2019
Sjukefråvær	3,24	3,58	5,36

* tal i mill. kroner

DETTE GJER VI FOR Å NÅ MÅLA

- ▶ ha likeverdig helsestasjons-/skulehelsetilbod til alle barn i kommunen
- ▶ tilby utoverretta tenester – nå målgruppene der dei oppheld seg, t.d. på skulane
- ▶ ha fokus på psykisk helsearbeid blant barn og ungdom, individuelt- og gruppetilbod
- ▶ ha fokus på å avdekke/førebygge vald, psykisk sjukdom og rus hos gravide og småbarnsforeldre
- ▶ kome tidleg inn og tilby foreldre- støttande tiltak til dei som har behov for å styrke foreldrefunksjonen
- ▶ starte implementering av den nasjonale satsinga Barneblikk

ÅRSVERK	TILSETTE		
1,2	3		
NETTO RESULTAT*	2017	2018	2019
Rekneskap	11,5	12,1	13,5
Budsjett	11,4	11,3	11,9
Avvik	-0,2	-0,8	-1,6
SJUKEFRÅVÆR I %	2017	2018	2019
Sjukefråvær	Ikkje med pga. storleik		

* tal i mill. kroner

DETTE GJER VI FOR Å NÅ MÅLA

- ▶ utvikle godt tverrfagleg samarbeid i alle delar av helse- og omsorgstenesta
- ▶ arbeide vidare med framtidig organisering av legevakta på Søre Sunnmøre for å få ei best mogleg teneste for innbygarane
- ▶ vere ein tydeleg medisinskfagleg rådgjevar i saker som påverkar folkehelsa innanfor alle samfunnsområde



Legetenesta

LEIAR: NORUNN KIRKEBØ ELDE

Vi har eit positivt og godt samarbeid mellom tenestene i helse og omsorg. Auka bruk av elektroniske meldingar er nyttig. Ulstein har eit stort legesenter med ti fastlegar. Dei fleste av legane har i tillegg ei kommunal deltidstilling innan felte sjukeheim, helsestasjon, flyktningar, legevaktsleiing og smittevern. Vi har òg ei utdanningsstilling for lege.

Kommuneoverlegen, i samarbeid med kommunalsjefen for helse og omsorg, har ansvar for eit møte i månaden med legane. Her inviterer vi inn ulike andre tenesteområde. Det er samarbeid om nattlegevakta og legevaktsformidlinga i Sjustjerna. Legevakt på kveld og helg har vi saman med Hareid. Kommuneoverlegen har eit overordna ansvar for folkehelsearbeidet, der vi no har eit fellesprosjekt i Sjustjerna. Kommuneoverlegen er også rådgivar innan miljøretta helsevern, overordna planlegging og har det medisinskfaglege ansvaret i

kommunen. I dette ligg også å jobbe med gode samhandlingsrutinar i Sjustjerna og overfor Helse Møre og Romsdal.

ØKONOMI

Akuttmedisinske tenester fekk auka kostnader i 2019. Både legevaktsformidlinga, nattlegevakta og ettermiddagsvakta auka utover budsjettet på grunn av strengare krav sentralt.

ÅRSVERK	TILSETTE		
28	30		
NETTO RESULTAT*	2017	2018	2019
Rekneskap	12,3	13,8	12,0
Budsjett	10,8	14,3	9,5
Avvik	-1,5	0,5	-2,5
SJUKEFRÅVÆR I %	2017	2018	
Sjuefråvær	-	-	3,7

* tal i mill. kroner

DETTE GJER VI FOR Å NÅ MÅLA

- ▶ tilby tilrettelagde kvalifiserings-tiltak til dei som treng det for å kome i arbeid
- ▶ styrke kvaliteten i den arbeidsretta oppfølginga. Utvide team av jobbspesialistar
- ▶ styrke samarbeidet med næringslivet ytterlegare



Nav

LEIAR: ANDERS HAMMER

I 2019 gjekk Sande kommune inn i samarbeidet, og Nav Hareid og Ulstein vart Nav Hareid-Ulstein-Sande. Vi etablerte også samarbeid med Nav Ørsta-Volda om tenesta Individuell jobbstøtte, som er eit samarbeid mellom Nav og psykiatri- og rustenestene i kommunane. Hareid kommune er vertskommune for samarbeidet.

Vi har også etablert samarbeid med Mafoss og avdeling for Inkludering og mangfald i Ulstein kommune, slik at vi kan gi deltakarane frå introduksjonsprogrammet tilbod om kvalifisering til industrimekanikar. Det kjem i tillegg til etablert tilbod om kvalifisering til helsefagarbeidar.

ØKONOMI

Nav hadde eit overforbruk på 2,5 mill. kroner, likevel ein reduksjon på 1,8 mill. kroner samanlikna med året før. Reduksjonen kjem av lågare etterspurnad etter økonomisk sosialhjelp og kan relaterast til betre arbeidsmarknad og at fleire har kome i ulike kvalifiseringsløp.

SJUKEFRÅVÆR

Sjuefråværet i 2019 var 3,7 % samla for statlege og kommunalt tilsette i Nav Hareid-Ulstein-Sande.



Barnevern

LEIAR: AINA ØYEHAUG OPSVIK

I 2019 var fagleg fokusområde samtalar med barn. Tenesta har hatt to interne fagdagar i samband med dette. Kwart team arrangerer teamvise fagdagar og vi tek elles del på aktuelle kurs. Tenesta er også aktivt med i Barne-, ungdoms og familiedirektoratet si kompetansesatsing i fylket, med læringsnettverk for kommunale barnevernstenester.

Arbeidet med implementering av digital post og elektronisk arkiv er gjennomført og fungerer godt i tenesta.

Tenesta har tatt del i 39 behandlingar i nemnd- og rettssystemet i 2019. Dette er eit høgt tal i forhold til tidlegare år. Av nemndsakene, vart fleire handsama som samtaleprosess.

Hausten 2019 vart det vedteke i dei ulike kommunestyra på Sunnmøre å gå inn i samarbeid om barnevernsvakt med Ålesund som vertskommune. Denne vakta starta opp 1.12.2019.

Tenesta har faste samarbeidsmøter med alle instansar som arbeider med barn og unge i samarbeidskommunane og med politiet. Alle barnehagane og skulane, og andre instansar, har sin eigen kontaktperson i barnevernstenesta.

ØKONOMI

Avviket kjem i stor grad av akuttplassing av barn og handsaming i nemnd- og rettssystemet.

SJUKEFRÅVÆR

Det vert lagt stor vekt på å følgje opp dei sjukemelde, og finne gode løysingar for den enkelte. Tenesta har samarbeid med Nav Arbeidslivssenter om sjuefråvær og helsefremjande arbeidsplassar. Dei tok del på eit personalmøte i 2019, og samarbeidet skal halde fram i 2020. Førebygging av sjuefråvær er også tema i oppfølginga av kvar tilsett.

ÅRSVERK	TILSETTE		
35,2	39		
NETTO RESULTAT*	2017	2018	2019
Rekneskap	16,8	16,0	14,6
Budsjett	18,3	17,3	15,1
Avvik	1,5	1,3	0,5
SJUKEFRÅVÆR I %	2017	2018	2019
Sjuefråvær	7,85	8,38	12,79

* tal i mill. kroner

DETTE GJER VI FOR Å NÅ MÅLA

- ▶ sikre medverknad frå familie og nært nettverk gjennom å tilby nettverksmøte og familieråd til familiane
- ▶ arbeide for å skape eit godt og trygt arbeidsmiljø ved hjelp av tett samarbeid med tillitsvalde
- ▶ gjennomføre 10-faktor, medarbeidar-samtalar, personalmøter og kurs med tema vald og trugslar
- ▶ styrke kompetansen i tenesta med fagdagar, rettleiing i grupper og individuelt og ved deltaking på ulike kurs
- ▶ implementere digital løysing av fagprogrammet og elektronisk arkiv i samarbeid med arkiv og SSIKT
- ▶ ta del i tverrfaglege samarbeidsfora i kommunane



Haddal skule

LEIAR: VIBEKE VIGESTAD BERGE

Haddal skule er nærskulen til born i 1.–7. klasse i Eiksund, Haddal og Garnes og gir grunnskuleopplæring i tråd med opplæringslova. I 2019 hadde skulen 62 elevar.

«Haddal skule har trygge elevar som meistarar og lærer. Vi tek ansvar, viser respekt og har omsorg for kvarandre». Dette er skulen sin visjon og ligg i botnen for læringsaktivitetar, utviklingsarbeid, foreldre–skule-samarbeid og SFO. Elevane sitt læringsmiljø er fokusert vårt, og vi jobbar målretta og systematisk for å skape betre trivsel for betre læring. Hausten 2019 tilsette vi miljøretleiar i 50 % stilling.

Resultata frå elevundersøkinga, der alle på mellomsteget svarar på spørsmål om læring og trivsel, viser at vi framleis bør ha fokus på elevane sitt læringsmiljø og peiker ut aktuelle forbettringsområde.

Teknologisatsinga i Ulstein kommune har gjort at vi har bra utstyr og dessutan kompetente tilsette, som fører til god bruk av teknologi som verktøy i undervisninga.

ÅRSVERK	TILSETTE		
26,6	31		
NETTO RESULTAT*	2017	2018	2019
Rekneskap	19,3	19,0	20,2
Budsjett	19,1	19,6	19,6
Avvik	-0,2	0,6	-0,6
SJUKEFRÅVÆR I %	2017	2018	2019
Sjukefråvær	5,91	10,91	6,96

* tal i mill. kroner

DETTE GJER VI FOR Å NÅ MÅLA

- ▶ arbeide kontinuerleg og systematisk for å fremje helsa, miljøet og tryggleiken til elevane
- ▶ gi elevane grunnleggande kompetanse i programmering og legge til rette for kreativitet og skapartrøng – som ein del av Teknologiskulen
- ▶ ta vidareutdanning for å auke kompetansen innan bruk av digitale verktøy i opplæringa
- ▶ jobbe med modulane til Utdanningsdirektoratet i førebuinga av Fagfornyinga

ØKONOMI

Skulen har for første gong på mange år gått med overskot. Vi fekk tilført midlar i løpet av året, og kunne dermed bemanne skulen i tråd med behova siste halvdel av året. Vi har likevel vore sparsame med kjøp av utstyr, og har dermed gått med overskot.

SJUKEFRÅVÆR

Skulen har høgt sjukefråvær i 2019, men likevel 1,65 % lågare enn 2018, noko som er ein gledeleg nedgang. Fråværet er først og fremst på grunn av fysiske plagar som ikkje har med arbeidssituasjonen å gjere. Samtidig har vi nokre sjukmeldingar på grunn av arbeidsmiljøet. Vi jobbar saman med oppvekstsjef, PPT, og i det siste også med kommunepsykolog, for å betre desse tilhøva.



Hasund skule

LEIAR: OLE INGE MOLVÆR

Hasund skule har 167 elevar og 32 tilsette. Det vert gitt SFO-tilbod til 45 born.

Vi jobbar for at alle elevar skal ha eit trygt og mobbefritt skulemiljø, og skulen har gode rutinar for dette. Vi har fokus på trivselsskapande miljøtiltak og samarbeid på tvers av trinna. Skulen har gjennomført ulike temaveker og -dagar for elevane med fokus på læring, miljø og trivsel.

Teknologiskulesatsinga har sterkt fokus i skulen sitt arbeid. Vi har sett av 20 % av ei stilling som ein ressurs til dette. Lærarane jobbar systematisk med å bruke ulike digitale verktøy for å kunne gi elevane ei best mogleg læring og kompetanse. Samstundes vel vi å halde fram med tradisjonell undervisning med papir og blyant, der det har størst læringsutbytte for den einskilde elev.

Hasund skule har også hatt fokus på kompetanseheving i høve fagfornyinga. Vi har opparbeidd ein god kultur for deling og samarbeid.

ÅRSVERK	TILSETTE		
13,07	15		
NETTO RESULTAT*	2017	2018	2019
Rekneskap	9,3	9,3	9,7
Budsjett	8,4	8,7	10,0
Avvik	-0,9	-0,6	0,3
SJUKEFRÅVÆR I %	2017	2018	2019
Sjukefråvær	8,44	10,67	9,02

* tal i mill. kroner

DETTE GJER VI FOR Å NÅ MÅLA

- ▶ ha fokus på tydeleg klasseleiing og relasjonsbygging som gir trygt skulemiljø, trivsel og læring
- ▶ nytte teknologi som verktøy i undervisninga og gi grunnleggande kompetanse i programmering for å auke motivasjon, læring og kreativitet
- ▶ ha gode rutinar for heim–skule-samarbeid og legge til rette for open dialog til beste for eleven si utvikling og trivsel

Hasund skule vil gjere sitt beste for at elevane har ein kultur for læring og eit læringsfellesskap også på tvers av trinn. Mellom elevane skal det vere positivt å vere aktiv og interessert, og det skal ikkje eksistere eit negativt gruppepress mot å gjere sitt beste på skulen.

ØKONOMI

Hasund skule har eit negativt avvik i 2019 pga. styrkingstiltak i skulen og SFO.

SJUKEFRÅVÆR

Hasund skule er i ei positiv utvikling og kan notere ein nedgang i sjukefråværet for 2019.

ÅRSVERK	TILSETTE		
13,46	16		
NETTO RESULTAT*	2017	2018	2019
Rekneskap	10,6	11,8	11,8
Budsjett	10,6	11,1	11,1
Avvik	0,0	-0,7	-0,7
SJUKEFRÅVÆR I %	2017	2018	2019
Sjuefråvær	7,98	9,85	7,24

* tal i mill. kroner

DETTE GJER VI FOR Å NÅ MÅLA

- ▶ systematisk og kontinuerleg arbeid med læringsmiljø
- ▶ utviklingsarbeid om Fagfornyinga
- ▶ teknologiskulesatsing gjennom lærande nettverk for å bygge vidare på utdanninga lærarane har teke ved Høgskulen i Volda
- ▶ tidleg innsats i småskule-trinna. Intensiv opplæring for elevar på 1.–4. trinn slik at dei oppnår forventa progresjon i lesing, skriving og rekning
- ▶ medverknadsprosessar for skulen sine tilsette og god involvering av tillitsvalde, gjennom Ulstein skule sine samarbeidsarenaer



Ulstein skule

LEIAR: SYNNØVE HAUG

Ulstein skule har elevar frå krinsane Skeide, Ulstein og Flø. Skulen har 88 elevar fordelt på 1.–7. trinn skuleåret 2019–2020. Skulen har tilbod om SFO, med eit samla barnetal på 33. Skulen arbeider for at alle elevar skal ha eit godt og inkluderande læringsmiljø som bidreg til positiv læring og utvikling i tråd med opplæringslova.

Skulen arbeider med den nye læreplanen som trer i kraft i august 2020. Gjennom å bruke tid i lag, skal skulen utvikle forståing og praksis i tråd med opplæringslova, verdi-grunnlaget, overordna del av læreplanen og læreplan i fag.

Kompetansen personalet har tileigna seg gjennom utvikling av Teknologiskulen, er med på å styrke skulen i møtet med kvar enkelt elev. Skulen arbeider for at alle elevar skal møtast der dei er fagleg og sosialt, og at dei skal få kompetanse som vil hjelpe dei gjennom heile livet.

Tidleg innsats er avgjerande for at alle elevar skal ha ein god grunnmur å bygge vidare utvikling og kompetanse på. Det er derfor viktig for skulen å ha gode og kompetente lærarar som kan støtte elevane i læringa si.

ØKONOMI

Ulstein skule har hatt eit negativt avvik for året 2019. Dette er på grunn av uføresette hendingar og sjukdom i stillingar som krev personale med spesialutdanning. Skulen arbeider vidare for å kome innanfor dei økonomiske rammene.

SJUKEFRÅVÆR

Skulen har systematisk arbeidd med samhald og trivsel for alle tilsette. Dette har vore med på å få ned det generelle sjukefråværet. Leiinga vil fortsette å prioritere tiltak for å gjere Ulstein skule til ein god stad å arbeide.



Ulsteinvik barneskule

LEIAR: VEGARD SÆTER GURSKÉVIK

Ulsteinvik barneskule er nærskule for Ulsteinvik krins. Skulen arbeider under visjonen «Saman om meistring og mangfald». Skulen hadde om lag 430 elevar og 65 tilsette skuleåret 2019–2020. Det vart gitt SFO-tilbod til 120 born.

Skulen oppnådde gode resultat på elevundersøkinga og på nasjonale prøver. Det er svært gledeleg at elevane rapporterer god trivsel og lite mobbing. Likevel vil skulen halde fokus på godt læringsmiljø vidare. Alle elevar har rett på eit trygt og godt skulemiljø. Elevane oppnår gode læringsresultat ved Ulsteinvik barneskule. Nasjonale prøver viser svært gode resultat i engelsk og rekning. I lesing er resultat omtrent på landsnivå. Skulen hadde som vanleg høgt aktivitetsnivå der Miljøveka, samlingsstundene og Teknologiveka var høgedepunkt.

Vi kartlegg læringsutbyttet til elevane og følgjer opp elevar med behov. Vi har mål om å verte sertifisert som dysleksivenleg skule.

Skulen sine tilsette har jobba med førebuing til innføring av ny læreplan. I tillegg har skulen vore pilotering i satsinga på heiltidskultur. Arbeidet med utbygging av skulen held fram. Det vart hausten 2019 gjort vedtak om utbygging av om lag 2000 m² elevareal og ombygging av eksisterande personalavdeling. Arbeidet med riving av idrettsbygget og bygging av ny avdeling vil starte våren 2020.

ØKONOMI

Skulen har stramme rammer og auke i oppgåver og stort behov for særleg tilrettelegging, har ført til at Ulsteinvik barneskule har eit meirforbruk på 1,6 mill. kroner.

SJUKEFRÅVÆR

Ulsteinvik barneskule har også i 2019 hatt relativt lågt sjukefråvær med 5,71 %. Skulen er pilotskule i heiltidskultursatsinga og har difor eit særleg fokus på arbeidsmiljø og organisering av eit inkluderande og deltakande arbeidsfelleskap.

ÅRSVERK	TILSETTE		
55,05	63		
NETTO RESULTAT*	2017	2018	2019
Rekneskap	36,2	37,5	38,1
Budsjett	34,8	35,9	36,5
Avvik	-1,4	-1,6	-1,6
SJUKEFRÅVÆR I %	2017	2018	2019
Sjuefråvær	5,32	4,41	5,71

* tal i mill. kroner

DETTE GJER VI FOR Å NÅ MÅLA

- ▶ systematisk og kontinuerleg arbeid med læringsmiljø, relasjonskompetanse og effektiv handsaming av mobbesaker
- ▶ innsatsteam mot mobbing
- ▶ Teknologiskulen og innføring av ny læreplan som hovudsatsingsområde
- ▶ fokus på godt læringsutbytte og systematisk oppfølging av grunnleggande dugleikar
- ▶ leiing som legg opp til medverknadsprosessar for tilsette og god involvering av tillitsvalde



Ulstein ungdomsskule

LEIAR: LEON ROMESTRAND

Ulstein ungdomsskule ligg i sentrum av Ulsteinvik, har om lag 380 elevar i alderen 13–16 år og 14 klasser. Vi har også norskopplæring for elevar med asyl-, flyktning- og arbeidsinnvandrarbakgrunn. Ulstein ungdomsskule deltek i MOT-programma «Robust ungdom» og «Skulen som samfunnsbyggjar».

Eleven si sosiale og faglege læring står sterkt forankra i skulekvardagen. Vi startar kvar morgon med tilbod om gratis frukost til alle elevar, og i lunsjen har elevane høve til å kjøpe sunn og heimelaga mat til kostpris. Skulen har i fleire år jobba systematisk med vurdering for læring, og kan for tredje året på rad vise til svært gode resultat på nasjonale prøver for 9. trinn i lesing og rekning. Dette gir oss indikatorar på at elevane våre har eit godt læringsutbytte frå 8. til 9. trinn. Elevundersøkinga viser også høg trivsel hjå elevane våre.

MOT-undersøkingar viser at elevane tykkjer at MOT-arbeidet er viktig, og at dei får gode verktøy dei kan bruke for å meistre kvardagen enda betre. Dei to siste åra har også alle lærarane og føresette motteke kompetanseheving i regi av MOT sentralt, og tilbakemeldingane er svært gode.

Teknologisatsinga står sterkt ved ungdomsskulen. Suksessfaktorane ligg i kompetente tilsette og ein god utstyrsark. Dette gjer at vi kan auke læringsutbyttet for elevane våre ytterlegare. Pedagogisk tilsette er våren 2020 under utdanning i forhold til fagfornyng og teknologibruk.

ØKONOMI

Skulen har hatt god økonomisk drift i 2019, og kjem ut med eit lite overforbruk.

SJUKEFRÅVÆR

Ulstein ungdomsskule kan nok eit år vise til lavt og stabilt sjukefråvær.

ÅRSVERK	TILSETTE		
13,42	16		
NETTO RESULTAT*	2017	2018	2019
Rekneskap	8,3	8,6	8,7
Budsjett	8,5	8,7	8,9
Avvik	0,2	0,1	0,2
SJUKEFRÅVÆR I %	2017	2018	2019
Sjukefråvær	11,99	15,08	8,85

* tal i mill. kroner

DETTE GJER VI FOR Å NÅ MÅLA

- ▶ har fokus på tydeleg gruppeleing og relasjonsbygging som gir trygt læringsmiljø, trivsel og læring
- ▶ har fokus på autoritativt perspektiv
- ▶ har gode rutinar for samarbeid mellom barnehage og heim, og legg til rette for open dialog til beste for barnet si utvikling og trivsel
- ▶ vel fokusområde med utgangspunkt i resultat frå ståstadsanalyse, medarbeidarundersøking og brukarundersøking, og utformar standard og indikatorpunkt i tråd med dette
- ▶ skal gjennomføre tiltak knytte til kompetanseheving og organisasjonsutvikling



Sundgotmarka barnehage

LEIAR: NORA WINGSTERNES

Sundgotmarka barnehage hadde 65 barn første halvår av 2019. Siste halvdel hadde barnehagen 61 barn. Vi har åtte barnehagelærarar, sju fagarbeidarar, to assistentar og styrar.

Barnehagen sitt systematiske arbeid med kvalitet er vidareført innanfor fokusområdet Barnehagen som pedagogisk verksemd og barnehagen sitt verdigrunnlag. I dette arbeidet har vi særleg fokusert på likestilling og likeverd, tilrettelegging av det allmennpedagogiske tilbudet og vurdering.

Sundgotmarka barnehage gjennomførte foreldreundersøkinga til Utdanningsdirektoratet hausten 2019. Resultata viste at barnehagen scorar høgare enn det nasjonale snittet knytt til barns utvikling. Barnehagen fekk vidare god score relatert til barn sin trivsel. Undersøkinga viste at barnehagen må forbetre seg når det gjeld informasjon og ute- og innemiljø, for å nå det nasjonale gjennomsnittet. Det er allereie sett i gang tiltak for å betre desse områda.

ÅRSVERK	TILSETTE		
44,99	51		
NETTO RESULTAT*	2017	2018	2019
Rekneskap	39,4	40,6	43,1
Budsjett	40,2	41,2	42,9
Avvik	0,8	0,6	-0,2
SJUKEFRÅVÆR I %	2017	2018	2019
Sjukefråvær	5,48	5,01	2,88

* tal i mill. kroner

DETTE GJER VI FOR Å NÅ MÅLA

- ▶ profesjonelle tilsette med gode elev- og menneskesyn
- ▶ systematisk arbeid med vurdering for læring for å auke læringsutbyttet til elevane
- ▶ systematisk arbeid med MOT-programma «Robust ungdom» og «Skulen som samfunnsbyggjar»
- ▶ lokal plan for godt skulemiljø
- ▶ pedagogisk tilsette under utdanning ved bruk av teknologi i fagfornynga
- ▶ tilsette som har kompetanse i og brukar teknologi som verktøy i undervisninga
- ▶ ei Chromebook til kvar elev

Barnehagen har i inneverande år vidareutvikla sine møteplassar for samarbeid blant personalet. Dette har bidratt til å legge til rette for refleksjon og vurdering, og utvikling av barnehagen som lærande organisasjon.

ØKONOMI

Vi har halde oss godt innanfor dei økonomiske rammene som vi har hatt til rådvelde.

SJUKEFRÅVÆR

Sjukefråværet er kraftig redusert frå året før. Vi har arbeidd godt med støtte, tillit og myndiggjering.

ÅRSVERK	TILSETTE		
18,6	23		
NETTO RESULTAT*	2017	2018	2019
Rekneskap	3,5	3,4	3,5
Budsjett	3,4	3,7	4,1
Avvik	-0,1	0,3	0,6
SJUKEFRÅVÆR I %	2017	2018	2019
Sjuefråvær	5,99	10,32	12,59

* tal i mill. kroner

DETTE GJER VI FOR Å NÅ MÅLA

- ▶ samarbeide med alle fire kommunane på ulike nivå, målet er fast deltaking på rektormøter og styremøter i alle kommunar
- ▶ innarbeide gode rutinar for samhandling
- ▶ følge lovkrava om sakshandsamingstid
- ▶ ha tydeleg bestilling, effektiv sakshandsaming og avslutte oppdrag
- ▶ delta i ulike overordna satsingar i kommunane
- ▶ arbeide enda meir med organisasjonsutvikling og kompetanseheving og mindre med individbaserte teneste



Pedagogisk-psykologisk teneste

LEIAR: INGRID EVEBØ HAUG

Kontoret til interkommunalt PPT ligg i sentrum av Ulsteinvik. Ulstein kommune er vertskommune for PPT i eit samarbeid med Hareid, Ulstein, Volda og Ørsta. PPT gir teneste til 72 einingar i dei fire kommunane. Fylkeskommunen, med til saman tre vidaregåande skular, kjøper tenester hjå PPT.

PPT skal ha faste samarbeidsmøte med overordna nivå i alle dei fire kommunane, der vi mellom anna legg planar for vidare samarbeid, skapar felles forståing og satsingar på organisasjonsnivå. Vi er også på overordna nivå og samarbeider tett med leiinga i dei ulike einingane. Vi gjennomfører tiltaksmøte og samarbeider med einingane om å søke bistand frå PPT. PPT arbeider med å halde fristen for sakshandsaming som er 3 md. PPT arbeider mest på individnivå og skriv sakkunnig vurdering der lova krev det, men vi ser også meir etterspørsel etter kompetanseheving i skule og barnehage. PPT skal arbeide meir med desse to områda.

Mange barnehagar og ein skule er med i ei lengre satsing på organisasjonsutvikling, der målet mellom anna er å heve kvaliteten i det ordinære tilbodet og gi kompetanseheving til dei vaksne som arbeider der. Det autoritative perspektivet står sentralt, samt det å utvikle trygge og gode inkluderande læringsmiljø i barnehage og skule. Dette er lengre satsingar der ein arbeider godt i alle fasane i eit endringsarbeid for å nå mål. PPT har hatt stort fokus på å sette seg inn i lovverket for å nå mål for tenesta.

ØKONOMI

PPT har eit positivt avvik i 2019.

SJUKEFRÅVÆR

Sjuefråværet har vore på over 12 %. Dette har si naturlige forklaring i mellom anna alvorlege diagnoser m.m.



Ulstein kulturskule

LEIAR: JULIANNE HAUGE

Ulstein kulturskule underviser 410 elevar fordelt på 535 elevplassar i musikk, kunst, og dans. Samtidig sel vi dirigentenester til tre skulekorps, strykeorkester og eitt vaksenkorps.

Målet for kulturskulen er at vi skal gi opplæring av høg fagleg og pedagogisk kvalitet til alle born og unge som ønsker det. Vi skal også vere eit lokalt ressurscenter og ein samarbeidande aktør i grunnopplæringa og kulturlivet elles i kommunen.

Saman med Kulturskulerådet har vi jobba med utvikling av kvalitet. Gjennom bygging av det profesjonelle læringsfellesskapet, er målet å auke både elevane og pedagogane si læring, utvikling og trivsel.

Gjennom vår satsing på vurdering for læring, har vi samarbeidd med kulturskulane i Hareid og Sande kommune, for å bygge eit enda større profesjonelt læringsfellesskap. Vi legg til rette for at våre pedagogar får vidareutvikle eigen praksis og refleksjonskompetanse.

Elevane våre skal oppleve at dei kan påverke si eiga læring, utvikling og trivsel. Dei skal forstå kva dei skal lære og kva som er forventa av dei. Elevane skal få tilbakemeldingar som seier noko om kvaliteten på arbeidet eller produktet og gode råd om korleis dei kan forbetre seg. Elevmedverknad og motivasjon heng tett saman, og det har vore eit spesielt fokusområde dette året.

Våre pedagogar og elevar er aktivt med i det frivillige kulturlivet. Vi ønsker å legge til rette for at vi saman utviklar kommunen til ein endå betre stad å bu – med fokus på kultur.

ØKONOMI

Vi har eit negativt avvik som skuldast høgare lønnsutgifter enn budsjettet.

SJUKEFRÅVÆR

Der er ein auke på grunn av langtidssjukdom som ikkje er jobberelatert.

ÅRSVERK	TILSETTE		
8,44	15		
NETTO RESULTAT*	2017	2018	2019
Rekneskap	6,9	7,0	7,3
Budsjett	6,7	6,8	6,8
Avvik	-0,2	-0,2	-0,5
SJUKEFRÅVÆR I %	2017	2018	2019
Sjuefråvær	11,99	4,98	8,84

* tal i mill. kroner

DETTE GJER VI FOR Å NÅ MÅLA

- ▶ undervise i kulturfag i tråd med rammeplan for kulturskulen: «Mangfald og fordjuping»
- ▶ arbeide systematisk med satsinga Vurdering for læring
- ▶ ha kompetanseheving for lærarane saman med andre kulturskular på Søre Sunnmøre
- ▶ vidareutvikle samarbeidet mellom heim og skule
- ▶ følge «Veiledning i kulturskoleutvikling» frå Norsk kulturskoleråd saman med Sande kulturskule



Inkludering og mangfold

LEIAR: LARS ERLING BJÅSTAD HOVLID

Inkludering og mangfold rommar flyktningstenesta og kompetansesenteret, med norsk-opplæring for vaksne, spesialpedagogikk, Snoezelen og kommuneloped.

I 2019 vart det busett 17 flyktningar i Ulstein, inkludert flyktningar busette gjennom familiesameining.

Kompetansesenteret gjev undervisning til flyktningar, asylsøkarar og andre innvandrarar. Busette flyktningar deltek i introduksjonsprogrammet, der målet er at deltakarane vert raskt sjølvhjelpøkonomisk. I 2019 gjekk 50 % av deltakarane i programmet vidare til arbeid eller utdanning, og 27,3 % til grunnskule. Ein har jobba aktivt for å styrke resultatata for introduksjonsprogrammet. Nav er ein viktig samarbeidspart i dette, og saman har ein mellom anna etablert tilrettelagde løp for kvalifisering til fagbrev i samarbeid med fylkeskommunen, andre kommunar på Søre Sunnmøre og MAFOSS.

På grunn av færre busette flyktningar og at asylmottaket vart lagt ned, har elevtalet gått ned.

For å redusere kostnader, har ein difor redusert talet på tilsette.

Om lag 20 elevar får spesialpedagogisk opplæring ved kompetansesenteret. Snoezelen er ein del av dette tilbodet. Målet for opplæringa er å gje kompetanse for arbeids- og kvardagsliv.

Kommunelopedden har i 2019 prioritert barn og unge, og har samarbeida tett med skular og barnehagar.

ØKONOMI

Det positive avviket er knytt til flyktningstenesta. Ein har hatt fokus på å redusere kostnader og å finne eksternt finansiering for delar av stillinga i eininga.

SJUKEFRÅVÆR

Vi har jobba aktivt med å skape eit godt arbeidsmiljø. Drifta i 2019 var meir stabil enn i 2018. Sjukefråværet speglar truleg dette.

ÅRSVERK	TILSETTE		
13,33	21		
NETTO RESULTAT*	2017	2018	2019
Rekneskap	15,1	26,3	28,5
Budsjett	13,3	23,6	26,0
Avvik	-1,8	-2,7	-2,5
SJUKEFRÅVÆR I %	2017	2018	2019
Sjukefråvær	2,7	7,42	5,37

* tal i mill. kroner

DETTE GJER VI FOR Å NÅ MÅLA

- ▶ vere ein kreativ og aktiv med-spelar og tilretteleggar for frivillig sektor – så langt dei økonomiske og personalmessige rammene strekk til
- ▶ Ulsteinbadet, Sjøborg kulturhus og Sjøborg kino: ha eit særskilt fokus på attraktivitet, sal/marknadsføring og økonomisk inntening i drifta
- ▶ arbeide for at innbyggjarane i kommunen utviklar godt sam-hald, stolt identitet og opplever trivsel og bulyst i kvardagen
- ▶ ha som overordna perspektiv at Ulstein skal vere ein god stad å vekse opp og ein god stad å leve heile livet



Kulturavdelinga

LEIAR: LEIF RINGSTAD

Kulturavdelinga sitt samspel med lag og organisasjonar er viktig for at kultur, idrett, fritid og friluftaktivitetar kan blomstre og saman skape eit mangfaldig og attraktivt kulturliv og -tilbod. Måla for arbeidet ligg fast.

Nytt av året var Ung Arena, som er eit firedelt prosjekt finansiert av Gjensidigestiftelsen. Prosjektet er forankra i Ulstein frivilligsentral, Bell og Ulstein bibliotek, med arbeidsområda Debattarena, BUA utlånssentral, Open hall og Leksehjelp.

Sjøborg kulturhus og kino har gode besøkstal. Kinoen var stengt i to veker på grunn av skifte av stolar, men eit besøkstal på over 25 000 og eit snitt på 33 per visning er langt betre enn ved samanliknbare kinoar.

Ulstein Arena er den store arenaen for kultur og integrering, og er ein viktig faktor for at Ulstein skal vere ein god stad å leve. Eit besøkstal i Ulsteinbadet på 67 000 er flott. Biblioteket har også gode besøkstal, men hadde ein liten nedgang i talet på utlån.

ÅRSVERK	TILSETTE		
14,8	19		
NETTO RESULTAT*	2017	2018	2019
Rekneskap	-11,7	-11,8	-7,0
Budsjett	-7,1	-9,0	-4,7
Avvik	4,6	2,8	2,3
SJUKEFRÅVÆR I %	2017	2018	2019
Sjukefråvær	5,51	10,7	4,34

* tal i mill. kroner

DETTE GJER VI FOR Å NÅ MÅLA

- ▶ styrke introduksjonsprogrammet gjennom kvalifiserande tiltak som sikrar at fleire går over til arbeid eller vidaregåande utdanning etter introduksjonsprogrammet
- ▶ jobbe for styrka brukarmedverknad og individuell tilpassing av tenestene
- ▶ betre samhandling og tverrfagleg samarbeid med kommunale tenester og andre instansar
- ▶ motarbeide utanforskap og bidra til aktiv deltaking i lokalsamfunnet

Ungdomsklubben Bell hadde i 2019 ca. 40 ungdommar per opningskveld – eit viktig tilbod til uorganisert ungdom.

På anleggsida har det i 2019 vore litt rolegare. To prosjekt knytte til ballbingar, og ferdigstilling av rekneskapa til anlegg med utbetalingar på 3,2 mill. kroner.

Når det gjeld planarbeidet, har arbeidet med kulturminneplanen gått sin gang, med mål om ferdigstilling hausten 2020.

ØKONOMI

Avviket kjem av for høgt budsjetterte salsinntekter og manglande budsjettmidlar knytte til Ulstein Arena. Det er urealistisk å drifte Ulsteinbadet i balanse med dagens budsjett.

SJUKEFRÅVÆR

Fråværet er redusert med over to prosentpoeng.

ÅRSVERK	TILSETTE		
6,9	7		
NETTO RESULTAT*	2017	2018	2019
Rekneskap	2,5	3,4	3,2
Budsjett	3,0	3,3	3,7
Avvik	0,5	0,1	0,5
SJUKEFRÅVÆR I %	2017	2018	2019
Sjukefråvær	0,61	2,94	3,3

* tal i mill. kroner

DETTE GJER VI FOR Å NÅ MÅLA

- ▶ vere pådrivarar for fornying og forbetring gjennom digitalisering, og legge til rette for ein kultur prega av innovasjon, nytenking, prøving og feiling
- ▶ ha oppdaterte rutinar og framdriftsplanar som sikrar at vi held fokus på tiltaka gjennom heile året, og ha gode planprosessar som sikrar medverknad og berekraftig utvikling
- ▶ ha nødvendige faglege og digitale kunnskapar, ferdigheiter og verktøy blant medarbeidarane
- ▶ ha tenester og arbeidsprosessar som tar utgangspunkt i behova til brukarane



Plan- og bygningsavdelinga

LEIAR: ANITA SUNDNES

Arealdelen av kommuneplanen vart godkjend av kommunestyret. Det var motsegn frå fylkeskommunen på lokalisering av gravplass på Osnes, der mekling ikkje førte fram. Motsegna vart send til departementet for avgjerd. Ein privat reguleringsplan vart godkjend. Vi har elles gjennomført leikeplassregistrering som har gitt oss eit viktig verktøy for oversikt og vidare overordna planlegging. I samband med registreringa hadde vi ute ei innbyggerundersøking der vi nytta digital kommunikasjon via SMS og 3D-verktøyet CityPlanner. Vi fekk inn over 100 innspel.

Det har vore vakanse innanfor oppmåling/GIS då ein av ingeniørane pensjonerte seg til ferien. Oppmåling av grunn på Skeide vart gjennomført. Innføring av ACOS og oppsett av sakshandsamingverktøy for plan- og byggesaker har vore krevjande for avdelinga. Avdelingsleiaren vart frikjøpt ein periode av SSIKT for å gjere eit arbeid her. Det har vore lite bygge- og frådelingssaker

dette året, talet på bueningar som fekk bruksløyve var 31, mot 82 i 2018. Avdelinga har også ansvar for eigedomsskatt.

ØKONOMI

Vi klarte ikkje budsjettmål for inntekter på byggesak og oppmåling, men oppnådde likevel eit mindre positivt avvik. Dette kjem i hovudsak av vakanse i stillingsheimlar.

SJUKEFRÅVÆR

Sjukefråværet er litt høgare enn målsetjinga om 98 % nærvær tilseier. Med få tilsette vil fråvær fort gi utslag på gjennomsnittet, og dermed variere litt frå år til år.



Anleggs- og driftsavdelinga

LEIAR: ODD KÅRE WIIK

Vatn: Det er totalt levert 1 454 210 m³ reinsa vatn frå fire reinseanlegg. Vassprøver er tekne etter eigen godkjent plan i samsvar med krav i drikkevassforskriftene og frå Mattilsynet. Det er ikkje avvik i vassforsyninga. Drift og utbygging var i samsvar med godkjent hovudplan, med investering på 10 mill. kroner. Prosjekta er nye vassleidningar frå rundkøyninga Strandkrysset til Sauneselva (Amfi), ny vassleidning gjennom Haddal, ny vassleidning til Ulstein Betong og ny grovsil i vassbehandlingsanlegget på Gamleidet.

Avløp: Redusert utbygging i høve plan. Avventar resipientundersøking. Utbygging av tømestasjon for bubilar i Saunesmarka og oppgradering av pumpestasjon ved Sundgotvatnet. Ein del prosjektering for framtidig sanering, drift/kontroll og utbetring av utsleppsleidningane.

Hamn: Ikkje spesiell aktivitet i 2019.

Grøntanlegg: God drift og godt vedlikehald av kommunale grønntanlegg i eigen regi og med innleigd sommarhjelp. Arbeid for UEKF med deira grønntanlegg (refusjon).

Veg: Normal drift av kommunale vegar. Dessverre ikkje budsjett til asfalt sidan tilskotsordninga er avslutta for to år sidan. Det er med dette varsla at ein får generell forringing av asfaltvegane.

Maskin/utstyr: Ikkje tiltak i 2019.

Generelt: Stabil, dyktig og røynd bemanning. Ein tilsett vart pensjonist, og ny medarbeidar vart tilsett i stillinga. Nytt er det at ein opplever svært stor søknad på ledige stillingar.

ØKONOMI

Avviket kjem av stort forbruk til vegvedlikehald, sandstrøing og drift av kommunale veglys.

SJUKEFRÅVÆR

Ein heilt spesiell situasjon for avdelinga. Normalen er 2–3 %. Fråvær på 11,76 % i 2019 kjem av langtidssjukemelding.

ÅRSVERK	TILSETTE		
9,5	10		
NETTO RESULTAT*	2017	2018	2019
Rekneskap	16,6	14,8	16,0
Budsjett	16,4	14,1	14,6
Avvik	-0,2	-0,7	-1,4
SJUKEFRÅVÆR I %	2017	2018	2019
Sjukefråvær	0,68	2,53	11,76

* tal i mill. kroner

DETTE GJER VI FOR Å NÅ MÅLA

- ▶ legge opp drifta slik at vedtekne rammer samsvarar med utgiftene
- ▶ gjennomføre investeringsprosjekta innanfor vedteke budsjett og på ein fagleg god måte
- ▶ setje av ressursar til å jobbe med planar og utviklingsprosjekt



Hareid og Ulstein brannvesen

LEIAR: OLAV HELT BRUBAKK

Førebyggjande avdeling har gjennomført 36 branntilsyn i 2019. 12 av objekta er utsette til 2020 på grunn av ingen avvik og gode system for brannsikkerheit. I tillegg har avdelinga utført diverse anna sakshandsaming, mellom anna innmelding av farleg stoff, søknadar om bålrensing, løyve til sal av fyrverkeri, bekymringsmeldingar, melding om overnatting og melding om større arrangement.

På beredskap har vi hatt 185 registrerte hendingar, 61 i Hareid og 124 i Ulstein. Av desse var 76 reelle, deriblant 5 bygningsbrannar, 12 branntilløp og 25 trafikkulukker/trafikkuhell. Vi hadde ein nedgang på unødige alarmer på 36 % i forhold til 2018.

Feiarane har utført 3 536 feiingar og 905 tilsyn, fordelt slik: Hareid – 633 feiingar og 254 tilsyn. Ulstein – 736 feiingar og 103 tilsyn. Herøy – 1487 feiingar og 400 tilsyn. Vanylven – 680 feiingar og 148 tilsyn. Dette er noko lågare enn målsetjingane. Det

har også vore utført sjekk etter sotbrann, fresingar av beksot, reingjering av eldstadar, plombering av eldstadar, kontroll av nye eldstadar med meir.

ØKONOMI

Vi har fått eit godt resultat i 2019. Dette fordi vi har vakanse på stilling og at vi ikkje betalar for abonnement til naudnett pga. dårleg dekning. I tillegg trur vi at effekten av stramt regime i 2018 har gitt resultat inn i 2019.

SJUKEFRÅVÆR

Vi har hatt langtidssjukdom på avdelinga. Avdelinga har få heiltidstilsette, dvs. at langtidssjukdom får stort utslag.

ÅRSVERK	TILSETTE		
7,3	40		
NETTO RESULTAT*	2017	2018	2019
Rekneskap	6,8	8,1	8,0
Budsjett	6,4	8,2	8,5
Avvik	-0,4	0,1	0,5
SJUKEFRÅVÆR I %	2017	2018	2019
Sjukefråvær	1,84	8,2	7,59

* tal i mill. kroner

DETTE GJER VI FOR Å NÅ MÅLA

- ▶ vere bemanna, utstyrt og opplært til å kunne takle dei utfordringane vi vert ståande overfor og som det er forventa at vi skal kunne handtere, jf. gjeldande lover, forskrifter, retningslinjer og vedtak
- ▶ det førebyggjande arbeidet: ha fokus på tilsyn med særskilte brannobjekt, informasjonstiltak og arbeid blant utsette grupper (eldre pleietrengjande, personar med nedsett funksjonsevne, personar knytte til rus, og asylsøkjjarar og flyktingar)
- ▶ beredskap: fokusere på rask uttrykking frå stasjonane og kompetanse i alle ledd

Folkehelseprofilen 2020



Faksimile frå rapport utarbeidd av Folkehelseinstituttet

Folkhelsebarometer for kommunen

I oversikta nedanfor blir nokre nøkkeltal for kommunen og fylket samanlikna med landstal. I figuren og talkolonnanne er det teke omsyn til at befolkninga i kommunar og fylke kan ha ein annan alders- og kjønnsamansetnad enn landet. Klikk på indikatornamna nedanfor for å sjå utvikling over tid i kommunen. I Kommunehelsa statistikkbank, <http://khs.fhi.no>, finst det fleire indikatorar og utfyllande informasjon om kvar enkelt indikator.

Ver merksam på at også «grøne» verdiar kan innebere ei viktig folkehelseutfordring for kommunen, for landsnivået representerer ikkje alltid eit ønska nivå. Verdiområdet for dei ti beste kommunane i landet kan vere eit nivå å strekke seg etter.

- Kommunen ligg signifikant betre an enn landsnivået
- Kommunen ligg signifikant dårlegare an enn landsnivået
- Kommunen er ikkje signifikant forskjellig frå landsnivået
- Kommunen er signifikant forskjellig frå landsnivået
- Ikkje testa for statistisk signifikans
- ◆ Verdien for fylket (ikkje testa for statistisk signifikans)
- ▬ Verdien for landet
- ▬ Variasjonen mellom kommunane i fylket
- ▬ Dei ti beste kommunane i landet

Tema	Indikator (klikkbare indikatornamn)	Kommune	Fylke	Noreg	Eining (*)	Folkhelsebarometer for Ulstein	
Befolkning	1 Andel over 80 år	3,9	5	4,2	prosent		
	2 Personar som bur åleine, 45 år +	23,0	24,2	25,5	prosent		
Oppvekst og levekår	3 VGS eller høgare utdanning, 30-39 år	83	79	80	prosent		
	4 Låginntekt (hushald)	6,5	6,3	7,4	prosent		
	5 Ulikskap i inntekt, P90/P10	2,7	2,6	2,8	-		
	6 Barn av einslege forsørgarar	10	14	15	prosent		
	7 Stønad til livsopphald, 20-66 år	14	16	16	prosent (a,k)		
	8 Bur trengt, 0-17 år	12	14	19	prosent		
	9 Leier bustad, 45 år +	12	12	12	prosent		
	10 Trivst på skulen, 10. klasse	90	85	85	prosent (k)		
	11 Lågaste meistringsnivå i lesing, 5. kl.	22	27	24	prosent (k)		
	12 Fråfall i vidaregåande skule	17	18	20	prosent (k)		
	Miljø skadar og ulykke	13 God drikkevassforsyning	100	85	90	prosent	
		14 Andel tilknytta vassverk	75	90	88	prosent	
15 Luftkvalitet, fint svevestøv		3,5	3,3	5,4	µg/m³		
16 Skadar, behandla i sjukehus		11,5	14,6	13,7	per 1000 (a,k)		
17 Vold, melde tilfelle		6,3	5,2	6,9	per 1000		
18 Nøgd med lokalmiljøet, Ungd. 2019		83	68	68	prosent (a,k)		
19 Trygt i nærmiljøet, Ungdata 2019		90	88	85	prosent (a,k)		
20 Kollektivtilbod, Ungdata 2019		52	50	63	prosent (a,k)		
21 Med i fritidsorganisasjon, Ungd. 2019		77	67	65	prosent (a,k)		
22 Einsemd, Ungdata 2019		12	21	22	prosent (a,k)		
23 Valdeltaking, 2019		64	63	65	prosent		
Helse-relatert åttferd	24 Lite fysisk aktive, Ungd. 2019	13	13	14	prosent (a,k)		
	25 Røyking, kvinner	2,4	5,1	5	prosent (a)		
Helsestetnad	26 Forventa levealder, menn	80,8	80,1	79,4	år		
	27 Forventa levealder, kvinner	84,8	84,3	83,5	år		
	28 Utd.forskjell i forventa levealder	3,3	4	4,9	år		
	29 Fornøgd med helse, Ungd. 2019	77	68	70	prosent (a,k)		
	30 Psykiske sympt./lidingar	129	149	154	per 1000 (a,k)		
	31 Overvekt og fedme, 17 år	24	25	23	prosent (k)		
	32 Hjarte- og karsjukdom	14,6	16,4	17,4	per 1000 (a,k)		
	33 Antibiotikabruk, reseptar (ny def.)	390	315	306	per 1000 (a,k)		
	34 Vaksinasjonsdekning, meslingar, 9 år	95,2	96,1	96,0	prosent		

Forklaring (tal viser til linjenummer i tabellen ovanfor):

* = standardiserte verdiar, a = aldersstandardisert og k = kjønnsstandardisert

1. 2019. 2. 2019, i prosent av befolkninga. 3. 2018, høgaste fullførte utdanning (av alle med oppgitt utdanning). 4. 2018, alle aldre, personar som bur i hushald med inntekt lågare enn 60 % av nasjonal median, og brutto finanskapital under 1G. 5. 2018, forholdet mellom inntekta til den personen som ligg på 90-percentilen og den som ligg på 10-percentilen. 6. 2016-2018, 0-17 år, av alle born det vert betalt barnetrygd for. 7. 2018, omfattar mottakarar av uføretrygd, arbeidsavklaringspengar, arbeidsløsetrygd, overgangsstonad for einslege forsørgarar og tiltaksmottakarar (individstønad). 8. 2018, å bu trengt er definert ut ifrå areal og antal rom i bustaden. 9. 2018, andelen er presentert i prosent av personar i privathushald. 10. Skuleåret 2014/15-2018/19. 11. Skuleåret 2016/17-2018/19. 12. 2016-2018, omfattar elevar busett i kommunen. 13. 2018, definert som tilfredsstillande resultat for E. coli og stabil levering av drikkevatt. Omfattar vassverk som forsyner minst 50 personar. 14. 2018, andel av befolkninga som er knytt til vassverk som forsyner minst 50 personar. 15. 2018, mikrogram per kubikmeter (µg/m³) fint svevestøv (PM2,5) som befolkninga i kommunen er utsett for. 16. 2015-2017, inkludert forgiftingar. 17. 2017-2018, omfattar lovbrott som politiet og påtalemyndigheita har registrert i kategorien vald og mishandling (omfattar ikkje seksuallovbrøt). 18. U.skole, svært eller litt fornøgd. 19. U.skole, opplever at nærområdet er trygt på kveldstid. 20. U.skole, svært bra eller nokså bra tilbod. 21. U.skole, svarer «ja, eg er med nå». 22. U.skole, ganske mykje eller veldig mykje plaga. 23. Kommunestyrevalet. 24. U.skole, fysisk aktiv (sveitt og andpusten) mindre enn ein gong i veka. 25. 2014-2018, fødande som har opplyst at dei røykte i byrjinga av svangerskapet, oppgitt i prosent av alle fødande med røykeopplysningar. 26./27. 2004-2018, berekninga er basert på aldersspesifikk dødelegheit. 28. 2003-2017, vurdert etter forskjellen i forventa levealder ved 30 år, mellom dei som har grunnskule som høgaste utd. og dei som har vidaregåande eller høgare utd. 29. U.skole, svært eller litt fornøgd. 30. 2016-2018, 0-74 år, brukarar av primærhelsetenestene fastlege og legevakt. 31. 2015-2018, KMI som svarar til over 25 kg/m², basert på sjølvrapportert høgde og vekt frå nettbasert sesjon 1. 32. 2016-2018, omfattar innlagde på sjukehus og/eller døde. 33. 2018, 0-79 år, utleveringar av antibiotika ekskl. metenamin på resept. 34. 2014-2018. Datakjelder: Statistisk sentralbyrå, NAV, Norsk pasientregister, Ungdata-undersøkinga frå Velferdsforskningsinstituttet NOVA ved OsloMet, Utdanningsdirektoratet, Vernepliktsverket, Vassverksregisteret, Medisinsk fødselsregister, Primærhelsetenestene fastlege og legevakt (KUHR-databasen i Helsedirektoratet), Hjarte- og karregisteret, Reseptregisteret, Kreftregisteret, Meteorologisk institutt, Valdirektoratet og Nasjonalt vaksinasjonsregister SYSVAK. For meir informasjon, sjå <http://khs.fhi.no>.



ULSTEIN KOMMUNE

6065 Ulsteinvik
Tlf. 70 01 75 00
www.ulstein.kommune.no

 facebook.com/ulsteinkommune

 instagram.com/ulsteinkommune